

*Gunnlaug Daugstad*

## **Ekteskap over landegrensene**

Ekteskapsmønster og transnasjonale  
familieetableringar i perioden 1990-2007

---

*Rapportar* I denne serien publiseres statistiske analyser, metode- og modellbeskrivelser fra de enkelte forsknings- og statistikkområder. Også resultater av ulike enkeltundersøkelser publiseres her, oftest med utfyllende kommentarer og analyser.

*Reports* This series contains statistical analyses and method and model descriptions from the different research and statistics areas. Results of various single surveys are also published here, usually with supplementary comments and analyses.

© Statistisk sentralbyrå, oktober 2008	<b>Standardtegn i tabeller</b>	<b>Symbol</b>
Ved bruk av materiale fra denne publikasjonen, skal Statistisk sentralbyrå oppgis som kilde.	Tall kan ikke forekomme	.
	Oppgave mangler	..
	Oppgave mangler foreløpig	...
ISBN 978-82-537-7449-7 Trykt versjon	Tall kan ikke offentligjøres	:
ISBN 978-82-537-7450-3 Elektronisk versjon	Null	-
ISSN 0806-2056	Mindre enn 0,5 av den brukte enheten	0
	Mindre enn 0,05 av den brukte enheten	0,0
<b>Emne</b>	Foreløpige tall	*
02.02.30	Brudd i den loddrette serien	—
	Brudd i den vannrette serien	
Trykk: Statistisk sentralbyrå	Desimalskilletegn	,

## Samandrag

Rapporten skildrar innvandring på grunnlag av familieetableringar og transnasjonale ekteskapsmønster i dagens Noreg. Ei slik skildring vil hjelpe oss å forstå ulike prosessar rundt innvandringa til Noreg. Det er ein nær samanheng mellom ekteskap og migrasjon. Det er ulike ekteskapsmønster og pardanningsmønster i dagens Noreg, og vi ser i hovudsak på ulike mønster i heile befolkninga, blant innvandrara, blant norskfødde med innvandrarforeldre og blant personar utan innvandringsbakgrunn (i befolkninga elles). Vidare er det ulike mønstre for migrasjonen frå enkelte land, og familieetableringar har ulik verdi for migrasjonen frå enkelte land.

Innleiingsvis skildrar den samansetnaden av befolkninga og innvandrargruppene i Noreg med omsyn til alder kjønn og landbakgrunn per 1.1.2008, og vi skildrar innvandring etter innvandringsgrunn i perioden 1990-2006. Deretter blir sivilstand, sambuarskap/hushaldningar, inngåingar av ekteskap registrert i Noreg presentert (kapittel 3). Omfang av transnasjonale giftarmål registrert i Noreg og innvandring på grunnlag av familieetableringar blir presentert i kapittel 4 og 5. I kapittel 6 oppsummerar vi hovudfunna i rapporten. Hovudfunna kan kort oppsummerast slik:

- I perioden 1990-2007 har det årleg blitt registrert mellom 22 000 og 27 000 giftarmål i Noreg. Ekteskap som involverar to personar i befolkninga elles utgjer ein stadig mindre del av giftarmåla. Frå 84 prosent i 1990 til 62 prosent i 2007.
- Det har vore ei klar auke i transnasjonale giftarmål frå 1996 fram til 2007. Blant menn i befolkninga elles som gifta seg i 2007, var det 10 prosent som gifta seg med ei kvinne som ikkje var busett i Noreg. I 1996 var det til samanlikning 4 prosent. For kvinner i befolkninga elles har det ikkje vore same auken; frå 2 prosent i 1996 til knappe 4 prosent i 2007.
- Blant innvandrara er det store skilnader i omfanget av transnasjonale ekteskap. Mange innvandrara på grunn av ekteskap (ekteskapsmigranten), medan andre innvandrara av andre grunnar og etablerar seg i Noreg.
- Innvandrara med bakgrunn frå Pakistan, Tyrkia og Marokko gifter seg i stor grad transnasjonalt. Innvandrara frå mange flyktninggrupper gifta seg i mindre grad transnasjonalt (som dei med bakgrunn frå Vietnam og Bosnia-Hercegovina). Innvandrara med bakgrunn frå vesteuropeiske land gifta seg i langt større grad med nokon som allereie er busett i Noreg (i befolkninga elles) eller lever i sambuarskap.
- Stadig fleire innvandrara til Noreg på grunn av ei familieetablering. I 1990 var det i alt 1 300 personar frå land utanom Norden som fekk opphald på grunnlag av ei familieetablering, i 2006 var det 4 500.
- I perioden 1990-2006 har det vore flest som har innvandra på grunnlag av ei familieetablering frå Thailand, Pakistan, Tyrkia, Russland og Filippinane.
- Norskfødde med innvandrarforeldre som har gifta seg, ser i stor grad ut til å følgje det same mønsteret som vi ser blant innvandrara med same landbakgrunn. Men dei norskfødde med innvandrarforeldre utsett giftarmålet, og i noko større grad vel dei også sambuarskap som samlivsform.

Rapporten bygger på arbeid utført i Rapport 2006/39 (Daugstad 2006a) og 2004/1 (Lie 2004). Gunnlaug Daugstad ved Seksjon for levekårstatistikk har utarbeidd rapporten. Tabellane om innvandringsgrunn (kapittel 5) er utarbeidd av Kristina Kvarv Andreassen ved Seksjon for befolkningsstatistikk. Kåre Vassenden ved same seksjon har stått for tilrettelegginga av datagrunnlaget og oppbygginga av datasettet som er grunnlaget for kapittel 5 og kapittel 2.3 og 2.4. Tabellane om giftarmål (kapittel 3.4 og kapittel 4) er utarbeidd av Oddveig Selboe, og tabellane om hushaldsstatistikk (kapittel 3.2 og 3.3) er utarbeidd av Kirsten Dybendal, begge ved Seksjon for befolkningsstatistikk. Elles har Vebjørn Aalandslid og Lars Østby har komme med verdifulle innspel til prosjektet.

**Prosjektstøtte:** Prosjekt er finansiert av Arbeids- og inkluderingsdepartementet

## Innhold

<b>Samandrag</b> .....	<b>3</b>
<b>1. Innleiing</b> .....	<b>5</b>
1.1. Bakgrunn .....	5
1.2. Datagrunnlag.....	6
1.3. Omgrep nytta i rapporten .....	8
1.4. Transnasjonale ekteskap – eit meiningsmetta område .....	9
1.5. Oppbygging av rapporten.....	11
<b>2. Demografisk bakteppe</b> .....	<b>12</b>
2.1. Innvandrarar og norskfødde med innvandarforeldre – nesten 10 prosent av befolkninga .....	12
2.2. Mønstre i busetjing og butid i Noreg.....	18
2.3. Innvandring .....	21
2.4. Fire av ti innvandra på grunn av familierelasjonar .....	24
2.5. Oppsummering.....	27
<b>3. Sivilstand, familiemønster og giftarmål</b> .....	<b>29</b>
3.1. Flest gifte blant kvinner frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa .....	29
3.2. Samliv er meir enn giftemål.....	35
3.3. Personar frå Afrika og Asia har dei største hushalda .....	38
3.4. Giftarmål.....	40
3.5. Oppsummering.....	43
<b>4. Transnasjonale giftarmål</b> .....	<b>45</b>
4.1. Transnasjonale giftarmål blant menn og kvinner i befolkninga elles.....	45
4.2. Transnasjonale giftarmål blant innvandrarar .....	50
4.3. Transnasjonale giftarmål blant norskfødde med innvandarforeldre .....	54
4.4. Oppsummering.....	58
<b>5. Familieetableringar over landegrensene</b> .....	<b>60</b>
5.1. Familieetableringar til menn og kvinner i befolkninga elles .....	60
5.2. Familieetableringar til innvandrarar og norskfødde med innvandarforeldre .....	64
5.3. Kjem dei til personar med same bakgrunn som seg sjølv? .....	69
5.4. Unge ankerpersonar.....	71
5.5. Familieetableringar – meir viktig for nokon grupper enn andre .....	73
5.6. Oppsummering.....	76
<b>6. Ekteskap, kjønn og migrasjon</b> .....	<b>78</b>
6.1. Ulike samlivsmønster .....	78
6.2. Tett samanheng mellom ekteskap og migrasjon .....	81
6.3. Kvifor giftar mange innvandrarar og norskfødde med innvandarforeldre seg endogamt? .....	83
6.4. Kvifor giftar menn og kvinner i befolkninga elles seg transnasjonalt? .....	85
6.5. Eit faktabasert kunnskapsgrunnlag .....	86
<b>Referansar</b> .....	<b>88</b>
<b>Vedlegg: Tabellar</b> .....	<b>90</b>
<b>Figur- og tabellregister</b> .....	<b>108</b>

# 1. Innleiing

## 1.1. Bakgrunn

I denne rapporten skal vi gje eit bilete av omfanget av *transnasjonale giftarmål* i perioden 1996-2007 og innvandring på grunnlag av *familieetableringar* i perioden 1990-2006. Rapporten er ei vidareføring av arbeidet med familieetableringar gjort i Rapport 2006/39, og ei vidareføring av analyser av transnasjonale ekteskapsmønster som både er gjort i Rapport 2006/39 og Rapport 2004/1.

Ekteskapsmønster og migrasjonsmønster viser at det er tydelige samanhengar mellom ekteskap og migrasjon. I 2006 var det 4 500 som fekk opphald i Noreg på grunnlag av ei familieetablering. Nesten 57 prosent av desse kom til ei ektefelle utan innvandrarbakgrunn (i rapporten omtala som befolkninga elles), medan 40 prosent av kom til ei ektefelle som sjølv hadde innvandra. Dei resterande 3 prosent kom til ein ankerperson (den herbuande parten) som var norskfødde med innvandrarforeldre. Dei største gruppene som fekk opphald på grunnlag av familieetableringar i 2006, var personar frå Thailand (600 personar), Pakistan (240), Filippinane (230) og Russland (220).

Giftarmåla som vi rettar mest merksemda mot i denne rapporten, er dei ekteskapa der den eine parten ikkje er busett i Noreg når giftarmålet blir inngått. Når to personar som giftar seg er busett i ulike land, må minst ein av partane flytte for at dei skal bu saman. Vi vil i rapporten legge vekt på å skildre mønstre i pardanning og ekteskap i heile befolkninga, blant innvandrara og norskfødde med innvandrarforeldre for å danne eit større bilete.

Forholdet mellom ekteskap og migrasjon er samansett. I hovudsak kan ein skissere opp forholdet gjennom tre ulike scenarium:

- Ein person innvandrar til Noreg i vaksen alder og er allereie etablert i ein familie i heimlandet før innvandringa. I dette tilfellet kan fleire ting følgje av dette: a) innvandrararen kan få familieattforeining med familien sin etter innvandringa, b) familien og ekteskapet kan oppløysast, eller c) paret kan halde fram med å bli buande i kvart sitt land og kanskje på sikt bli sameint i heimlandet.
- Migrasjonen kan skje i forkant av at innvandrararen har etablert seg i eigen familie og uavhengig av ei familieetablering. I slike tilfeller kan vi skildre ekteskaps- og pardanningsåtfærd i Noreg. Ein kan då tenke seg ulike scenarium: a) innvandrararen kan finne ei ektefelle i sitt nye heimland (Noreg), b) i sitt tidlegare heimland, c) eller med ein i eit tredje land, eller d) innvandrararen kan velje å *ikkje* gifte seg eller å leve i sambuarskap.
- Innvandrararen kan ha etablert seg med ein ektefelle busett i Noreg i eit nytt forhold, før dei flyttar til Noreg. Denne personen vil innvandre på grunnlag av dette ekteskapet. Denne innvandrararen kan kallast *ekteskapsmigranten*, uavhengig av om den herbuande parten sjølv er innvandrar, norskfødde med innvandrarforeldre eller i befolkninga elles.

Det første scenariet blir skildra så vidt i kapittel 2 og 3, men er meir detaljert skildra i Daugstad 2006a og Lie 2004. Data frå Levekårsundersøkinga blant ti grupper av innvandrara og norskfødde med innvandrarforeldre, viser at 5 prosent av dei spurte som var gift (eller sambuande) sa at dei ikkje budde saman med ektefellen. For irakarar var delen på 7 prosent og for somaliarar 23 prosent (Blom og Henriksen 2008).

Det andre scenariet; ekteskaps- og pardanningsåtfærd blant innvandrara blir skildra i kapittel 3 og 4. Ekteskaps- og pardanningsåtfærd er eit samansett fenomen, og heng saman med både demografiske faktorar og preferansar som kvar enkelt person og kvar enkelt familiegruppe legg vekt på (jamfør Kalminj 1998). Demografiske faktorar, som mønstre i busetjinga i Noreg, kjønns- og alderssamansetnaden og

gruppa si storleik vil vi skildre i kapittel 2. Vi ser på kor mange som er gift i ulike grupper av befolkninga og kor mange som er sambuarar i kapittel 3. Vi vil særleg legge vekt på dei transnasjonale ekteskapsmønstra i kapittel 4 og 5. I den tidlegare nemnde Levekårsundersøkinga blant innvandrarar, kjem det fram at ein av tre gifte unge norskfødde med bakgrunn frå Pakistan, Tyrkia og Vietnam har ektefellen sin busett i utlandet (Løwe 2008).

Det tredje scenariet, *ekteskapsmigrantane*, vil vi særleg skildre i kapittel 5 med eit fokus på kven dei kjem til her i Noreg og frå kva land dei kjem dei som har fått opphald på grunnlag av ei familieetablering. Er ankerpersonen sjølv innvandrar, eller norskfødd med innvandrarforeldre eller i befolkninga elles? Og kva slags ulike trendar ser vi? Dette blir også skildra i kapittel 4.

For alle dei tre scenaria ligg det til grunn at den eine parten er busett i Noreg. I rapporten vil vi skildre transnasjonale giftarmål med utgangspunkt i den busette parten (kapittel 3 og 4). Derfor vil vi også legge vekt på pardannings- og ekteskapsmønster blant menn og kvinner i befolkninga elles og norskfødde med innvandrarforeldre. Dette er viktig både for det andre det tredje scenariet. Vi skildrar mønster i pardanning både i kapittel 3, 4 og 5. Eit ekteskap blir inngått mellom to partar, og vi vil skildre transnasjonale giftarmål ved å både sjå på den herbuande parten (kapittel 4) og ekteskapsmigranten (kapittel 5). Kapittel 4 og 5 vil dermed spegla kvarandre i stor grad, men vil ha ulike datakjelder. Til saman blir dette ein brei kunnskapsstatus om området.

## 1.2. Datagrunnlag

### Befolkningsstatistikk

Statistikken nytta i rapporten er basert på opplysningar frå Det sentrale folke-registeret (DSF). Etter 1946 har det i kvar enkelt kommune vore eit lokalt folkeregister som skal føre register over alle personar som er busett i kommunen i samsvar med lov om folkeregistrering og føreskriftene til lova. Det blei innført meldeplikt på inn- og utflytting i 1946. I 1964 blei det oppretta eit Sentralt folkeregister, som ein overbygning over dei lokale. Oppdateringane i DSF blir delvis gjort av dei lokale folkeregisterkontora, som er knytte til registerbasen (DSF) via terminalar, delvis sentralt i Skattedirektoratet. Grunnlaget for statistikken over endringar i befolkninga er elektroniske kopiar til Statistisk sentralbyrå av alle slike meldingar som oppdaterar registeret. Meldingane oppdaterar dessutan ein egen befolkningsdatabase i Statistisk sentralbyrå utvikla for statistikkformål. Denne befolkningsbasen dannar grunnlaget for statistikken over befolkninga si samansetnad og befolkningsendringar. Sjå: <http://www.ssb.no/emner/02/01/10/innvbef/>.

### Registrerte inngåingar av ekteskap

Det statistiske materialet i kapittel 4 omfattar vigslar og registrerte inngåingar av partnerskap der minst ein av ektefellane/partnarane var busett i Noreg. Melding av vigslar blir sendt til vigselmannen i det lokale folkeregisteret. Meldingar som blir mottatt om ekteskap som blir inngått i utlandet av personar busett i Noreg, blir også tatt med. Sjå: <http://www.ssb.no/emner/02/02/30/ekteskap/>.

Det er grunn til å tru at mange av dei som gifter seg med ein person som ikkje er busett i Noreg og som registrerar ekteskapet hos norske myndigheiter (vigselmannen), kjem til å søke om busettingsløyve for ektefellen. Men det er sjølvstøtt ikkje ein heilt eintydig samanheng her. Det er også mulig at den parten som er busett i Noreg flyttar til ektefellen sitt heimland, men det er vanskeleg å seie om dei då ville registrere ekteskapet i Noreg. Det kan også hende at nokon gifter seg, men at det tar lang tid før dei to partane flyttar saman. I slike tilfelle kan det også hende at ekteskapet ikkje blir registrert i Noreg, om partane ikkje slår seg ned her.

Truleg kan vi gå utifrå at ekteskap ikkje blir registrert om det ikkje er nødvendig eller på andre måtar av interesse for paret. Interessa for å registrere ekteskapet vil vere minst i dei tilfella paret ikkje har tenkt å busette seg i Noreg.

### Statistikk om innvandringsgrunn

Statistikken om innvandringsgrunn nytta i kapittel 2 og 5 omfattar alle med ikkje-nordisk statsborgarskap som innvandra til Noreg for første gong mellom 1990 og 2006. Datagrunnlaget er opplysningar frå Utlendingsdatabasen (DUF) i UDI. Desse opplysningane er igjen kobla til SSB sitt befolkningsstatistiske system. Arbeidstakarar på korttidsopphald (under seks månader) skal ikkje registrerast, og er ikkje her rekna med i omgrepet arbeidsinnvandring. Utanlandsadopterte er ikkje med fordi dei ikkje er rekna som innvandrarar.

Statistikken er delt inn i fire ulike hovedgrunnar til å få opphald i Noreg: Flukt, familie, arbeid, utdanning. Familieinnvandring er alle som har fått opphald på grunnlag av familierelasjonar, uavhengig av om den parten som allereie var busett i Noreg var innvandrar eller ikkje. I tillegg er det nokre andre opphaldsgrunnar, som vi ikkje kan kategorisere under nokon av desse gruppene. Denne siste gruppa utgjør ein svært liten del av totalen. Sjå: [www.ssb.no/emner/02/01/10/innvgrunn/](http://www.ssb.no/emner/02/01/10/innvgrunn/).

I denne rapporten ser vi mest på dei som har fått familieetablering som innvandringsgrunn (kapittel 5). I statistikken blir *familieinnvandring* delt inn i underkategoriane sameining, medfølging og etablering/utviding. Skiljet er fram til 2005 i hovudsak basert på ei vurdering av innvandrarar sin eigen og referansepersonen sin første innvandringsdato, vigseldato (der det er relevant) og dei registreringane som finnes i tilgjengelege datakjelder. Det vil seie at dei grenseverdiane som er brukt i klassifiseringa er sett etter skjønn. I prinsippet blir ein sameint når forholdet blei inngått før den første kom til Noreg. Etablering blir det når forholdet blir inngått etter at den første innvandrarar kom til Noreg, eller når den eine parten er født i Noreg, men før eller på same tid som den siste innvandrarar kom til Noreg. Slike skilje kan vere teoretisk, men i praksis er det på kombinasjon av datoar som faktisk finnes (vigseldato, eigen innvandringsdato, partnarar sin innvandringsdato), glidande overgangar og ingen naturlege skilnader. Dette gjer at det i bearbeidinga av data blir ei skjønnsvurdering for kvart enkelt tilfelle på det teoretiske planet. Frå 2005 er desse opplysningane registert i UDIs register slik at ankerpersonen (referansepersonen) kan identifiserast enklare.

### Familiar og hushald

Statistikken om familiar og hushald som vi nyttar i denne rapporten, er laga utifrå kvar personane var registrert busett per 1. januar 2008 (formell bustad). Det betyr mellom anna at alle ugifte studentar som er registrert busett hos foreldra, er talt opp i foreldra sine hushald. I intervjuundersøkingar er det respondenten sjølv som oppgjev sin faktiske bustad. Erfaringsmessig vil statistikk som er basert på register og formell bustad i gjennomsnitt gje noko større hushald, færre som bur aleine og færre sambuarar enn statistikk som er basert på intervjuundersøkingar og faktisk bustad.

Gruppering av personar til familiar foretas i DSF ved hjelp av eit familienummer som er knytt til kvar enkelt person. Familienummera blir haldt à jour ved meldingar om vigsler, skilsmissar, dødsfall, flyttingar med vidare. Som familiar regnast her ektepar med og utan barn, mor/far med barn og familiar på ein person. Berre barn som er registrert på same adresse som foreldra blir rekna med i familien.

For også å kunne gi tal for sambuarar og fleirfamiliehushald, og dermed alle typar familiar og hushald, blir folkeregisteropplysningane bearbeidd i Statistisk sentralbyrå. Sjå: <http://www.ssb.no/familie/>.

### 1.3. Omgrep nytta i rapporten

I rapporten brukar vi ei rekke omgrep som det er viktig å definere:

#### **Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre**

*Innvandrarar* er dei som sjølv har innvandra til Noreg, og er født i utlandet av to foreldre fødde i utlandet. Innvandrararen har på eit eller anna tidspunkt flytta til Noreg, som barn eller vaksen.

*Norskfødde med innvandrarforeldre* – eller personar født i Noreg av to utanlandsfødde foreldre og har fire utanlandsfødde besteforeldre.

Menn og kvinner i *befolkninga elles* er dei som ikkje er innvandrarar eller norskfødd med innvandrarforeldre. Desse kan ha ein utanlandsfødd forelder.

#### **Landbakgrunn**

Vi brukar opplysningar om innvandrarar eller norskfødde med innvandrarbakgrunn sin landbakgrunn. For innvandrarar er landbakgrunn personens eige fødeland. For norskfødde med innvandrarforeldre er landbakgrunnen foreldra sitt fødeland. I dei tilfella foreldra er registrert med ulike fødeland, er det mors fødeland som er valt.

Vi brukar i rapporten ulike grupperingar av landbakgrunn. Vi vil i stor grad nytte grupperingar av landbakgrunn etter verdsdel: Europa, Asia med Tyrkia, Afrika, Nord-Amerika og Oseania, Sør og Mellom-Amerika. I tillegg vil vi nytte ei oppdeling av Europa etter Norden, Vest-Europa elles og Aust-Europa, som er tidlegare politisk definert og omfattar landa Albania, Bosnia-Hercegovina, Bulgaria, Estland, Kviterussland, Kroatia, Kosovo, Latvia, Litauen, Makedonia, Moldova, Montenegro, Polen, Romania, Russland, Serbia, Slovakia, Slovenia, Tsjekkia, Ukraina og Ungarn. I nokon samanhengar vil vi også dele inn Aust-Europa inn i nye EU-land i Aust-Europa og Aust-Europa elles.

Vi vil i nokon samanhengar gruppere saman personar med bakgrunn frå Norden, Vest-Europa elles, Nord-Amerika og Oseania, og samanlikne desse med ei gruppering basert på personar med bakgrunn frå Asia (inklusive Tyrkia), Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa. Denne inndeling har tidlegare blitt kalla vestlege og ikkje-vestlege land, og skildrar i hovudsak land som er underlagt få innvandringsrestriksjonar, og land som er underlagt mange innvandringsrestriksjonar. Og akkurat denne inndeling har difor først og fremst relevans for tida før opninga av grensene for dei nye EU-landa i Aust-Europa, dvs. fram til 2004. I denne rapporten skildrar vi derimot dei lange linjene frå 1990 og framover, og ei slik inndeling vil difor ha relevans.

#### **Transnasjonale giftarmål/ekteskapsinngåingar**

I denne rapporten definerar vi transnasjonale giftarmål som ekteskapsinngåingar mellom ein person som er busett og ein person ikkje er busett i Noreg. Den eine parten er busett i Noreg ved inngåinga, medan den andre parten ikkje var folkeregistrert i Noreg på same tid. Omgrepet beskriv ekteskap eller pardanning der partane er registrert busett i ulike land når ekteskapet blir inngått, og omfattar både giftarmål der den busette parten er i befolkninga elles, sjølv har innvandra eller er norskfødd med innvandrarforeldre. Registrering av ekteskapet kan danne grunnlag for at den parten som ikkje er busett kan søke opp opphald i Noreg på grunnlag av ei *familieetablering*.

#### **Familieetablering**

I denne rapporten omtalar vi familieetableringar som løyve om opphald i Noreg på grunnlag av eit nytt forhold (ekteskap/sambuarskap/partnarskap). I rapporten "Grenseløs kjærlyghet?" (Daugstad 2006a) blei det for første gong gitt eit bilete av omfanget av familieetableringar. Datagrunnlaget var då framleis under utvikling, og blei gitt med atterhald. Datagrunnlaget er vidareutvikla etter dette, og SSB har i

2006 og 2007 publisert statistikk over innvandringsgrunn som ein del av den ordinære statistikken, derunder familieetableringar (sjå 1.2).

### **Ankerperson**

Ankerpersonen er referansepersonen eller den herbuande parten ved familieinnvandring. I dei tilfella der ankerpersonen ikkje er kjend i UDI-dataene, blir slektskapsrelasjonar i DSF brukt for å finne fram til ektefelle, barn, foreldre eller søsken som kan tenkast å ha vore ankerperson ved første innvandring. I denne prosessen har ektefelle forrang framfor dei andre kategoriane. Metoden finn fram til personar som *kan* ha vært ankerperson for innvandrarar som må ha hatt ein (fordi dei har fått opphald på grunnlag av familie), men den gir ikkje med sikkerheit at den identifiserte personen faktisk og juridisk var ankerpersonen.

### **Endogami og eksogami**

Omgrepsparet skildrar den tendensen ulike slektsgrupper har til å gifte seg innan (endogami) eller ut av (eksogami) slektsgruppa (Hylland Eriksen 1993:100). I denne rapporten blir omgrepsparet til å skildre i kva grad ulike innvandrargrupper har ein tendens til å gifte seg med personar med same landbakgrunn (endogame) og gruppene sin tendens til å gifte seg med personar med ein annan landbakgrunn enn sin eigen (eksogame).

## **1.4. Transnasjonale ekteskap – eit meiningsmetta område**

Familieinnvandring og ekteskapsmønster er eit område som er svært meiningsmetta og har tidvist sterk merksemd. På den eine sida er ekteskap og pardanning det mest private og kanskje ei av dei viktigaste avgjerslene som to personar gjer, på den andre sida er ekteskapet ei juridisk kontrakt mellom to partar (Torbjørnsrud 2005). I dei tilfella der den eine ektefellen ikkje er busett i Noreg, blir dette eit fenomen som ikkje lenger berre blir mellom dei to partane og dei juridiske pliktene dei har overfor kvarandre, men også ein del av innvandringspolitikken. Nasjonalstaten sine innvandringslover vil ikkje berre påverke innvandringa til Noreg, men også dei transnasjonale ekteskapsmønstra. I arbeidet med ny utlendingslov var det tre ulike problematiseringar rundt transnasjonale ekteskap som særleg kom til uttrykk: 1) Problem knytt til tvangsekteskap, 2) Problem knytt til mishandling eller utbytting av kvinner frå fattige land som giftar seg med menn busett i Noreg, og 3) Problem knytt til omgåing av dei innvandringsregulerande reglane gjennom inngåingar av proforma ekteskap (Ot.prp. nr. 75(2006-2007): Om lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her i landet (utlendingsloven)). I tillegg har dei integrasjonsmessige utfordringane vore ein viktig del av debatten. Vi skal referere kort til ulike trekk ved debatten.

### **Transnasjonale ekteskap og tvang**

I arbeidet med ny utlendingslov blei særleg problematikken rundt tvangsekteskap trekt fram. Det er særleg dei transnasjonale ekteskapa som blir knytt til grad av fridom og tvang i inngåinga av ekteskapet og grad av arrangement (Ot.prp.nr.75 (2006-2007): Om lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her i landet (utlendingsloven)), og då ekteskap der den herbuande parten sjølv er innvandrar eller norskfødd med innvandrarbakgrunn. Det finnes ikkje noko sikkert talmateriale som viser kor omfattande tvang eller alvorleg press er i praksis. Det ligg til dels i fenomenet sin natur; det er ei subjektiv oppleving for den personen som opplever dette, og vil truleg også variere i forhold til kva del av ekteskapsprosessen ein person er i. Det blei utarbeidd ei kartlegging av tvangsekteskapsaker i hjelpeapparatet, i arbeidet med Handlingsplan mot tvangsekteskap 2008-2011 (Bredal og Skjerven 2007). I rapporten blei dei ulike registreringsrutinane i dei ulike delane av hjelpeapparatet drøfta, og dei ulike registrerte "sakene" talt opp. Konklusjonen i rapporten var at desse "sakene" truleg var toppen av eit isfjell.

Tvangsekteskap - er noko kort fortalt – ein omgrep på eit avvik frå arrangert ekteskap. Men tvangsekteskap eller æresrelatert vold er først og fremst fenomen som ein reknar med er eit problem for unge kvinner og menn med bakgrunn frå

asiatiske og afrikanske land der familiearrangerte ekteskap er utbredt (sjå mellom anna Bredal 2006 og Bredal og Skjerven 2007). Arrangert ekteskap er ei ekteskapsform som praktiserast i store delar av verda. Det kan vere vanskeleg å skilje mellom arrangert ekteskap, tvangsekteskap og også æresrelatert vold. Det faktum at det er glidande overgangar mellom mildt press og tvang, gjer det ikkje lettare (Schmidt og Jacobsen 2004, Bredal 2006).

I Handlingsplan mot tvangsekteskap 2008-2011 (2007) frå Barne og likestillingsdepartementet, blir det lista opp ei rekke tiltak som skal vere med på å førebygge tvangsekteskap, mellom anna ved hjelp av minoritetsrådgjevarar på ulike skular der det er mange elevar med minoritetsbakgrunn. Det målretta arbeidet blir også her i stor grad knytt til dei transnasjonale giftarmåla.

### **Integrasjonsmessige utfordringar**

Påstandar om at nokon brukar transnasjonale giftarmål som middel for å få løyve til opphalds- og busetjing for slektningar og fører til dårlegare integrering i stadig nye generasjonar, var eitt av elementa i debatten om ny utlendingslov (Storhaug 2006). I Høyringsbrevet "Beskyttelse mot tvangsekteskap – tiltak for å motvirke at unge personer sendes til og holdes tilbake i opprinnelseslandet for å tvangsgiftes" datert 12.10.2006

([www.regjeringen.no/nb/dep/aid/dok/hoeringer/hoeringsdok/2006/](http://www.regjeringen.no/nb/dep/aid/dok/hoeringer/hoeringsdok/2006/)) blir det også påpeika dei integrasjonsmessige utfordringane ved at mange ektefellar blir "henta" frå utlandet. For barn vil det innebere at dei veks opp i ein familie der den eine av foreldra er innvandrar. Det kan bety at barna veks opp i ei familiekontekst der det berre blir snakka opphavlandet sitt språk og der opphavlandet verdiane og tradisjonar er rådande. Ved omfattande bruk av transnasjonale ekteskapsinngåingar, både dei som blir inngått frivillig og dei som blir inngått under tvang, vil stadig fleire unge menneske i innvandarmiljøa ikkje ha fått del i ei felles plattform i det norske samfunnet gjennom norsk skulegang.

Vidare blir det påpeikt i høyringsbrevet at verdiane som i Noreg blir sett på å vere grunnleggande, som respekt for individet, kjønnslikestilling og fridom, blir dermed ikkje nødvendigvis ei sjølvfølge for alle. Det blir slik lagt opp til at eit stort omfang av transnasjonale ekteskapsinngåingar i enkelte minoritetsmiljø vil gjere at tilpassinga på eit overordna nivå tar lengre tid, ei tilpassing som i seg sjølv kunne vere med på å motvirke tvangsekteskap. I NOU 2004: 20 heiter det mellom anna at dei gruppene i Noreg som praktiserar tradisjonar med arrangerte ekteskap, også er grupper som generelt møter betydelege utfordringar i forhold til sin tilpassing. "I et bredere perspektiv kan tradisjonen med arrangerte ekteskap i visse sammenhenger bidra til å skape og bevare etniske minoritetsmiljøer som eksisterer utenfor storsamfunnet" (NOU 2004: 20 side 241).

### **Transnasjonale ekteskap blant kvinner og menn i befolkninga elles**

Transnasjonale ekteskap mellom personar i befolkninga elles og ein utanlandsk statsborgar er via mindre merksemd i den offentlege debatten. På mange måtar fell desse personane mellom den tradisjonelle tenkemåten rundt statlege program for integrering (Huitfeldt og Kavli 2004). Menn og kvinner som kjem til Noreg for å etablere seg i eit parforhold med ein norsk eller nordisk borgar, har til dømes rett og plikt til 300 timar norskopplæring, men ikkje rett til deltaking i introduksjonsprogrammet for nyankomne utlendingar.

I den grad det blir retta fokus mot transnasjonale ekteskap der ankerpersonen er i befolkninga elles, er dette i forhold til utbytting av kvinner frå eit fattigare land. Mellom anna gjennom å sjå på transnasjonale serie-ekteskap (sjå mellom anna Lidén 2006), eller i eit trafficking-perspektiv der transnasjonale ekteskap også knytt til at ein del av desse kvinnene endar i prostitusjon (Brunowski og Tyldum 2005 og 2004). I tillegg blir det retta eit betydeleg fokus på at det er mindre likestilling i forhold der mannen er i befolkninga elles og kvinna kjem frå eit austuropeisk eller asiatiske land (sjå mellom anna Lotherington 2007).

**Rett og plikt til deltaking i introduksjonsprogram** gjeld for nykomne utlendingar mellom 18 og 55 år som har behov for grunnleggjande kvalifisering og som: a) har fått asyl, b) har fått løyve om opphald på humanitært grunnlag, etter asylsøknad, c) har fått kollektiv vern i massefluktsituasjon, d) er overføringsflyktning med løyve om innreise, eller e) er sameint som familie til personar nemnd under punkta over ( <http://www.imdi.no>).

### **Statistikk viser ikkje grad av kjærleik, arrangement eller tvang**

Denne rapporten kan ikkje gi svar på omfang av desse problematiske felta, men gi eit bilete av omfanget av transnasjonale ekteskapsinngåingar og familieetableringar over landegrensene.

Statistikken i denne rapporten kan vise omfang av giftarmål, alder, kjønn og generasjon, og giftarmål over landegrensene. Men statistikk kan ikkje måle grad av kjærleik eller tvang/vald/utbytting i eit ekteskap. Statistikk er ikkje eit reiskap til å sjå om eit ekteskap er arrangert av partane sin familie, eller av paret sjølv. Vi skal difor vere varsam med å bruke statistikken i denne rapporten til å danne eit bilete av omfang av tvangsekteskap, proforma ekteskap eller om kvinner (eller menn) blir utbytta i eit forhold eller i ein migrasjonsstrategi.

Rapporten gir derimot eit empirisk bakteppe som slike vurderingar bør settast opp mot.

I Levekårsundersøkinga blant innvandrarar (Blom og Henriksen 2008), blei det spurt ein del spørsmål til unge innvandrarar og norskfødde med foreldre frå Tyrkia, Pakistan og Vietnam om grad av involveringa ved ekteskapsinngåinga (16-25 år). Av dei som var gift var det to av tre som sa dei hadde svært stor innflytelse medan få sa dei hadde svært lita påverknad både på avgjersla om å gifte seg og valet av ektefelle (Løwe 2008:22). Slike tal må relaterast til det store biletet av ekteskaps- og pardanningsåtfærd som blir skissert her.

## **1.5. Oppbygging av rapporten**

Først gir vi eit demografisk oversiktsbilete i kapittel 2. Status per 1.1.2008, endringar og innvandring etter innvandringsgrunn i perioden 1990-2006. I kapittel 3 blir sivilstand og familiestatus per 1.1.2008. Vidare beskriv vi inngåingar av giftarmål i perioden 1990-2007, med mest vekt på det siste året. Det blir lagt vekt på å skildre pardanning etter alder og giftarmål. I kapittel 4 viser inngåingar av ekteskap med særleg vekt på dei transnasjonale giftarmåla, i perioden 1996-2007. Kapittel 5 skildrar dei som har fått opphald i Noreg på grunnlag av ei familieetablering. Vi ser på ankerpersonens innvandrarkategori og alder. Kapittel 6 oppsummerar hovudtrekka i rapporten.

## 2. Demografisk bakteppe

I dette kapitlet skal vi danne oss eit bakteppe for å forstå omfanget av familieinnvandring og transnasjonale ekteskapsinngåingar. Vi ser nærare på demografiske strukturar blant innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre, etter landbakgrunn, innvandringsgrunn, kjønn, alder og kor lenge dei har budd i Noreg. Når vi skildrar struktur og endringar i befolkningsgrupper, er dette to sider av same sak. Endringar i samansetninga av gruppa av innvandrarar, har som føresetnad at det har skjedd ein innvandring. Endringar i samansetnaden av norskfødde med innvandrarforeldre, er ein konsekvens av ekteskapsmønster og innvandringsmønster. Vi skal også skildre innvandringa i perioden 1990-2006, etter innvandringsgrunn for personar med bakgrunn frå andre land enn Norden. Innvandring heng nøye saman med innvandringspolitikk, og innvandringa og ulike migrasjonsmønstrar vil påverke samansetnaden av innvandrarbefolkninga og samansetnaden i dei enkelte innvandrargruppene. Vidare vil kjønnsamansetnaden blant dei i alderen 20-44 år gje oss eit inntrykk av kor mange menn og kvinner som er i ein alder der ekteskap er aktuelt. Dette demografiske bakteppet er viktig fordi kjønnsamansetnaden, storleiken på gruppene og mønstre i busetnaden i Noreg kan påverke ekteskapsmønster, samstundes som dette er eit resultat av ekteskapsmønster og migrasjonsmønster.

### 2.1. Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre – nesten 10 prosent av befolkninga


Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre i Noreg talde 460 000 personar ved inngangen til 2008, noko som utgjorde nesten 10 prosent av heile befolkninga. Av disse hadde 381 000 innvandra sjølv og 79 000 var norskfødde med to innvandrarar. Sidan 1970 har denne gruppa blitt dubla nesten åtte gongar. På byrjinga av 1970-talet bestod den av 33 000 kvinner og 26 000 menn, omtrent 1,5 prosent av befolkninga. I 1970 hadde 85 prosent av innvandrarane og norskfødde med innvandrarforeldre bakgrunn frå Norden, Vest-Europa og Nord-Amerika, medan desse berre utgjorde 25 prosent ved inngangen til 2008.

#### Flest polakkar

I personstatistikken finnes det knapt ei meir samansett gruppe enn det som SSB kallar for innvandrarar. I tillegg til at dei har bakgrunn frå 213 ulike land og sjølvstyrte regionar, omfattar denne gruppa både personar som har innvandra sjølv i ung alder og som vaksne. I tillegg er gruppa av norskfødde med innvandrarforeldre også ei gruppe som får stort fokus. Denne gruppa blir ofte samanlikna med innvandrarar, men dei har alle blitt fødd i Noreg

Ved inngangen til 2008 var den største gruppa av innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre, personar med bakgrunn frå Polen med 32 000 personar (sjå figur 2.1). Deretter fylgjer dei med bakgrunn frå Pakistan med om lag 29 000 personar. Polakkar, svenskar og irakarar utgjer dei tre største gruppene av innvandrarar ved inngangen til 2008. Delen norskfødde med innvandrarforeldre er avhengig av både innvandringshistorikk og ekteskapsmønster. Når det gjeld polakkar har majoriteten her budd svært kort tid i Noreg, dermed har dei ikkje hatt tid til å få barn i Noreg i så stor grad. For andre europeiske innvandrarar er det slik at dei fleste som får barn i Noreg, får barn med ein person i befolkninga elles. Desse barna vil ikkje bli tald med som norskfødde med innvandrarforeldre. For pakistanske innvandrarar skuldast det store innslaget av norskfødde med innvandrarforeldre både at dei har budd lenge i Noreg og ekteskapsmønsteret.

**Figur 2.1** Dei 20 største gruppene av innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre, per 1.1.2008




Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### Mange innvandrere er unge

Blant innvandrere er det relativt sette mange unge voksne, samanlikna med heile befolkninga. Det vil derfor vere prosentvis fleire som er i ein alder der dei etablerar seg, det vil seie i alderen 20-44 år. I heile befolkninga er det 34 prosent som er i denne aldersgruppa, mot 61 prosent blant innvandrere med bakgrunn frå Asia, Afrika, Aust-Europa og Latin- Amerika. Blant innvandrere med bakgrunn frå Norden, Vest-Europa, Nord-Amerika og Oseania, er 46 prosent i alderen 20-44 år.

**Figur 2.2.** Heile befolkninga og innvandrere, og innvandrere med bakgrunn frå Norden, Vest-Europa, Nord-Amerika og Oseania eller bakgrunn frå Asia, Afrika, Aust-Europa og Latin- Amerika. 1.1.2008. Prosent



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### Sju av ti innvandrere kjem frå eit land i Afrika, Asia, Aust-Europa og Latin-Amerika

Dersom vi ser berre på innvandrarane, har dei aller fleste bakgrunn frå eit land i Afrika, Asia m/Tyrkia, Aust-Europa og Latin-Amerika. I tabell 2.1 viser vi dei 25 største gruppene av innvandrere ved inngangen til 2008, og tilsvarende storleik i desse gruppene i 1990 og 1970. Som vi kan sjå er den største gruppa av inn-

vandrara, menn og kvinner med bakgrunn frå Polen. Dette er ei ny innvandrargruppe, og dei fleste har innvandra etter opninga av grensene mot dei nye EU-landa i Aust-Europa. Deretter følgjer innvandrara med bakgrunn frå Sverige, Irak og Danmark. Innvandrara frå Pakistan er den sjuande største gruppa. Innvandrara frå Pakistan tilhøyrer saman med tidlegare Jugoslavia, India, Tyrkia og Marokko, dei første innvandrargruppene frå asiatiske, afrikanske og austeuropeiske land. Arbeidsinnvandringa frå desse landa byrja på slutten av 1960 talet og fram til innvandringsstoppen i 1975, deretter kom familien etter. Polen, Tyskland og Litauen tilhøyrer dei "nye" arbeidsinnvandringslanda.

Kjønnsfordelinga har endra seg over tid i nokon av gruppene. Om vi til dømes ser på innvandrara frå Pakistan og Tyrkia, var det i 1970 ni av ti som var menn. Ved inngangen til 2008 var det blitt ei mykje jamnare kjønnsballanse, med 52 og 56 prosent menn. Blant europearar var det fleire kvinner enn menn i 1970. Blant britar og tyskarar var to av tre kvinner i 1970, ved inngangen til 2008 var dette underskottet av menn blitt til eit overskott. Det same mønsteret ser bli blant nederlendarar og amerikanarar.

**Tabell 2.1. Innvandrara etter kjønn, dei 25 største gruppene ved inngangen til 2008. 1970, 1990 og 2008**

	1970			1990			2008		
	I alt	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner
Innvandrara i alt	57040	25045	31995	150973	79072	71901	380644	192964	187680
Land i Norden, Vest-Europa, Nord-Amerika og Oseania	48224	19618	28606	74277	34450	39827	106150	54306	51844
Land i Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa	8816	5427	3389	76696	44622	32074	274494	138658	135836
<i>Av dette...</i>									
Polen	1146	806	340	4269	1929	2340	30636	20856	9780
Sverige	10975	4151	6824	12282	4891	7391	25081	12067	13014
Irak	17	13	4	716	523	193	18132	10520	7612
Danmark	11683	5267	6416	17483	8111	9372	17775	8924	8851
Tyskland	5104	1732	3372	6410	2615	3795	16348	8603	7745
Somalia	3	3	0	1303	937	366	16208	8750	7458
Pakistan	162	143	19	10422	6101	4321	16110	8341	7769
Bosnia-Hercegovina	-	-	-	-	-	-	13130	6479	6651
Iran	40	27	13	5178	3434	1744	12626	6997	5629
Vietnam	20	12	8	7441	4218	3223	12571	6036	6535
Russland	40	14	26	56	17	39	11869	3999	7870
Storbritannia	4609	1556	3053	11340	6218	5122	11145	6763	4382
Tyrkia	231	206	25	4943	3053	1890	9819	5568	4251
Filippinane	70	31	39	3063	852	2211	9671	1841	7830
Thailand	29	21	8	1071	181	890	9448	1439	8009
Sri Lanka	22	18	4	4570	3207	1363	8264	4306	3958
Serbia og Montenegro <sup>1</sup>	1145	717	428	4252	2579	1673	-	-	-
Kosovo	-	-	-	-	-	-	8238	4389	3849
Serbia	-	-	-	-	-	-	2302	1180	1122
Montenegro	-	-	-	-	-	-	171	89	82
Afghanistan	3	0	3	257	187	70	7054	4060	2994
USA	6967	3016	3951	8754	3792	4962	6918	3137	3781
Finland	1941	664	1277	3935	1647	2288	6057	2442	3615
India	243	139	104	3690	2232	1458	5849	3141	2708
Chile	85	50	35	5381	3063	2318	5797	3080	2717
Nederland	1362	597	765	2647	1263	1384	5422	2915	2507
Kina	365	175	190	1843	1046	797	5160	2228	2932
Litauen	6	3	3	5	0	5	4951	2810	2141

<sup>1</sup> Serbia og Montenegro omfattar heile tidlegare Jugoslavia i 1970 og 1990.

Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### **Åtte av ti norskfødde med innvandarforeldre har bakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa**

Knapt 10 prosent av norskfødde med innvandarforeldre, eller 6 900 personar, hadde foreldre med bakgrunn frå eit land i Norden, Vest-Europa Nord-Amerika eller Oseania ved inngangen til 2008. Blant desse var det 38 prosent som var 20 år eller eldre. Resten av dei norskfødde med innvandarforeldre, hadde foreldre med bakgrunn frå eit asiatiske, afrikansk, austeuropeisk eller latinamerikansk land (sjå

tabell 2.2). Og mange av desse er unge; ved inngangen til 2008 var det om lag 13 prosent som var 20 år eller eldre.

Flest vaksne norskfødde med innvandrarforeldre har bakgrunn frå Pakistan, Vietnam, Tyrkia, India og Marokko. Kor mange norskfødde med innvandrarforeldre det er i dei ulike gruppene, er eit resultat av kor lenge dei har budd i Noreg, og av kven innvandrarar får barn med i Noreg. Får dei barn med ein person som sjølv har innvandra, vil deira barn bli rekna som norskfødt med innvandrarforeldre. Får derimot ein innvandrar barn med nokon i befolkninga elles, vil ikkje deira barn bli rekna som norskfødt med innvandrarforeldre.

**Tabell 2.2 Norskfødde med innvandrarforeldre etter alder og landbakgrunn. 1.1.2008**

	I alt	0-19 år	20-44 år	45 år eller eldre
I alt	78970	66870	11003	1097
Europa unntatt Tyrkia	17581	13810	2764	1007
Danmark	1445	600	549	296
Sverige	1163	832	200	131
Tyskland	1124	867	177	80
Storbritannia	639	378	196	65
Nederland	576	364	168	44
Kosovo	2814	2793	19	..
Bosnia-Hercegovina	2519	2460	58	..
Polen	1433	1153	241	39
Asia med Tyrkia	45631	38610	7005	16
Pakistan	13024	9096	3927	..
Vietnam	6655	5811	844	..
Tyrkia	5184	4341	841	..
Sri Lanka	4799	4656	142	..
Irak	4749	4741	8	..
India	2635	1931	702	..
Iran	2508	2473	35	..
Afrika	13340	12461	877	..
Somalia	5587	5571	16	..
Marokko	2917	2398	519	..
Sør- og Mellom-Amerika	2091	1820	267	4
Chile	1482	1297	183	..
Nord-Amerika og Oseania	327	169	90	68

Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### Mange med ein innvandrar som forelder

Det er over 220 000 personar som er busett i Noreg, og som har ein forelder som er innvandrar. Dei fleste av desse er fødd i Noreg (192 000), medan resten er fødde i utlandet men seinare flytta til Noreg (28 000). Desse personane blir ikkje rekna som norskfødde med innvandrarforeldre, eller innvandrarar (sjå tabell 2.3). To av tre av desse har bakgrunn frå eit europeisk land (147 000), og i denne gruppa er det også ein del som er over 45 år (19 prosent). Flest er det der ein av foreldra har bakgrunn frå Sverige og Danmark, og ved inngangen til 2008 var det neste 30 000 barn og unge i alderen 0-19 år, som hadde ein av foreldra frå eitt av desse landa. Omfanget av personar med ein innvandrar som forelder, er ein konsekvens av ekteskaps- og pardanningsmønster i ulike grupper.

Det var i alt 13 prosent av dei med ein forelder som er innvandrar, som hadde foreldre med bakgrunn frå eit asiatisk land. I alt gjaldt dette 28 000 personar, og 78 prosent av desse var i alderen 0-19 år. Det er flest som har ein forelder med bakgrunn frå Filippinane og Thailand, noko som vi vil sjå skuldast at mange kvinner frå desse landa giftar seg med menn i befolkninga elles. Det same gjeld for dei med ein av foreldra frå Tyrkia, der mange tyrkiske menn er gift med kvinner i befolkninga elles. Men det er også mange som har ein av foreldra frå Pakistan, men

i denne gruppa er det langt færre som er gift med menn og kvinner i befolkninga elles samanlikna med til dømes med tyrkiske og marokkanske menn (og kvinner). Her vil det truleg vere snakk om sambuarskap, eller barn som er fødte utanom eit parforhold.

Dei som har ein forelder med bakgrunn frå Nord-Amerika utgjør 11 prosent. Her viser også aldersfordelinga at det er langt fleire vaksne enn der ein av foreldra hadde bakgrunn frå eit asiatiske land.

**Tabell 2.3. Personar født i Noreg eller utlandet med ein forelder som er innvandrar, etter alder og landbakgrunn. 1.1.2008.**

	I alt	0-19 år	20-44 år	45 år eller eldre
I alt	221605	110510	71829	39266
Europa unntatt Tyrkia	147425	64416	54854	28155
Sverige	36278	17283	11361	7634
Danmark	31614	10695	12623	8296
Storbritannia	20309	8167	8645	3497
Tyskland	14549	5115	6656	2778
Finland	6521	2554	2878	1089
Nederland	5097	2317	2134	646
Polen	4134	2419	945	770
Frankrike	3293	1759	1057	477
Island	2658	1333	924	401
Spania	2386	1148	1057	181
Russland	2056	1777	109	170
Sveits	1856	869	706	281
Bosnia-Hercegovina	742	644	88	10
Kosovo	685	653	26	6
Afrika	10798	7546	2620	632
Marokko	1798	1398	385	15
Gambia	629	494	132	3
Somalia	514	496	13	5
Asia med Tyrkia	28584	22386	5422	776
Filippinene	5782	4649	1102	31
Thailand	4569	4173	388	8
Pakistan	2899	2442	452	5
Tyrkia	2314	1917	377	20
Iran	1756	1595	150	11
Sri Lanka	797	651	141	5
India	1390	843	442	105
Vietnam	1305	1110	195	0
Irak	648	610	31	7
Sør- og Mellom-Amerika	9762	7116	2207	439
Chile	2850	2316	482	52
Brasil	1437	1085	299	53
Nord-Amerika og Oseania	25036	9046	6726	9264
USA	20279	6913	5238	8128
Canada	2938	1138	903	897


Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### Like mange kvinner som menn

Ved byrjinga av 2008 var talet på innvandarmenn 193 000, og talet på innvandrar-kvinner 188 000 (sjå tabell 2.1). Ved å skilje mellom personar med bakgrunn frå Norden, Vest-Europa Nord-Amerika og Oseania og dei med bakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa, viser tala to ulike utviklingstendensar: Blant dei med bakgrunn frå asiatiske, afrikanske, latinamerikanske og aust-europeiske land var det på 1970-talet eit klart mannsoverskott. Då var innvandring hovudsakeleg arbeidsinnvandring. Med aukande familiesameiningar og stadig fleire familieetableringar, er overskotet av menn blitt langt mindre ved inngangen til 2008. Blant dei med bakgrunn frå Norden, Vest-Europa, Nord-Amerika og

Oseania var det lenge eit kvinneoverskott. Også i denne gruppa er det no omtrent like mange menn og kvinner (figur 2.3). Tabell 2.1 viser også denne kjønnsfordelinga for ein del enkeltland og enkelte år.

**Figur 2.3. Kjønnsfordelinga (menn per 100 kvinner) blant innvandrarar frå Norden, Vest-Europa Nord-Amerika og Oseania samanlikna med innvandrarar frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa. 1970-2008**



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå


### Klart overskott av menn i mange innvandrargrupper

I dei største gruppene av innvandrarar er det et relativt klart mannsoverskott i aldersgruppa 20-44 år. Figur 2.4 viser kjønnsfordelinga i dei største innvandrargruppene. I figuren har vi sett på kjønnsfordelinga blant vaksne innvandrarar, då dette er det klåraste biletet av migrasjonsmønstrar. Innvandrarar og norskfødde med innvandarforeldre sett på saman, vil ha ei annleis kjønnsfordeling (sjå mellom anna Daugstad og Sandnes 2008). Norskfødde med innvandarforeldre har i utgangspunktet biologisk bestemd kjønnsfordeling, og er lite prega av flytting.

Med unntak av Vietnam (84 menn per 100 kvinner), Sri Lanka, Pakistan og Bosnia-Hercegovina (om lag like mange kvinner og menn), er det i mange grupper eit klart mannsoverskott. Og det er eit stort mannsoverskott blant dei med bakgrunn frå Polen (252 menn per 100 kvinner), Storbritannia (204), Afghanistan (154), Irak (144), Litauen (135), Tyrkia og Danmark (begge 129 menn per 100 kvinner) og Tyskland (128). Stort kvinneoverskott finn vi blant innvandrarar i alderen 20-44 år med bakgrunn frå Thailand (9 menn per 100 kvinner), Filippinane (16), Russland (43) og Kina (65).

Kjønnsfordelinga i dei ulike landgruppene kan i stor grad forklarast med ulike mønstre i innvandringa. I innvandrargruppene der mange har komme som arbeidsinnvandrarar, er det eit klart mannsoverskott. Dette gjeld mellom anna Polen, Storbritannia og Litauen. Blant nyleg innvandra innvandrargrupper med flyktningbakgrunn er det også i stor grad eit underskott av kvinner, og dette ser vi til dømes blant dei med bakgrunn frå Afghanistan og Irak. I dei gruppene det er eit klart kvinneoverskott, skuldast dette primært at kvinner kjem for å gifte seg med menn i befolkninga elles. Dette gjelder i størst grad kvinner frå Thailand, Filippinane og Russland. Innvandrargruppa med bakgrunn frå Russland er i tillegg samansett av personar med flyktningbakgrunn frå Tsjetsjenia, som har komme dei seinare åra.

**Figur 2.4. Innvandrere 20-44 år etter kjønn, og menn per 100 kvinner i dei 20 største gruppene. 1. januar 2008**



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

## 2.2. Mønstre i busetjing og butid i Noreg

### Sju av ti innvandrere og norskfødde med innvandrarforeldre bur i sentrale kommunar

Innvandrere og norskfødde med innvandrarforeldre bur i langt større grad i sentrale stork, enn det heile befolkninga gjer (tabell 2.4). 73 prosent blant innvandrere og norskfødde med innvandrarforeldre bur i det som blir definert som sentrale kommunar (sjå boks). I heile befolkninga er det tilsvarende 55 prosent som bur i sentrale kommunar, det vil seie i kommunar med ein tettstad med eit landsdelscenter eller som ligger innanfor 75 minutt (for Oslo: 90 minutt) reisetid frå ein slikt tettstads sentrum. Det er store skilnader mellom dei ulike landgruppene. Nesten alle, 97 prosent, av dei med bakgrunn frå Pakistan bur i sentrale kommunar, og delen i sentrale kommunar er også høg blant dei med bakgrunn frå Marokko (91 prosent), Tyrkia (89) og India (88). Blant dei med bakgrunn frå Nederland er 51 prosent busett i sentrale kommunar, det vil seie at mønsteret i busetnaden er ganske likt det vi ser blant heile befolkninga. Likens er delen i sentrale kommunar meir likt snittet for dei med bakgrunn frå Russland (57 prosent), Bosnia-Hercegovina (58) og Thailand (60).

Dei med nederlandsk (20 prosent), finsk (18 prosent) og russisk (14 prosent) bakgrunn er i større grad busett i dei minst sentrale kommunane, også i forhold til heile befolkninga (13 prosent). Dei med bakgrunn frå Tyskland ligg på landsgjennomsnittet. Dei med bakgrunn frå Finland og Russland bur i stor grad i Nord-Noreg, der busetnaden er mykje meir spreidd enn i det er for snittet i Noreg.

#### Sentralitet

Sentralitet 0: Kommunar som ikkje oppfyller krava om reisetid frå tettstadane (minst sentrale kommunar).

Sentralitet 1: Kommunar som omfattar ein tettstad på nivå 1 eller som ligger innanfor 45 minutt reisetid frå ein slik tettstads sentrum (mindre sentrale kommunar)

Sentralitet 2: Kommunar som omfattar ein tettstad på nivå 2 eller som ligger innanfor 60 minutt reisetid frå ein slik tettstads sentrum (noko sentrale kommunar)

Sentralitet 3: Kommunar som omfattar ein tettstad på nivå 3 (landdelscenter) eller som ligger innanfor 75 minutt (for Oslo: 90 minutt) reisetid frå ein slikt tettstads sentrum (sentrale kommunar)

Tabell 2.4. Innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre fordelt etter kommunesentralitet. Prosent. 1. januar 2008


	3 Sentrale kommunar	2 Noko sentrale kommunar	1 Mindre sentrale kommunar	0 Minst sentrale kommunar	Totalt (N)
Heile befolkninga	55	25	7	13	4737171
Innvandrarak og norskfødde med Innvandrarakforeldre i alt	73	18	4	6	459614
<i>Av dette:</i>					
Polen	69	21	4	6	32069
Sverige	69	19	4	8	26244
Irak	65	28	3	4	22881
Pakistan	97	3	0	0	29134
Somalia	71	19	4	6	21795
Danmark	67	22	4	8	19220
Tyskland	62	21	5	12	17472
Vietnam	80	19	1	0	19226
Bosnia-Hercegovina	58	32	5	5	15649
Russland	57	20	8	14	12823
Iran	80	16	3	2	15134
Tyrkia	89	8	2	2	15003
Kosovo	61	33	3	4	11052
Sri Lanka	85	8	3	4	13063
Storbritannia	75	16	3	6	11784
Filippinene	70	17	5	9	10817
Thailand	60	23	7	11	9750
Afghanistan	69	17	7	8	8012
India	88	9	1	1	8484
Finland	59	16	7	18	6528
USA	74	16	4	6	7171
Nederland	51	23	6	20	5998
Chile	81	12	3	5	7279
Marokko	91	7	1	1	7553
Kina	77	15	4	4	6124

Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### Flest innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre i Oslo

Det bur innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre i alle kommunar i Noreg, men det bur klart flest i Oslo (figur 2.5). Innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre talde i alt 140 000 personar i Oslo ved inngangen til 2008, og dette tilsvarte 25 prosent av folketalet i hovudstaden. Men nokon grupper er meir Oslo-basert enn andre grupper. Dette gjeld mellom anna dei med bakgrunn frå Marokko (74 prosent) og Pakistan (70 prosent). Over halvparten av de med bakgrunn frå Sri Lanka er også busett i Oslo. Andre grupper er i langt mindre grad busett i Oslo. Dette gjeld både flyktninggrupper der mange har budd relativt kort tid i Noreg, som Irak (27 prosent) og Afghanistan (24 prosent), men også flyktninggrupper som har budd her lengre, som dei med bakgrunn frå Vietnam og Bosnia-Hercegovina. Dette mønsteret vil skuldast busetting av flyktningar, men også i kva grad flyktninggrupper i etterkant vel å flytte til Oslo etter busetting i Noreg.


Også dei med bakgrunn frå Thailand og Russland er i liten grad busett i Oslo (14 prosent) i forhold til andre innvandrargrupper. Dette skuldast at mange kvinner frå desse landa innvandrarak gjennom ekteskap med menn som er busett i andre regionar enn Oslo. For den russiske gruppa skuldast det også at mange er innvandra til Finnmark, og at også ein del har komme som flyktningar.

**Figur 2.5. Prosent som er busett i Oslo av dei største innvandrargruppene, per 1.1.2008**

Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

**Butid**

Butid har allereie blitt nemnd som ein bakgrunnsvariabel. Og det er store variasjonar i kor stor del av innvandrargruppene som har budd i Noreg i lang tid. Figur 2.6 viser dei største innvandrargruppene etter prosent som har budd i Noreg i 9 år eller kortare tid. Her kjem det fram at godt over 90 prosent av innvandrarakar frå Litauen og Afghanistan har budd i Noreg i mindre enn 9 år. Også mange med bakgrunn frå Russland, Polen, Irak og Somalia har budd i Noreg i kort tid. Færrest blant dei med bakgrunn frå Chile, Vietnam og Bosnia-Hercegovina.

**Figur 2.6. Tid budd i Noreg, prosent som har budd i Noreg i ni år eller kortare. 1.1.2008**

Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

Innvandrarakar frå Marokko, Pakistan, Tyrkia og India blir ofte rekna for å høyre til dei eldste og mest etablerte asiatiske og afrikanske innvandrargruppene i Noreg. Som vi kan sjå av figur 2.6, er det likevel fleire i desse gruppene enn i andre som har budd her i mindre enn 10 år. Ved inngangen til 2008 var det 42 prosent blant indiske innvandrarakar som hadde budd i Noreg i mindre enn ti år, 38 prosent blant tyrkiske, 35 prosent blant marokkanske og 29 prosent blant pakistanske. Dette skuldast at det stadig er innvandring frå desse landa til Noreg, og mange

innvandrara på grunn av nye og gamle familierelasjonar. Frå India har dei seinare åra også komme ein del på grunnlag av arbeid. Dette skal vi sjå meir på i rapporten.

### 2.3. Innvandring

I 2006 blei det registrert 45 800 innvandringar og 22 100 utvandringar. Nettoinnvandringa låg dermed på 23 700, det vil seie 5 300 eller nesten 30 prosent høgare enn i 2005. I 2007 var nettoinnvandringa på 40 000, det vil seie 16 000 høgare enn i 2006. Det er innvandringa frå dei nye EU-landa som er størst dei siste tre åra. I 2007 var nettoinnvandringa frå Polen den aller største med 13 400, deretter kom innvandringa frå Tyskland (3 400), Litauen (2 200) og Sverige (1 600). Dette er alle land som tilhøyrer EU, og er i stor grad prega av arbeidsinnvandring. Land frå Afrika og Asia hadde langt lågare nettoinnvandring i 2007, enn det den europeiske innvandring stod for. Frå Somalia var det ei nettoinnvandring på knappe 1 300 i 2007, og om lag like mange frå Thailand. Nettoinnvandringa frå Pakistan var på 600 i 2007.

Statistikken over inn- og utvandring baserar seg på registrerte inn- og utvandringar i Det sentrale folkeregisteret. Det er truleg mange, kanskje særleg arbeidstakarar frå dei nye EØS-landa som enten ikkje skal melde flytting fordi dei ikkje skal bu her så lenge eller av andre grunnar, eller som ikkje blir registrerte sjølv om dei skulle det.

### Innvandring 1990-2006

Tabell 2.5 viser innvandringane i perioden 1990-2006 aleine, utan å ta omsyn til utvandringane som har skjedd i same periode. I 2006 var 64 prosent av alle førstegongs innvandringar til Noreg, innvandringar av ein person med statsborgarskap frå eit land utanom Norden. Heile perioden sett under eitt, har denne gruppa stått for om lag halvparten av innvandringane til Noreg. Innvandringar av nordiske statsborgarar har totalt stått for 14 prosent. Vi skal følgje innvandringa frå land utanom Norden vidare, då det er desse vi kan knytte innvandringsgrunn til. Dei 83 000 nordiske borgarane har ikkje søkt om opphald i Noreg, og vi kan dermed ikkje identifisere opphaldsgrunn for desse. Dei fleste frå nordiske land kjem truleg for å arbeide, men det er sikkert også ein del som kjem på grunn av familierelasjonar – eller i alle fall blir i Noreg på grunn av at dei etablerar seg med familie her.

Tabell 2.5. Innvandringar, førstegongs innvandringar<sup>1</sup> og innvandrara<sup>2</sup> med statsborgarskap frå land utanom Norden. 1990-2006

År	Innvandringar i alt	Innvandringar av personar som har budd i Noreg tidlegare	Førstegongs innvandringar				
			I alt	Norske statsborgarar	Nordiske statsborgarar <sup>3</sup>	Statsborgarar frå land utanom Norden som ikkje er innvandrara	Innvandrara frå land utanom Norden
1990-2006	568708	173122	395586	21031	83230	7612	283713
2006	45776	9856	35920	1572	4690	196	29462
2005	40148	10272	29876	1677	4067	210	23922
2004	36482	9446	27036	1666	3893	228	21249
2003	35957	9713	26244	1696	4546	205	19797
2002	40122	9919	30203	1799	5526	266	22612
2001	34264	9541	24723	1477	5684	269	17293
2000	36487	9656	26831	1381	6250	252	18948
1999	41841	10802	31039	1163	7167	579	22130
1998	36704	11042	25662	1193	9349	711	14409
1997	31957	11017	20940	1195	7563	634	11548
1996	26239	9996	16243	983	4985	595	9680
1995	25589	9737	15852	1091	3988	551	10222
1994	26911	9887	17024	954	4150	585	11335
1993	31711	10183	21528	928	3217	613	16770
1992	26743	10265	16478	881	2782	588	12227
1991	26283	11247	15036	728	2720	519	11069
1990	25494	10543	14951	647	2653	611	11040

<sup>1</sup> Utanlandsfødtes første innvandring.

<sup>2</sup> Født i utlandet med utanlandsfødte foreldre.

<sup>3</sup> Med statsborgarskap frå Danmark, Finland, Island eller Sverige.

Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### Nær 284 000 innvandra frå land utanom Norden i perioden 1990-2006


Det finns sikkert nesten like mange grunnar til å velje å flytte til Noreg frå eit anna land, som det er menneske som flyttar hit. Men alle statsborgarar frå land utanom Norden må ha løyve frå UDI for å flytte til Noreg. Dette gjeld også dei som innvandra frå andre land i EØS-området. På bakgrunn av denne informasjonen kan vi dele inn innvandringa i fire hovudgrunnar; Arbeid, familie, flukt og utdanning. I perioden 1990-2006 flytta 284 000 innvandrarakar frå land utanom Norden til Noreg for første gong, og fekk opphald. Av desse budde 70 prosent framleis i Noreg ved inngangen til 2007.

Av dei som innvandra fekk flest opphald (43 prosent) som følge av familieinnvandring. I denne store gruppa er også dei som har blitt familiesameint med flyktingar og andre rekna med, i tillegg til dei som kjem for å etablere seg i eit forhold. Nesten ein tredjedel av innvandrarakane kom som flyktingar (29 prosent), medan 16 prosent var arbeidsinnvandrarakar. 11 prosent kom for å ta utdanning (vedleggstabell 1).

Innvandringa frå land utanom Norden har vore aukande i perioden, og har variert mykje frå år til år (figur 2.7). Nokon av variasjonane skuldast saksbehandlinga i UDI, medan andre variasjonar skuldast ulike politiske forhold i ulike delar av verda. På byrjinga av 1990 talet var flukt den viktigaste årsaka til innvandringa (flyktingar frå tidlegare Jugoslavia), og det same var det på slutten av 1990-talet (flyktingar frå Irak, Serbia og Montenegro). I 2006 var arbeidsinnvandrarakane og familieinnvandringa dei største gruppene med over 11 000 personar i begge innvandringsgruppene. Arbeidsinnvandring og familieinnvandring tilsvarte kvar 40 prosent av innvandringa frå land utanom Norden dette året. Det er særleg opninga av grensene mot dei nye EU-landa i Aust-Europa som har ført til auken, men også etterspurnaden etter arbeidskraft i Noreg.

I 2007 var det over 51 000 løyver om innvandringar frå land utanom Norden, og flest kom frå Polen (14 000) og Tyskland (4 100). Førebelse tal viser at det av desse løyva om innvandringar var om lag 18 000 personar som kom gjennom familieinnvandringar i 2007 (UDI 2008). Dette er truleg i stor grad attforeningar og medfølging, då dei største gruppene er personar med bakgrunn frå Polen, Tyskland og Somalia.

**Figur 2.7. Innvandring frå land utanom Norden etter innvandringsgrunn. 1990-2006. Absolutte tal**



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå


### Statistikken over innvandringsgrunn

Omfattar alle innvandrarakar med statsborgarskap frå land utanom Norden som innvandra til Noreg for første gong mellom 1990 og 2006. Arbeidstakarakar på korttidsopphald (under seks månader) er ikkje her rekna med i omgrepet arbeidsinnvandring. Utanlandsadopterte er ikkje med fordi de ikkje er rekna som innvandrarakar. Statistikken er delt inn i fire ulike grunnar til å få opphald i Noreg: Flukt, familie, arbeid, utdanning. Familieinnvandring er alle som har fått opphald på grunnlag av familierelasjonar, både om den parten som allereie var busett i Noreg var flykting eller ikkje. I tillegg er det ei rekke andre opphaldsgrunnar, som vi ikkje kan kategorisere under nokon av desse gruppene. Denne siste gruppa utgjør ein svært liten del av totalen.

### Høgast andel busette blant flyktingar

I perioden 1990-2006 er det blant personar som har komme på grunn av flukt vi finn den høgaste delen som framleis er busett i Noreg ved utgangen av 2006, med 82 prosent (figur 2.8). Men det er store variasjonar i forhold til år for innvandring, og til dømes har det vore ei stor grad av utvandring av flyktingar som kom i 1999 og 2000 frå Kosovo og Irak. Også blant dei med familie som innvandringsgrunn finner vi mange som framleis bur her, 80 prosent. Blant dei som kom i 1990, er nesten 7 av 10 framleis busett i Noreg. Vi ser eit annleis mønster blant personar som har komme til Noreg på grunn av arbeid eller utdanning. Delen busette går bratt nedover i nokre år, og blant dei som kom i 2002, var respektive 58 og 33 prosent framleis busett i 2006. Blant dei som kom i 1990, var berre kvar fjerde framleis busett i 2006. Tendensen med høg arbeidsinnvandring frå Polen og dei andre nye EU-landa, vil kunne endre på dette mønstret. Om desse i større grad vil bli buande i Noreg er for tidleg å seie noko om (sjå vedleggstabell 4).

Figur 2.8. Prosent busette per 1.1.2007, etter innflyttingsår og innvandringsgrunn. 1990-2006



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### Menn og kvinner kjem av ulike årsaker


Kvinner og menn kjem til Noreg av nokså ulike grunnar. Medan familieinnvandring er den vanlegaste opphaldsgrunnen for kvinner, er flukt mennene sin. I perioden 1990 til 2006 var 65 prosent av alle som fikk opphald på grunnlag av familierelasjonar, kvinner (figur 2.9).

Innvandrarakar som fekk opphald på grunn av familietilknytning, er ei samansett gruppe. Her er det både dei som er blitt sameinte med flyktingar, dei som har blitt sameinte med innvandrarakar eller personar i befolkninga elles. I tillegg har vi dei som

har komme på grunnlag av ei familieetablering, både til menn og kvinner i befolkninga elles, innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre.

Kvinner utgjer eit mindretal av dei som har fått opphald som flyktningar. I perioden frå 1990 til 2006 var fire av ti flyktningar kvinner. Vidare utgjer kvinner 58 prosent av dei som fekk opphald som studentar i same periode. Det er få kvinner blant arbeidsinnvandrarakane. I perioden 1990-2006 var 77 prosent av arbeidsinnvandrarakane menn (sjå vedleggstabell 8).

**Figur 2.9. Førstegongs innflyttingar blant statsborgarak frå land utanom Norden, etter innvandringsgrunn og kjønn. 1990-2006. Absolutte tal**




Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

## 2.4. Fire av ti innvandra på grunn av familierelasjonar

Det var totalt 122 500 personar som fekk opphald i Noreg på grunnlag av familierelasjonar i perioden 1990-2006. Dette var den største gruppa av innvandrarak, og nær 33 000 av desse var sameinte eller fylgde med flyktningar (27 prosent). Over 60 prosent av dei familieinnvandra (71 000 personar) var personar som blei sameint med familie busett i Noreg (inklusive flyktningar), og av desse var ein av tre sameint med ei ektefelle. Flest var sameint med barn, foreldre og anna familie (figur 2.10).

Den andre gruppa, dvs. om lag 51 200 personar, fekk opphald i Noreg på grunnlag av at dei skulle etablere seg i eit parforhold. Det er dei som har komme på grunnlag av ei familieetablering vi følgjer vidare i denne rapporten. Omfanget frå år til år kan variere mykje. Dette skuldast at innvandringa til Noreg både er prega av politiske konflikttar rundt om i verda (flyktningar og familiesameiningar til desse), og på grunn av saksbehandlingskapasiteten i UDI.

**Figur 2.10. Sameining og medfølging til ektefellar og anna familie, og familieetableringar. 1990-2006**

Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### Familieetableringar

I rapporten "Grenseløs kjærlighet?" (Daugstad 2006a) blei det for første gong gitt eit bilete av omfanget av familieetableringar. Datagrunnlaget var då framleis under utvikling, og blei gitt med atterhald. Datagrunnlaget har blitt vidareutvikla etter dette, og blei publisert i 2006 og 2007 som ordinær statistikk. I statistikken blir familieinnvandring differensiert som sameining, medfølging og etablering/utviding. Skiljet er før 2005 i hovudsak basert på ei vurdering av innvandraren sin eigen og referansepersonen/ankerpersonen sin første innvandringsdato, vigselssdato (der det er relevant) og dei registreringane som finnes i tilgjengelege datakjelder. Det vil seie at dei grenseverdiane som er brukt i klassifiseringa er sett etter skjønn. Sjå: [www.ssb.no/emner/02/01/10/innvgrunn/](http://www.ssb.no/emner/02/01/10/innvgrunn/).


Familieetableringar omfattar både ekteskap, sambuarar og registrerte partnarar. Sambuarskap og registrerte partnarskap utgjer i underkant av 2 prosent av dei totale familieetableringane, og vi gjer ikkje noko skilje på dette i statistikken. Vi set eit skilje mellom familieetableringane etter ankerpersonens innvandringsbakgrunn. Med ankerperson siktast det til den herbuande parten i forholdet og som det er søkt om familieetablering med. I denne rapporten vil dette bli sett på som eit transnasjonalt ekteskap.

### 57 prosent av familieetableringane var til ankerpersonar i befolkninga elles

Det var 51 200 personar som innvandra i perioden 1990-2006 på grunn av at dei skulle etablere seg i eit parforhold. Desse innvandringane omtalar vi vidare som *familieetableringar*.

Dei aller fleste som kom på grunnlag av ei familieetablering, kom til ein person i befolkninga elles (figur 2.11). Denne gruppa stod for ei innvandring av 29 100 personar eller 57 prosent av alle familieetableringane i perioden 1990-2006. 40 prosent, eller 20 400 personar, kom til ein ankerperson som var ein innvandrar. Berre 3 prosent hadde ein ankerperson som var norskfødt med innvandrarforeldre (1 700 personar). Det ser ut til at det har vore ein topp for alle desse gruppene i 2004/2005 og med ein nedgang i 2006. Om dette skuldast saksbehandling eller at det har blitt færre søkarar, er vanskeleg å seie enno (sjå vedleggstabell 6 og 7).

**Figur 2.11. Familieetableringar, etter ankerpersonen sin innvandrarakgrunn. 1990-2006. Absolutte tal.**



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

Vi skal i kapittel 5 sjå nærare på familieetableringar etter kjønn og landbakgrunn, og etter om ankerpersonen har innvandrarakgrunn eller ikkje, alder på ankerpersonen og samanfall i landbakgrunn mellom ankerpersonen og den som innvandrarak.


### **Innvandrarakane sine familieetableringar – 8 prosent av innvandringa frå land utanom Norden**

Kor mykje bidrar innvandrarakbefolkninga sine transnasjonale ekteskapsinngåingar til stor innvandring? I debatten om familieetableringar og transnasjonale giftarmål blant innvandrarakar og norskfødde med innvandrarakforeldre, har dette blitt knytt opp mot at dette er innvandringsdrivande. I NOU 2004: 20 blir det påpeikt at det også er grunn til å anta at eit stort omfang av transnasjonale ekteskap i enkelte minoritetsmiljø vil kunne forsinke tilpassinga på eit overordna nivå. I tillegg har argument om at transnasjonale ekteskapsinngåingar blir brukt som middel til å få løyve om opphald og busetjing for slektningar, og at dette igjen fører til ei dårleg integrering i stadig nye ”generasjonar” vore eitt av elementa i debatten

Om vi ser på dei registrerte familieetableringane i forhold til den totale innvandringa frå land utanom Norden i perioden 1990-2006, stod denne for 8 prosent. Dei transnasjonale ekteskapa blant personar i befolkninga elles stod totalt for 10 prosent (figur 2.12). Til samanlikning var det 29 prosent som fekk opphald på grunnlag av flukt, 25 prosent som blei sameint eller fylgde med flyktningar eller anna familie, og 16 prosent som kom på grunn av arbeid.

Ser vi på utviklinga frå år til år, ser vi at den delen dette utgjer av den totale innvandringa frå land utanom Norden til Noreg har blitt mindre over tid (tabell 2.6). I 1997 utgjorde innvandrarakane sine familieetableringar opp mot 12 prosent av innvandringa frå land utanom Norden, medan den utgjorde 6,5 prosent i 2006. At dette utgjer stadig fleire i absolutte tal er det ingen tvil om (figur 2.11), men samstundes har anna innvandring auka meir. Dette omfattar både flyktningar, familiesameiningar til flyktningar og dei som får opphald å grunnlag av utdanning, men dei seinare åra har særleg arbeidsinnvandringa auka kraftig. I 2006 var arbeidsinnvandrarakane blitt ei like stor innvandrarakgruppe som dei som kom på grunnlag av familie, og begge gruppene tilsvarte 40 prosent av innvandringa frå land utanom Norden dette året. Blant arbeidsinnvandrarakane var det særleg personar med bakgrunn frå dei nye EU-landa i Aust-Europa som innvandra.

Figur 2.12. Innvandringer får land utanom Norden, etter innvandringsgrunn. Totalt 1990-2006



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

I debatten om at familieinnvandring blir det argumentert for at dette, og kanskje særskilt familieetableringar til innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre i Noreg, er den største drivkrafta i veksten (sjå mellom anna [www.honestthinking.org](http://www.honestthinking.org) og Storhaug 2006). Desse tala underbyggjer ikkje dette biletet, prosentvis utgjer denne innvandringa stadig mindre av den totale innvandringa, og familieetableringar til personar i befolkninga elles står for fleire familieetableringar enn innvandrarakbefolkninga (57 mot 43 prosent av familieetableringane).

Tabell 2.6. Førstegongs innvandringer av personar med statsborgarskap frå land utanom Norden, og andel familieetableringar etter ankerpersonen sin innvandrarakbakgrunn. 1990-2006.

Innvandring frå land utanom Norden i alt	Familieetableringar				Prosent av alle innvandringer		
	I alt	Ankerperson som var innvandrarak eller norskfødde med innvandrarakforeldre		Ankerperson i befolkninga elles	I alt	Ankerperson som var innvandrarak eller norskfødde med innvandrarakforeldre	
		I alt	Ankerperson i befolkninga elles			Ankerperson i befolkninga elles	
I alt	283713	51220	22098	29122	18	8	10
2006	29462	4486	1924	2562	15	7	9
2005	23922	4802	2062	2740	20	9	12
2004	21249	4797	1938	2859	23	9	14
2003	19797	4434	1725	2709	22	9	14
2002	22612	4865	2069	2796	22	9	12
2001	17293	3896	1537	2359	23	9	14
2000	18948	3321	1354	1967	18	7	10
1999	22130	3280	1559	1721	15	7	8
1998	14409	3069	1563	1506	21	11	11
1997	11548	2692	1348	1344	23	12	12
1996	9680	2123	1054	1069	22	11	11
1995	10222	1996	968	1028	20	10	10
1994	11335	1640	708	932	15	6	8
1993	16770	1427	510	917	9	3	6
1992	12227	1691	669	1022	14	6	8
1991	11069	1431	572	859	13	5	8
1990	11040	1270	538	732	12	5	7

Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

## 2.5. Oppsummering

I dette kapitlet har vi sett på kor mange innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre det er som bur i Noreg ved inngangen til 2008. Norskfødde med innvandrarakforeldre er ei ung gruppe, og dei fleste har foreldre med bakgrunn frå eit asiatiske land. Vidare har vi sett på endringane over tid etter kjønn, og sett på kjønnsfordelinga i ulike innvandrarakgrupper. Kjønnsfordelinga blant unge innvandrarak er påverka av ulike mønstre i innvandringa. Til dømes er det ei sterk

overvekt av kvinner i nokon innvandrargrupper, som blant dei med bakgrunn frå Thailand og Filippinane. Dette skuldast at mange har komme til Noreg på grunn av ekteskap.

Kjønnsamansetnaden vil også i sin tur påverke ekteskapsmønster og truleg også omfanget av transnasjonale ekteskap. Mellom anna er det i nokon av dei yngre innvandrargruppene, som Somalia og Irak, ei overvekt av menn. Tilsvarande er det ei sterk overvekt av menn frå Polen og Litauen. Kva slags mønstre i ekteskap og pardanning vi ser i dei ulike gruppene, skal vi sjå vidare i rapporten.

Vidare har vi her sett på innvandring etter innvandringsgrunn. I 2006 var det 29 400 som innvandra til Noreg for fyrste gong frå eit land utanom Norden. 4 500 av desse fekk opphald på grunnlag av at dei skulle etablere seg her i Noreg i eit parforhold. Dette tilsvarte 15 prosent av innvandringa frå land utanom Norden dette året. Dei fleste (57 prosent) kom til ein ankerperson som var i den øvrige befolkninga.

### 3. Sivilstand, familiemønster og giftarmål

I dette kapitlet skal vi gi ei kort oversikt over sivilstand, familiemønster og giftarmål i heile befolkninga og i ulike innvandrargrupper i Noreg. Kor mange som lever i eit samliv, seier noko om kor vanleg det er å leve i par. Kor vanleg det er å leve i samliv blant innvandrarakil seg frå gruppe til gruppe, også utifrå dei føresetnadane som vi allereie har drøfta i kapittel 2; nemleg innvandringsgrunn. Kor mange som *ikkje* lever i eit samliv, seier noko om kor mange som potensielt *kan* gifte seg i tida framover. For nokon som er registrert gift i Noreg, kan ektefellen også framleis bu i eit anna land. Blant unge norskfødde med innvandarforeldre frå Vietnam, Pakistan og Tyrkia var det til dømes i 2006 ein av tre av dei som var gift, som ikkje budde saman med ektefellen (Løwe 2008). Ektefellen budde i stor grad i utlandet. Vi ser i dette kapitlet først på kor mange som er gift i ulike aldersgrupper og blant innvandrarakil seg frå gruppe til gruppe, sidan det er ei viktig samlivsform i Noreg. Vidare skal vi også sjå på inngåingar av ekteskap i perioden 1990-2007, med eit særleg fokus på 2007.

#### 3.1. Flest gifte blant kvinner frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa

Det er meir vanleg blant innvandrankvinner med bakgrunn frå asiatiske, afrikanske, latinamerikanske og austeuropeiske land å være gift, enn det er blant alle kvinner i Noreg. Ved inngangen til 2008 var det 48 prosent av alle kvinner i aldersgruppa 30-39 år som var gift, 52 prosent av kvinner med bakgrunn frå Norden, Vest-Europa, Nord-Amerika og Oseania. Det var 73 prosent som var gift blant kvinner med bakgrunn frå asiatiske, afrikanske, latinamerikanske og austeuropeiske land (sjå tabell 3.1). Det er også meir vanlig blant menn frå desse landa å vere gift enn alle menn. Desse tala skjuler den store delen som truleg er sambuarar i Noreg, og vi skal difor ikkje gjere samanlikningar mellom heile befolkninga og innvandrarakil seg frå gruppe til gruppe. Ved inngangen til 2008 var det i alderen 30-44 år 46 prosent som var gift i heile befolkninga, medan 23 prosent var sambuarar. I alt var det 31 prosent som ikkje levde i eit par i denne aldersgruppa i heile befolkninga (<http://www.ssb.no/familie/>).

#### Sivilstand

I dette avsnittet brukar vi statistikk om befolkninga si sivilstand. Dei formelle sivilstandsgruppene er: ugift (det vil seie aldri gift), gift, enke/enkemann, skilt, separert, registrert partner, separert partner, skilt partner og gjenlevande partner.

#### Flest gifte unge vaksne blant kvinner frå Afghanistan og Pakistan

Blant unge vaksne kvinner i alderen 25-29 år, er det klart flest gifte blant dei med bakgrunn frå Afghanistan (81 prosent) og Pakistan (80). Vidare er det også nesten like stor del blant kvinner med bakgrunn frå Tyrkia og Sri Lanka (78 prosent), India, Irak og Thailand (76) og Marokko (73). For desse gruppene er ikkje dette overraskande, då vi seinare skal sjå at mange kjem til Noreg nettopp på grunn av at dei skal gifte seg. Innvandringsgrunnen vil påverke dette mønsteret. Færrest er det blant svenske kvinner i alderen 25-29 år, med berre 13 prosent. Dette er lågare enn snittet for kvinner i denne alderen (25 prosent), noko som truleg avspeglar kva slag innvandring vi har frå Sverige: unge som kjem for å jobbe ei periode. Om dei lever i eit parforhold, er det som sambuarar.

Vi ser det same mønsteret blant menn i same aldersgruppe (25-29 år), at det i heile befolkninga er få gifte menn (8 prosent). Men blant menn er det langt færre som er gift i denne aldersgruppa, noko som skuldast at menn gifter seg seinare enn kvinner, og gifter seg med yngre kvinner. Men det viser også at det er ei viss ujamn ballanse mellom kjønna i ein del innvandrargrupper. Flest gifte unge vaksne menn finn vi blant dei med bakgrunn frå Tyrkia (69 prosent) og Pakistan (64). Dette er også grupper der mange innvandrarakil seg frå gruppe til gruppe, sidan det er ei viktig samlivsform i Noreg. Vidare skal vi også sjå på inngåingar av ekteskap i perioden 1990-2007, med eit særleg fokus på 2007.

**Flest gifte unge blant dei med bakgrunn frå Tyrkia og Pakistan**

Blant dei yngste innvandrarane, dei på 16-19 år, er det flest som er gift blant dei med bakgrunn frå Tyrkia. Blant kvinnene i denne alderen er 12 prosent gift, mot 1 prosent blant mennene. Blant kvinner med bakgrunn frå Pakistan er 7 prosent gift i denne aldersgruppa, medan nesten ingen av mennene er det (under 1 prosent). Også blant kvinner med bakgrunn frå Marokko er delen gifte på 5 prosent.

**Tabell 3.1. Gifte i ulike grupper av innvandrarar, etter alder og kjønn. 1. januar 2008**

		16-19 år	20-24 år	25-29 år	30-39 år	40-49 år	50 år eller eldre	I alt 16 år eller eldre (N)
Heile befolkninga	Menn	0	2	14	40	55	68	857564
	Kvinner	0	7	25	49	57	54	843066
Land i Norden, Vest-Europa, Nord-Amerika og Oseania	Menn	0	3	15	41	55	64	51307
	Kvinner	1	7	24	52	61	55	48917
Land i Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa	Menn	0	11	40	66	74	77	124228
	Kvinner	3	34	59	73	72	60	122099
Danmark	Menn	1	3	15	41	51	63	8624
	Kvinner	2	7	24	52	61	56	8511
Sverige	Menn	0	1	8	31	46	56	11689
	Kvinner	0	3	13	43	51	53	12634
Kroatia	Menn	0	10	53	65	76	75	1230
	Kvinner	3	20	63	76	74	59	1139
Nederland	Menn	0	6	21	53	72	70	2516
	Kvinner	0	16	32	65	74	63	2090
Polen	Menn	0	11	42	71	82	81	19632
	Kvinner	3	31	52	68	66	58	8599
Romania	Menn	0	7	30	61	73	65	868
	Kvinner	0	25	56	70	65	44	1292
Litauen	Menn	2	10	38	65	75	70	2516
	Kvinner	3	31	43	64	60	48	1865
Storbritannia	Menn	0	5	22	48	58	69	6481
	Kvinner	0	12	44	65	72	57	4138
Russland	Menn	0	7	35	68	81	80	2886
	Kvinner	1	25	58	72	72	62	6894
Tyrkia	Menn	1	38	69	73	73	80	5346
	Kvinner	12	67	78	78	78	73	4042
Tyskland	Menn	0	2	13	39	58	70	7808
	Kvinner	1	8	26	50	65	55	7043
Bosnia-Hercegovina	Menn	0	6	35	64	81	81	6136
	Kvinner	1	22	56	72	80	59	6357
Serbia	Menn	0	4	45	67	79	69	1015
	Kvinner	0	28	55	77	75	60	983
Kosovo	Menn	0	17	53	69	79	85	3803
	Kvinner	4	44	69	78	80	60	3314
Eritrea	Menn	0	3	17	40	56	65	1204
	Kvinner	3	24	41	43	51	46	1115
Etiopia	Menn	0	11	25	55	51	66	1457
	Kvinner	1	25	56	57	56	51	1294
Marokko	Menn	0	14	47	58	68	84	2566
	Kvinner	5	56	73	76	72	68	1883
Somalia	Menn	0	11	39	62	68	68	6933
	Kvinner	1	21	44	53	50	44	5747
Afghanistan	Menn	0	13	41	80	91	89	3118
	Kvinner	1	47	81	85	79	41	2085
Sri Lanka	Menn	0	11	43	82	89	86	4178
	Kvinner	3	40	78	92	89	63	3838
Filippinane	Menn	0	7	26	66	76	85	1534
	Kvinner	1	27	42	76	75	68	7519
India	Menn	0	13	41	81	85	87	2995
	Kvinner	3	51	76	86	82	69	2587
Irak	Menn	0	12	40	70	77	79	8848
	Kvinner	3	39	77	85	76	61	6003
Iran	Menn	0	4	23	53	58	68	6537
	Kvinner	2	23	47	67	63	54	5211
Pakistan	Menn	0	25	64	85	90	92	7912
	Kvinner	7	54	80	87	87	76	7351
Thailand	Menn	0	4	14	28	36	47	816
	Kvinner	4	53	76	81	74	60	7325
Vietnam	Menn	0	5	28	58	70	77	5883
	Kvinner	2	31	53	63	67	59	6389
USA	Menn	0	15	43	66	67	70	2991
	Kvinner	2	21	59	75	77	51	3634
Chile	Menn	0	5	22	37	52	60	3011
	Kvinner	0	14	36	48	62	49	2637

Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### Færre unge norskfødde med innvandrareldre er gift

Norskfødde med innvandrareldre er framleis unge, som nemnd i kapittel 2 er 85 prosent framleis under 20 år. Det vil seie at det er få som er i ein alder der giftemål er aktuelt, og at dei som har gifta seg blant dei norskfødde med innvandrareldre har gifta seg som unge. I tabell 3.2 ser vi på delen norskfødde med innvandrareldre som er gift i ulike aldersgrupper og landgrupper. Den desidert største gruppa er norskfødde med pakistanske foreldre, som utgjer 32 prosent av alle norskfødde med innvandrareldre i alderen 16-29 år, og 35 prosent av dei med bakgrunn frå eit land i Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa.

I aldersgruppa 20-24 år er det klart flest som er gift blant kvinner med bakgrunn frå Tyrkia (36 prosent), Marokko (20) og Pakistan (19). Blant menn i same aldersgruppe finn vi flest gift blant dei med bakgrunn frå Tyrkia og Pakistan, med respektive 15 og 9 prosent. Det vil seie langt færre enn blant kvinnene med same bakgrunn. Blant dei heilt unge er det også flest gift blant dei med bakgrunn frå Tyrkia (4 prosent). Samanlikna med innvandrarane i same aldersgruppe, er det mykje lågare (12 prosent).

For norskfødde med vietnamesiske foreldre er det svært få som er gift. I alderen 20-24 år var det i underkant av 2 prosent av mennene og 3 prosent blant kvinnene, noko som er lågare enn for heile befolkninga (2 og 7 prosent), og også lågare enn for innvandrarane, der 5 prosent av mennene i alderen 20-24 år var gift og 31 prosent av kvinnene (sjå tabell 3.2).

**Tabell 3.2. Gifte i ulike grupper av norskfødde med innvandrareldre, etter alder og kjønn. 1. januar 2008**

		16-19 år	20-24 år	25-29 år	I alt i alderen 16-29 år (N)
Land i Norden, Vest-Europa, Nord-Amerika og Oseania	Menn	0	1	12	666
	Kvinner	0	4	17	597
Land i Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa	Menn	0	6	33	7295
	Kvinner	1	15	46	6996
<i>Av desse:</i>					
Tyrkia	Menn	0	15	48	706
	Kvinner	4	36	73	693
Marokko	Menn	0	4	20	412
	Kvinner	0	20	45	392
Sri Lanka	Menn	0	0	13	235
	Kvinner	1	0	36	221
India	Menn	0	2	23	478
	Kvinner	0	9	36	473
Pakistan	Menn	0	9	45	2587
	Kvinner	1	19	57	2435
Vietnam	Menn	0	2	11	914
	Kvinner	0	3	13	849
Chile	Menn	0	2	9	301
	Kvinner	1	7	9	263

Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

Vi skal sjå litt nærare på nokre av dei største gruppene av norskfødde med innvandrareldre. Dei største gruppene er dei norskfødde med pakistanske, vietnamesiske og tyrkiske foreldre. Ved inngangen til 2008 var det respektive 4800, 1200 og 1100 norskfødde med innvandrareldre som var over 18 år i desse gruppene. I tillegg var det nær 900 med marokkanske foreldre og nær 700 med indiske foreldre. I andre landgrupper er det svært få som har nådd ein alder der giftemål er aktuelt, og dette har klare samanhengar med butida til dei ulike innvandrargruppene, (dvs. om dei barna innvandrarpar har fått i Noreg har blitt vaksne eller ikkje) og ekteskapsmønster (dvs. om innvandrarane har fått barn med andre personar med innvandrarbakgrunn).

**Situasjonsbilete**


Det bilete som vi skildrar her er sivilstand i befolkninga per 1.1.2008. Vi beskriv delen gifte i ulike aldersgrupper på dette tidspunktet. Vi følgjer altså ikkje dei same gruppene over tid, og det er ikkje gitt at ein person som er 18 år i dag vil ha det same mønsteret om seks år som dei som er 24 år i dag har.

**Norskfødde med pakistanske foreldre utsett å gifte seg**

Alder er ein svært viktig del av ekteskapsmønster. Om vi samanliknar delen som er gift ved ulike aldrar blant innvandrarar og norskfødde med pakistanske foreldre, ser vi at det er ein del skilnader. Medan om lag halvparten av dei kvinnelege innvandrarane var gift ved ein alder av 22 år, var 18 prosent av dei kvinnelege norskfødde med innvandrarforeldre gift med same alder og vi må opp i ein alder på 26 år før halvparten er gift. For mennene ser vi den same tendensen, og ved 25 år var halvparten av innvandrarane gift medan ein må opp i ein alder på 28 år før halvparten av norskfødde med innvandrarforeldre var gift (sjå figur 3.1).

Det er i mellomtid viktig å hugse på at det ikkje er foreldregenerasjon og barna deira vi samanliknar, men parallelle generasjonar. Som vi skal sjå i kapittel 4 og 5 er det mange innvandrarar som kjem til Noreg nettopp på grunn av at dei skal gifte seg. Det er dermed snakk om ulike prosessar som påverkar dette mønsteret.

**Figur 3.1. Prosent gifte innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre med bakgrunn frå Pakistan, etter alder og kjønn. 1.1.2008**




Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

**Også færre gifte blant norskfødde med tyrkiske foreldre**

Vi ser også den same trenden blant norskfødde med tyrkiske foreldre (figur 3.2) samanlikna med innvandrarane med same bakgrunn. Denne gruppa er av betydeleg mindre omfang enn gruppa med pakistansk bakgrunn, noko som gjer samanlikninga noko meir sårbar for tilfeldige utslag.

Blant innvandrarar og norskfødde med tyrkiske foreldre, ser ein altså den same tendensen som vi såg hos dei med pakistansk bakgrunn. Det er færre norskfødde med innvandrarforeldre enn innvandrarar som er gift, om ein ser på same aldersgruppa. I alderen 22 år var det 74 prosent av kvinnelege innvandrarar som var gift, mot 37 prosent blant norskfødde med tyrkiske foreldre. Blant mennene var det respektive 31 og 16 prosent som var gift. Det vil seie at det er skilnader mellom innvandrarane og norskfødde med innvandrarforeldre, men at det ser ut til at dei norskfødde med tyrkiske foreldre gifter seg tidlegare enn dei med pakistansk bakgrunn.

**Figur 3.2. Prosent gifte innvandrere og norskfødde med innvandrerforeldre med bakgrunn frå Tyrkia, etter alder og kjønn. 1.1.2008**



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå


### Få unge i alderen 18-21 år som er gift

Vi skal fokusere særskilt på dei unge i alderen 18-21 år. I arbeidet med ny utlendingslov blei det mellom anna fremja forslag om å sette ei aldersgrense for å vere ankerperson ved familieattforeingar og familieetableringar (NOU 2004:20 og <http://www.regjeringen.no/nb/dep/aid/dok/hoeringer/hoeringsdok/2006/>) for å hindre tvangsekteskap, som det også er gjort i Danmark (24 år) og Nederland (21 år). Tanken bak eit 21-årskrav er at eldre partar, både som følgje av at dei blir meir modne og sjølvstendige i forhold til familien, i større grad kan motsette seg press frå familien når det gjelder avgjerande livsval. Utlendingslovutvalget uttalar:

”En heving av aldersgrensen til 21 år vil innebære en større sannsynlighet for at partene har oppnådd modenhet og en selvstendighet i forhold til egen familie som gjør dem bedre rustet til å hevde egne interesser og ønsker også på tvers av familiens vilje. Utvalget vil bemerke at man allerede i utgangspunktet er skeptiske til at arrangerte ekteskap tilrettelegges av familien eller andre i forhold til parter som er under 21 år. Samtidig anser utvalget at det må være forsvarlig å anta at man gjennom en slik begrenset heving av alderskravet til 21 år, skaper et sterkt redusert potensiale for at mange seriøse og frivillig etablerte ekteskapsforhold rammes som en utilsiktet konsekvens, sammenliknet med for eksempel et 24-årskrav.”

Ei slik aldersgrense blei ikkje innført i Noreg, men det blei sett sterkare krav til evne for forsørging (Ot.prp. nr 75 (2006-2007): Om lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her i landet (utlendingsloven), side 64).


Blant norskfødde med pakistanske foreldre i alderen 18-21 år var det 7 prosent av kvinnene og 2 prosent av mennene som var gift ved inngangen til 2007 (figur 3.3). Til samanlikning var det 26 og 4 prosent som var gift blant innvandrarane. Her har med andre ord dei demografiske endringane gått framfor politiske vedtak, då det har vore ein klar nedgang i delen unge som er gift i perioden 1998-2008.

**Figur 3.3. Gifte i alderen 18-21 år, innvandrere og norskfødde med innvandrerforeldre med pakistansk bakgrunn. 1998-2008. Prosent**

Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

Vi ser det samme mønstret blant norskfødde med innvandrerforeldre og innvandrere med bakgrunn fra andre større innvandrergrupper. Blant dei norskfødde med tyrkiske foreldre i alderen 18-21 år var delen gifte på knappe 7 prosent, medan nesten ingen av dei norskfødde med vietnamesiske foreldre i same aldersgruppe var gift ved inngangen til 2008. Blant norskfødde med innvandrerforeldre med bakgrunn fra Pakistan, Marokko og India var delen gifte på respektive 5, 4 og 2 prosent.

Det er klare skilnader mellom menn og kvinner. Blant kvinner var delen gifte på 12, 8 og 7 prosent blant dei med bakgrunn fra Tyrkia, Marokko og Pakistan (sjå figur 3.4). For menn var delen høgast blant dei med foreldre fra Pakistan.

**Figur 3.4. Gifte norskfødde med innvandrerforeldre 18-21 år, utvalde land. 1. januar 2008. Prosent**

Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### 3.2. Samliv er meir enn giftemål

Ekteskapsmønster er berre ei side av samlivsformene. Analysar av ekteskapsinn- gåingar er ikkje ei fullverdig skildring av pardanningsmønster i Noreg, sidan dette ekskluderar sambuarskap (Østby 2002). Eit døme på at sambuarskap er svært vanleg, er at over halvparten (52 prosent) av alle førstefødde barn i Noreg i 2007 hadde foreldre som var sambuande. Dette er ein god indikator på at pardanning i Noreg ikkje lenger nødvendigvis startar med at folk gifter seg, men ved at dei får barn saman og er sambuarar. Ved inngangen til 2008 var det i alt 13 prosent av alle personar 18 år eller eldre som var sambuarar, mot knappe 9 prosent blant inn- vandrar og norskfødde med innvandrarforeldre (sjå tabell 3.3). Sambuarskap er også svært aldersavhengig, og det er meir vanleg blant dei yngste å velje sambuar- skap framfør giftermål. Blant dei mellom 18-29 i heile befolkninga var det 64 prosent av dei som levde i par, som var sambuande. Blant dei i alderen 30-44 år var det 33 prosent, og dei i alderen 45-66 år var delen sambuarar berre på 13 prosent.

#### Familiar og hushald

Statistikken er laga utifrå kvar personane var registrert busett 1. januar 2008 (formell bustad). Det betyr mellom anna at dei ugifte studentane som er registrert busett hos foreldra, er talt opp i foreldra sine hushald. I intervjuundersøkingar er det respondenten sjølv som oppgjev sin faktiske bustad. Erfaringsmessig vil statistikk som er basert på register og formell bustad i gjennomsnitt gje noko større hushald, færre aleinebuande og færre sambuarpar enn statistikk som er basert på intervjuundersøkingar og faktisk bustad. Sjå: <http://www.ssb.no/familie/>

#### Få sambuarar blant dei med bakgrunn frå Asia

Det er få som lever i sambuarskap blant dei med bakgrunn frå asiatiske og afrikanske land. Når asiatiske og afrikanske innvandrarar i Noreg etablerar seg i eit parforhold gifter dei seg, medan kvinner og menn i befolkninga elles og vest- europeiske innvandrarar i langt større grad startar parforholdet med å vere sam- buarar (sjå også Lie 2004 og Østby 2004). Medan 17 prosent av nordiske personar og 14 prosent blant dei med bakgrunn frå andre vesteuropeiske land er sambuarar, var talet berre 7 prosent blant afrikanske og 4 prosent blant asiatiske, til tross for at det er mange ung ei desse gruppene. Også blant dei med bakgrunn frå Aust-Europa er det lite utbredt med sambuarskap.

Blant europearane var sambuarskap mest utbredt blant personar frå Sverige (22 prosent), Danmark og Tyskland (begge 14 prosent). Det vil seie over og på snitt med heile befolkninga, men det er i snitt færre som er gift enn i heile befolkninga i desse gruppene. Også blant dei med bakgrunn frå Chile er delen sambuarar på snitt med heile befolkninga (13 prosent). Innvandrarar frå Chile skil seg på denne måten klart frå andre innvandrargrupper frå Asia, Afrika og Latin-Amerika. Også blant innvandrarar frå Somalia er det vanlegare å leve som sambuarar enn det er blant dei fleste andre land utanom Europa. Talet på sambuarar var 8 prosent i snitt for dei med bakgrunn frå dei nye EU-landa, medan talet var 6 prosent blant austeuropearar elles.

Færrast sambuarar er det blant personar med bakgrunn frå Pakistan (1 prosent). Også blant dei med bakgrunn frå Sri Lanka, Afghanistan og India er delen sambuarar låg (mellom 2 og 3 prosent).

Utvalsundersøkingar understrekar inntrykket av at sambuarskap ikkje er særleg utbredt blant mange asiatiske og afrikanske innvandrargrupper. I den tidlegare omtalte levekårsundersøkinga blant innvandrarar og norskfødde med innvandrar- foreldre (Blom og Henriksen 2008) kjem det fram at berre 4 prosent av dei ti innvandrargruppene i utvalet er sambuande, mot 23 prosent av eit tilsvarende utval av heile befolkninga. Det er store variasjonar mellom dei ulike gruppene; medan 14 prosent av dei med chilensk bakgrunn i utvalet var sambuande, gjaldt dette berre ein prosent eller færre blant dei med bakgrunn frå Irak, Pakistan og Sri Lanka.

**Tabell 3.3. Personar 18 år og eldre i privathushald. Prosent som lever i par/ikkje lever i par etter landbakgrunn. Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre totalt. 1.1.2008**

	I alt	I par			Ikkje i par
		I alt	Gifte1	Sambuarar	
Heile befolkninga	3601959	60	46	13	41
Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre	348460	58	50	9	42
Norden i alt	51285	61	43	19	39
Danmark	17729	65	51	14	35
Sverige	24120	59	37	22	41
Vest Eruopa elles i alt	40627	63	49	14	37
Storbritannia	10736	68	55	13	32
Tyskland	14889	58	44	14	42
Nye EU-land i Aust-Europa i alt	41411	38	31	8	62
Polen	27481	34	27	6	66
Bosnia-Hercegovina	11969	63	58	6	37
Serbia	2076	63	57	7	37
Kosovo	6717	66	60	6	34
Afghanistan	4847	53	51	2	47
Sri Lanka	8005	75	73	2	25
Filippinene	9218	61	56	5	39
India	6381	64	62	3	36
Irak	13804	59	55	4	41
Iran	11340	54	48	6	46
Pakistan	19619	65	64	1	35
Thailand	7794	76	68	8	24
Vietnam	13130	59	52	6	41
Aust-Europa ellers i alt	37411	63	57	6	37
Russland	9297	60	54	6	40
Asia med Tyrkia i alt	121074	63	59	4	37
Tyrkia	10327	68	65	3	32
Afrika i alt	34387	48	41	7	52
Marokko	4898	62	58	4	38
Somalia	11019	38	31	7	62
Sør og Mellom-Amerika i alt	13126	60	49	11	40
Chile	5804	54	40	13	46
Nord-Amerika og Oseania i alt	9138	65	58	7	35
USA	6556	66	61	5	34

Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

**Få som lever i par blant polakkane**

Det er færrest som lever i par blant polakkane, 66 prosent bur ikkje i par. I heile befolkninga er delen på dryge 40 prosent, det vil seie betydeleg lågare. Den høge delen som ikkje lever i par blant polakkane, kan forklarast med innvandringa frå Polen; dei fleste har budd her kort tid og dei fleste har komme hit for å arbeide. Ein må rekne med at mange har ektefelle buande i heimlandet. Det er også 62 prosent blant dei med bakgrunn frå Somalia som ikkje bur i par.

Flest som bur i par finn vi blant dei med bakgrunn frå Thailand og Sri Lanka. For den første gruppa skuldast dette det mønsteret som migrasjonen frå Thailand til Noreg har, dvs. at mange innvandrarar på grunn av at dei skal gifte seg her. For srilankarar er dette biletet noko meir samansett; mange har komme på grunn av flukt og seinare på grunn av familiesameining og familieetableringar.

### **Fleire unge i parforhold blant innvandrarar og norskfødde med innvandarforeldre**

Delen gifte i ulike aldersgrupper indikerar at innvandrarar med bakgrunn frå asiatiske land giftar seg langt tidlegare enn befolkninga elles. Medan 36 prosent blant innvandrarar og norskfødde med innvandarforeldre frå Asia i alderen 18-29 år var i eit parforhold, var det tilsvarende talet for heile befolkninga på 26 prosent. Forholdet mellom gifte og sambuarar var omvendt i dei to gruppene. I heile befolkninga var 17 prosent sambuarar, blant dei asiatiske 4 prosent. Her må ein rekne med at det er ei viss underrapportering av sambuarskap i denne aldersgruppa. Til dømes vil ugifte studentar vere registrert busett på foreldra si adresse, om dei ikkje har registrert flytting sjølve. I tillegg må ein rekne med at det er mange som i dei unge aldersgruppene oppfatar seg som sambuarar utan at dei registrerar flytting til same adresse. Sambuartal som er henta inn gjennom utvalsundersøkingar, viser at det er langt fleire unge som oppgjev å vere sambuande enn det som registret vil fange opp. I alderen 20-24 år var det 30 prosent som oppgjev å vere sambuande i 2007, og i alderen 25-29 år var det 40 prosent (<http://www.ssb.no/samboer/>).

Også blant nordiske personar er det vanleg å vere i eit parforhold i denne alderen, og i denne gruppa var 34 prosent i parforhold. Blant med bakgrunn frå Latin-Amerika, var heile 43 prosent i eit parforhold.

Generelt kan ein seie at når innvandrarar og norskfødde med innvandarforeldre frå asiatiske og afrikanske land etablerar seg i eit parforhold, så giftar dei seg. Når nordiske og vesteuropeiske unge etablerar seg, så etablerar dei seg i eit sambuarskap. Medan 9 prosent i heile befolkninga i alderen 18-29 år var gift, 8 prosent blant nordiske og 13 prosent blant unge vesteuropearar elles var gift, var 32 prosent av unge asiatar og 27 prosent blant unge afrikanarar gift ved inngangen til 2008 (sjå vedleggstabell 11).

### **Færre norskfødde med innvandarforeldre er i parforhold blant dei unge**

Det er derimot store skilnader mellom innvandrarar og norskfødde med innvandarforeldre ved alder for inngåing av ekteskap. I alderen 18-29 år var det 74 prosent blant alle unge som ikkje var i eit parforhold, 17 prosent som var sambuarar og 9 prosent som var gift. Blant norskfødde med pakistanske foreldre var delen som ikkje var i noko parforhold på 79 prosent (sjå figur 3.5), samanlikna med 46 prosent blant innvandarane herifrå. Delen sambuarar var framleis like låg både blant innvandarane og dei norskfødde.

Også blant norskfødde med foreldre frå Vietnam og Tyrkia er det mindre vanleg å vere i par enn blant innvandarane, og heile befolkninga. Berre 8 prosent av norskfødde med vietnamesiske foreldre i alderen 18-29 år er gift eller sambuande, mot 39 prosent blant innvandarane. Denne låge delen i par blant unge vietnamesarar, skuldast nok også at dei fleste norskfødde med vietnamesiske foreldre er i det lågaste alderssjiktet i denne gruppa.

Blant eldre norskfødde med innvandarforeldre er delen sambuarar auka noko, og blant dei med bakgrunn frå Tyrkia er 7 prosent sambuarar i alderen 30-44 år (men dei er få). Blant dei med bakgrunn frå Pakistan er delen på 2,5 prosent. Dette er framleis svært lågt samanlikna med snittet for heile befolkninga, men høgare enn for den yngre aldersgruppa.


### **Meir vanleg å vere sambuarar blant norskfødde med innvandarforeldre**

Blant dei unge som lever i eit parforhold, er det langt meir vanleg at parforholdet er eit sambuarforhold, samanlikna med innvandrarar med same bakgrunn (figur 3.5). Blant norskfødde med vietnamesiske foreldre er delen sambuande blant dei som er

i par på heile 60 prosent i alderen 18-29 år, mot 19 prosent blant innvandrarane. Også blant norskfødde med tyrkiske foreldre er delen i sambuarforhold langt høgare enn blant innvandrarane, med respektive 10 og 5 prosent av dei som er i par. Det er også fleire blant dei norskfødde med pakistanske foreldre (2 prosent av dei i par) enn blant innvandrarane (1 prosent) i denne alderen, men her er omfanget likevel lågt samanlikna med dei andre gruppene.

I samband med den tidlegare nemnde Levekårsundersøkinga blant innvandrarar (Blom og Henriksen 2008), blei det også gjennomført ei tilleggsundersøking blant unge. Undersøkinga omfatta norskfødde med innvandrarforeldre og unge som hadde innvandra som barn, dvs. før skulealder i alderen 16-25 år med bakgrunn frå Tyrkia, Pakistan og Vietnam (Løwe 2008). Tala frå denne undersøkinga viser at det blant unge med innvandrarbakgrunn er langt fleire som er gift i alderen 16-25 år, enn befolkninga elles i same aldersgruppe. Blant unge innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre var det 12 prosent som var gift, medan 2 prosent var sambuarar. For unge i heile befolkninga var det 18 prosent sambuarar og 3 prosent gifte. Det vil seie at det er eit omvendt forhold mellom delen som er i eit sambuarforhold og som er i gift. Totalt sett er det også fleire i samliv blant alle unge (21 prosent) enn blant unge med innvandrarbakgrunn (14 prosent) (Løwe 2008:21). Det er nok ikkje rett å sette likskapsteikn mellom ekteskap og sambuarforhold, men summen av dei to kan gi eit visst grunnlag for samanlikningar.

Figur 3.5. Prosent gifte, sambuande og ikkje i par. 18-29 år. 1.1.2008



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### 3.3. Personar frå Afrika og Asia har dei største hushalda

Innvandrarar frå Asia og Afrika giftar seg i større grad enn befolkninga elles, og etablerar seg til ei viss grad tidlegare. Dei er også blant dei gruppene med dei største hushalda. Det er gjort fleire skildringar av hushald og familiestruktur blant innvandrarar basert på data frå Folke- og Bustadteljinga (FoB) i 2001 (sjå mellom anna Østby 2004 og Lie 2004). Data frå FoB2001 viste at det gjennomgåande er større hushald blant innvandrarar enn i befolkninga elles. Nye tal basert på hushalds- og familiestatistikken per 1.1.2008, viser det same. Ved inngangen til 2008 var det 17 prosent i heile befolkninga som budde i hushald på 5 personar eller meir. Blant innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre frå Afrika og Asia var det respektive 37 og 33 prosent som levde i så store hushald.


### Flest store hushald blant dei med bakgrunn frå Pakistan, Afghanistan og Somalia

Det er klart større skilnader mellom ulike innvandrargrupper enn mellom dei som er innvandrarak og norskfødde med innvandrareldre, og heile befolkninga. Det er flest store hushald blant dei med bakgrunn frå Pakistan, Afghanistan og Somalia (sjå vedleggstabell 12). Blant dei med bakgrunn frå Pakistan var det nær seks av ti som var i ei hushald med 5 personar eller meir, og fem av ti blant dei med bakgrunn frå Somalia og Afghanistan. Det er også mange i store hushald blant dei med bakgrunn frå Irak, (41 prosent), Marokko (40) og Kosovo (37). Blant dei med bakgrunn frå Sri Lanka, Vietnam og Tyrkia er delen i store hushald betydeleg lågare, med om lag ein av tre.

### ...men også mange som bur aleine

Sjølv om hushald blant innvandrarak og norskfødde med innvandrareldre med bakgrunn frå Asia og Afrika gjennomgåande er større enn for heile befolkninga, er det også mange som bur aleine. Tabell 3.3 viser kor mange som bur i par eller ikkje. Det at ein person ikkje bur i eit parforhold, betyr ikkje at personen bur aleine. I heile befolkninga er det 18 prosent som bur aleine, mot at det er 40 prosent som ikkje bur i par (tabell 3.3). For innvandrarak og norskfødde med innvandrareldre i snitt, er det 20 prosent som bur aleine. Det er flest som bur aleine blant dei med bakgrunn frå nordiske, vesteuropeiske land, samt dei med bakgrunn frå dei nye EU-landa i Aust-Europa. Heile 41 prosent blant dei med bakgrunn frå Polen bur aleine, noko som har ein nær samanheng med denne gruppa sitt førebelse migrasjonsmønster. Det er mange menn som har komme, og dei har komme for å jobbe. Også blant dei med bakgrunn frå Sverige og Tyskland er det ein av tre som bur aleine, klart høgare enn for heile befolkninga (figur 3.6).

Figur 3.6. Folkemengd etter type hushald og landbakgrunn. Innvandrarak og norskfødde med innvandrareldre. 1.1.2008. Prosent



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

Blant dei med bakgrunn frå Pakistan og Tyrkia er det få som bur aleine, med 7 og 10 prosent. Ved FoB2001 var delen som budde aleine relativt høg blant dei med bakgrunn frå Somalia og Irak (om lag 3 av 10) (jamfør Lie 2004 og Østby 2004). Dette var då flyktninggrupper som hadde budd kort tid i Noreg, og mange hadde truleg ektefellen sin i heimlandet. Men dette har endra seg sidan den gong. Ved inngangen til 2008 var det 20 prosent som budde aleine blant dei med bakgrunn frå Somalia, og 14 prosent blant dei frå Irak. Dette har ein samanheng med at det har vore ei betydeleg innvandring frå desse landa sidan 2001, og at mange har blitt sameint med familie. Særleg for den somaliske gruppa avvik dette talet frå talet vi såg for dei som bur i par (tabell 3.3).


Dei med bakgrunn frå Somalia skil seg særleg ut med at det er mange som aleineforsørgjarar samanlikna med både dei andre landgruppene, og med heile befolkninga. Heile 25 prosent av hushalda var ei mor eller far med barn i alderen 0-17 år blant dei med bakgrunn frå Somalia, mot 7 prosent i heile befolkninga. Denne gruppa skil seg ut særskilt, samanlikna med dei andre gruppene vi har sett på i denne samanhengen.

### 3.4. Giftarmål

#### Stadig fleire giftarmål involverar innvandrarar

Stadig fleire av dei ekteskapa som blir inngått i Noreg involverar ein eller to personar med innvandrarbakgrunn. I perioden 1990-2007 har det vore ei jamn auke i ekteskapa som involverar ein eller to partar med innvandrarbakgrunn (figur 3.7). Kor mange ekteskap som totalt blei registrert inngått i Noreg i denne perioden har variert frå år til år, med mellom 19 000 og 27 000 ekteskap. Men medan det i 1990 var 84 prosent av ekteskapa som blei registrert inngått mellom to personar i befolkninga elles, var delen gått ned til 62 prosent i 2007.

Figur 3.7. Registrerte giftarmål i perioden 1990-2007, etter partane sin innvandningsbakgrunn<sup>1</sup>



<sup>1</sup> Ekteskap der minst ein av partane er busatt i Noreg  
Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

I 1990 var det 6 prosent av ekteskapa som blei inngått mellom menn i befolkninga elles og ein innvandrar eller norskfødd med innvandrarforeldre, medan desse giftarmåla stod for 16 prosent i 2007. Ein like stor del av giftarmåla (6 prosent) var

mellom kvinner i befolkninga elles og ein innvandrar eller norskfødd med innvandrarforeldre i 1990. I 2007 gjaldt dette 9 prosent.

Stadig fleire av giftarmåla blir også inngått mellom to personar som begge er innvandrarak og/eller norskfødde med innvandrarforeldre. I 1990 gjaldt dette 4 prosent av ekteskapa som blei inngått, og i 2007 hadde denne delen auka til 13 prosent (sjå vedleggstabell 13). Denne auken kjem samstundes med at talet på innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre har auka, og at samansetnaden har endra seg både med omsyn til kjønnsballanse og landbakgrunn (sjå kapittel 2).

### **Kvinner og menn befolkninga elles er endogame**

Samanlikna med mange innvandrarak, er kvinner og menn i befolkninga elles langt meir endogame, i den forstand at dei finn ein partnar med same landbakgrunn som seg sjølv. Og likeins er kvinner i befolkninga elles er langt meir endogame enn menn. Figur 3.8 viser kor stor del av giftarmåla som var med ein person i befolkninga elles, etter landbakgrunn og kjønn. Her ser vi at det i 2007 var 87 prosent av kvinnene i befolkninga elles som fann ei ektefelle med same bakgrunn som seg sjølv, og at det tilsvarande var 79 prosent av mennene. Sagt med andre ord var det respektive 13 og 21 prosent som fann ei ektefelle med anna landbakgrunn som seg sjølv.

#### **Endogami og eksogami**

Omgrepsparet skildrar den tendensen ulike slektsgrupper har til å gifte seg innan (endogami) eller ut av (eksogami) slektsgruppa (Hylland Eriksen 1993:100). I denne rapporten blir omgrepsparet til å skildre i kva grad ulike innvandrargrupper har ein tendens til å gifte seg med personar med same landbakgrunn (endogame) og gruppene sin tendens til å gifte seg med personar med ein annan landbakgrunn enn sin eigen (eksogame).

### **Mange kvinner frå asiatiske og europeiske land er eksogame**

Om vi samanliknar med innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre, ser vi at særleg kvinner med bakgrunn frå Thailand, Brasil, Filippinane og Russland er eksogame i den forstand at dei gifta seg med menn i befolkninga elles. Mellom 90 og 79 prosent fann ektemenn i befolkninga elles. Eit liknande mønster ser vi blant kvinner med bakgrunn frå Sør-Korea og Kina, men her er ekteskapa i langt mindre omfang (om lag 70 ekteskap for begge gruppene). I desse gruppene er omfanget av ekteskap mellom menn frå dei same landa og kvinner i befolkninga svært lite, flest hadde bakgrunn frå Brasil og Sør-Korea.

Både menn og kvinner med bakgrunn særleg frå nordiske og dei ”gamle” EU-landa i Vest-Europa fann ektefellar i befolkninga elles. Men medan polske menn var blant dei ti største gruppene blant menn som gifta seg i 2007, var det berre 14 prosent som fann ei ektefelle i befolkninga elles. Menn frå dei nye EU-landa i aust ser førebels i stor grad ut til å følgje eit mønster som liknar på det vi ser for andre austeuropeiske land, med at dei finn ektefellar med same landbakgrunn som seg sjølv i Noreg eller ei ektefelle i utlandet. Kvinner med bakgrunn frå Polen og Romania til dømes er derimot meir eksogame, og har hatt eit mønster som har likna på det vi har sett for kvinner med bakgrunn frå dei tidlegare nemnde asiatiske landa.

### **...medan andre asiatiske grupper er endogame**


For andre landgrupper er det svært frå som fann ektefellar i befolkninga elles i 2007. Dette gjaldt under 5 prosent av giftarmåla blant mellom anna menn og kvinner med bakgrunn frå Somalia og Pakistan, og kvinner med bakgrunn frå Irak (sjå vedleggstabell 15 og 16). Kvinner og menn med bakgrunn frå Iran er langt meir eksogame enn desse gruppene.

Både blant dei med bakgrunn frå Marokko og Tyrkia er det mange menn som gifta seg med kvinner i befolkninga elles, med respektive 25 og 35 prosent. Blant kvinnene frå same gruppe er det færre (11 og 8 prosent).

Blant dei med bakgrunn frå Vietnam var det derimot fleire kvinner enn menn som fann ei ektefelle i befolkninga elles (20 mot 4 prosent). Det same er tilfelle blant dei med bakgrunn frå India, med 35 prosent blant kvinnene og 25 prosent blant mennene. Denne sistnemnde gruppa skil seg dermed frå dei andre gruppene av tidlege arbeidsinnvandrarak, der det er fleire menn enn kvinner som fann ektefellar i befolkninga elles.

Mange innvandrarak som var busett i Noreg, giftar seg altså med personar i befolkninga elles. Men i andre grupper er det mange som gifta seg med personar med same landbakgrunn som seg sjølv, og mange fann også ei ektefelle i utlandet. Dei sistnemnde giftarmåla skal vi drøfte nærare i kapittel 4 og 5, og vi skal sjå at det i stor grad er snakk om at dei finn ektefellar med sama landbakgrunn som seg sjølv.

**Figur 3.8. Giftemål mellom innvandrarak/norskfødde med innvandrarakforeldre og personar i befolkninga elles. Etter kjønn og landbakgrunn. Prosent av giftemåla i 2007**




Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### Stor auke i ekteskapa med thailandske, filippinske og russiske kvinner

I perioden 1999 til 2007 har det særleg blitt ei stor auke i giftarmåla mellom menn i befolkninga elles og kvinner med bakgrunn frå Thailand, Russland og Filippinane (sjå figur 3.9). I perioden før 1998 var registreringane av slike ekteskap dårleg, og svært mange var registrert med ukjend landbakgrunn. Vi kan difor ikkje følge utviklinga på registrerte giftarmål i frå tidlegare enn 1999. I ein god del av ekteskapa som blei registrert, budde kvinnene i utlandet. I kapittel 4 og 5 skal vi sjå nærare dei transnasjonale giftarmåla og familieetableringane, og då også sjå på ein lengre tidsserie.

**Figur 3.9. Giftarmål mellom menn i befolkninga elles og kvinner som er innvandrare eller norskfødde med innvandrarforeldre. Absolutte tal 1999-2007**



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### 3.5. Oppsummering

Det er meir vanleg å vere gift blant innvandrare enn i befolkninga elles. Ved inngangen til 2008 var det 48 prosent av alle kvinner i aldersgruppa 30-39 år som var gift, 52 prosent blant kvinner med bakgrunn frå Norden, Vest-Europa, Nord-Amerika og Oseania og 73 prosent blant kvinner med bakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa. Det er også meir vanleg blant menn med same bakgrunn å vere gift enn alle menn. Det er også meir vanleg å vere gift blant norskfødde med innvandrarforeldre enn blant unge i heile befolkninga.

Dette mønsteret må sjåast i samanheng med at svært mange i befolkninga elles og blant nordiske og europeiske innvandrare startar samlivet som sambuarar, og ikkje ved å gifte seg. Når innvandrare frå Asia og Afrika etablerar seg, etablerar dei seg i langt større grad i ekteskap. Dei etablerar seg også tidlegare. I alderen 18-29 år var 4 prosent av asiatane sambuande, 32 prosent gifte. Samanlikna med alle unge i heile befolkninga var det 17 prosent som var sambuande og 9 prosent som var gifte. Her må ein rekne med ei underrapportering på sambuarforhold i heile befolkninga, då studentar blir registrert på foreldra si adresse. Blant dei afrikanske innvandrane og norskfødde med innvandrarforeldre, var 7 prosent sambuande og 21 prosent gifte.

Dei norskfødde med innvandrarforeldre utsett giftemålet i forhold til innvandrarane. Medan 16 prosent av pakistanske innvandrare i alderen 18-21 år var

gift ved inngangen til 2008, var 5 prosent blant dei norskfødde med pakistanske foreldre. Det er betydelege skilnader mellom menn og kvinner blant dei norskfødde med innvandrarforeldre; 7 prosent blant kvinnene og 2 prosent blant menn. Blant unge vietnamesarar i same alder, var 5 prosent gift blant innvandrarane og knapt ingen blant dei norskfødde med vietnamesiske foreldre.

Norskfødde med innvandrarforeldre utset altså giftemålet, og vel også i litt større grad å vere sambuarar når dei etablerar seg i parforhold. Ved inngangen til 2008 var det 60 prosent av dei norskfødde med vietnamesiske foreldre 18-29 år som var i eit parforhold, som var sambuande. Til samanlikning gjaldt dette 19 prosent blant innvandrarane. Unge med pakistansk bakgrunn ser i mindre grad ut til å inngå sambuarskap enn dei unge med vietnamesisk og tyrkisk bakgrunn.

Stadig fleire av ekteskapa som blir registrert inngått i Noreg, involverar ein eller to innvandrarar og norskfødde med innvandrarbakgrunn. I 2007 var 13 prosent av dei registrerte giftarmåla mellom to personar som var innvandrarar eller norskfødde med innvandrarforeldre. I tillegg var det 16 prosent av giftarmåla som var mellom menn i befolkninga elles og kvinner som var innvandrarar eller norskfødde med innvandrarforeldre, og tilsvarande var 9 prosent av giftarmåla mellom kvinner i befolkninga elles og ein innvandrar.

Det er store skilnader på grad av eksogami og endogami i ulike innvandrargrupper. Det er også betydelege kjønsskilnader. Medan europearar og nordiske menn og kvinner i stor grad giftar seg med kvinner i befolkninga elles, er det ei rekkje asiatiske og afrikanske landgrupper der slike ekteskap nesten ikkje førekjem. Medan nesten alle kvinner med bakgrunn frå Thailand, Russland, Filippinane og Brasil fann ei ektefelle i befolkninga elles, var det til dømes svært få blant kvinner med pakistansk, irakisk og afghansk bakgrunn som gjorde det same. For menn er det størst grad av eksogami blant dei med europeisk bakgrunn, men også blant dei med bakgrunn frå Tyrkia og Marokko er eksogame ekteskap av eit visst omfang.

Det har særleg vore ei auke i ekteskapa mellom menn i befolkninga elles og kvinner med bakgrunn frå Thailand, Filippinane, Russland i Brasil. Ei rekkje av desse kvinnene var busett i utlandet då ekteskapet blei inngått. Desse transnasjonale giftarmåla skal vi følgje vidare i dei neste kapitla, og vise kor viktig nettopp ekteskapsmigrasjon er for samansetnaden av desse gruppene i Noreg.

## 4. Transnasjonale giftarmål

Vi skal i dette kapitlet vi særskilt sjå på dei transnasjonale giftarmåla, det vil seie ekteskapa der den eine parten ikkje var busett i Noreg då giftarmålet blei registrert i perioden 1996-2007. Vi skal skildre ekteskapsåtferda blant menn og kvinner i befolkninga elles, dei som både har innvandra sjølv og dei som er norskfødde med innvandrarforeldre. Giftarmåla som vi såg på i kapittel 3 omfatta både dei ekteskap der begge partar var busett i Noreg då dei gifta seg, og dei ekteskap ser ein av partane ikkje var busett. Vi skal mellom anna sjå kor stort omfang transnasjonale giftarmål både blant innvandrarar, norskfødde med innvandrarforeldre og menn og kvinner i befolkninga elles. Dei transnasjonale ekteskapsmønstra er av stor innvandringspolitisk interesse, samstundes som mønstra ikkje kan sjåast uavhengig av innvandringspolitikk.

### Transnasjonale giftarmål

I denne rapporten definerar vi transnasjonale giftarmål som giftarmål mellom ein person som er busett og ein person ikkje er busett i Noreg før ekteskapet. Registrering av ekteskapet kan danne grunnlag for at den parten som ikkje er busett kan søke opp opphald i Noreg på grunnlag av ei *familieetablering*. Det er grunn til å tru at mange av dei som giftar seg med ein person som ikkje er busett i Noreg og som registrerar ekteskapet hos norske myndigheiter (vigselmannen), kjem til å søke om busettingsløyve for ektefellen. Men det er sjølv sagt ikkje ein heilt eintydig samanheng her. Det er også mulig at den parten som er busett i Noreg flyttar til ektefellen sitt heimland, men det er vanskeleg å seie om dei då ville registrere ekteskapet i Noreg. Det kan også hende at nokon giftar seg men at det tar lang tid før dei to partane flyttar saman i Noreg eller eit anna land. I slike tilfelle kan det også hende at ekteskapet ikkje blir registrert i Noreg, om partane ikkje slår seg ned her. Truleg kan vi gå utifrå at ekteskap ikkje blir registrert om det ikkje er nødvendig eller på andre måtar av interesse for paret. Interessa for å registrere ekteskapet vil vere minst om paret ikkje har tenkt å slå seg ned i Noreg.

### 4.1. Transnasjonale giftarmål blant menn og kvinner i befolkninga elles

#### Fleire og fleire i befolkninga elles giftar seg transnasjonalt

Som vi såg i kapittel 3 er det stadig fleire ekteskap som blir inngått mellom menn og kvinner i befolkninga elles og personar med innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre. Stadig fleire ekteskap blir også inngått med ein ektefelle som ikkje bur i Noreg, dvs. at fleire og fleire inngår såkalla transnasjonale giftarmål. Særleg gjeld dette menn i befolkninga elles. I 1996 var det 4 prosent av alle mennene i befolkninga elles som gifta seg det året, som gifta seg med ei kvinne som ikkje var busett i Noreg. I 2003/2004 var delen av giftemåla oppunder 12 prosent. I 2007 var delen dei transnasjonale giftarmåla utgjorde, gått ned til dryge 10 prosent.


I 2007 tilsvarte dei om lag 2000 transnasjonale giftarmåla 50 prosent av dei ekteskapa som blei inngått mellom menn i befolkninga elles og ei kvinne som var innvandrarar eller norskfødde med innvandrarforeldre (om lag 4000 i alt i 2007). I 1996 tilsvarte dei ein like stor del, men var færre i tal (sjå vedleggstabell 17). Dei årlege variasjonane har vore store, og i 2002 og 2003 stod dei for over 70 prosent av giftarmåla mellom menn i befolkninga elles og kvinner med innvandrarbakgrunn.

Det er mindre vanleg blant kvinner i befolkninga elles å gifte seg med nokon som ikkje er busett i Noreg. I 1996 var det tilsvarende 2 prosent av kvinnene i befolkninga elles som gifta seg transnasjonalt, og delen hadde auka til knappe 6 prosent i 2003 og 2004. Det har sidan det vore ein nedgang, til 4 prosent i 2007 (figur 4.1).

I 2007 tilsvarte dei knappe 670 transnasjonale giftarmåla 30 prosent av dei ekteskapa som blei inngått mellom kvinnene i befolkninga elles og innvandrarar menn eller norskfødde med innvandrarforeldre (om lag 2000 i alt i 2007). I 1996 tilsvarte slike ekteskap 38 prosent (sjå vedleggstabell 18).

Det har vore ein nedgang i transnasjonale giftarmål både i prosent av alle giftarmål, og i dei absolutte tala etter 2004. Dette gjeld både for menn og kvinner i befolkninga elles som gifta seg.

**Figur 4.1. Transnasjonale giftarmål blant menn i befolkninga elles, etter kjønn. Prosent av alle registrerte giftemål. 1996-2007**




Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### Menn i befolkninga elles fann koner i Asia, Afrika, Aust Europa og Latin Amerika

Menn og kvinner i befolkninga elles som gifta seg med personar med bakgrunn frå eit land i Norden, Vest-Europa, Nord-Amerika og Oseania, fann i stor grad ei ektefelle som allereie var busett i Noreg. Dette gjaldt 84 prosent av kvinnene som gifta seg med ein mann med bakgrunn frå Norden, Vest-Europa, Nord-Amerika eller Oseania, medan det gjaldt 79 prosent av mennene. For menn og kvinner som gifta seg med nokon med bakgrunn frå Asia, Afrika, Aust Europa og Latin Amerika, var det langt fleire som ikkje var busett. For mennene var det 71 prosent som gifta seg med ei kvinne frå eit asiatisk, afrikansk, latinamerikansk eller austeuropeisk land og som budde i utlandet. For kvinnene i befolkninga elles var det 54 prosent som fann ei ektefelle med same landbakgrunn. Som figur 4.2 viser, var transnasjonale giftarmål langt meir utbredt blant menn i befolkninga elles enn blant kvinner med same bakgrunn i perioden 1996-2007.

**Figur 4.2. Giftarmål blant kvinner og menn i befolkninga elles, etter landbakgrunnen til ektefellen og etter om han eller ho var busett eller ikkje. Totalt 1996-2007**



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### Flest koner frå Thailand, Filippinane og Russland

For mennene i befolkninga elles er det utan tvil kvinner med thailandsk, filippinsk og russisk statsborgarskap som representerar dei største gruppene av ektefellar frå utlandet. Flest kvinner var det frå Thailand, nesten 4800 transnasjonale giftarmål mellom thailandske kvinner og menn i befolkninga elles blei registrert i denne perioden. I tillegg var det over 3000 russiske kvinner og knappe 2200 filippinske kvinner. I heile perioden 1996-2007 hadde dryge 46 prosent av dei kvinnene som ikkje budde i Noreg når dei gifta seg, statsborgarskap frå eit av desse landa (tabell 4.1). Kvinner med bakgrunn frå Brasil og USA utgjorde også ei relativt stor gruppe, totalt dryge 900 kvinner med brasiliansk statsborgarskap og 770 med statsborgarskap frå USA. I motsetnad til europeiske innvandrargrupper, er det fleire ikkje busette blant kvinnene frå USA.

### Statsborgarskap

I tabell 4.1 og 4.2, og figur 4.3 og 4.4 har vi brukt statsborgarskap for å identifisere kva land den ektefellen som ikkje var busett kjem ifrå, då vi ikkje kjenner til landbakgrunnen til den parten som ikkje var busett. Dette gjer at totaltala vil avvike frå grunnlaget for figur 4.1 og 4.2, og vil også avvike frå talgrunnlaget for kapittel 3. Tabellane vil ikkje fange opp ekteskapa der ein av partane har innvandrarakgrunn, er busett i Noreg og har norsk statsborgarskap. I 2007 var det til dømes eit avvik på 10 færre ekteskap mellom menn i befolkninga elles og russiske kvinner, om ein ser på statsborgarskap heller enn landbakgrunn. For andre grupper er avviket større, med om lag 100 færre om ein ser på svensk statsborgarskap heller enn landbakgrunn.

Ser ein også på kvinnene med utanlandsk statsborgarskap som var busett i Noreg, endrar biletet seg noko. Svenske og danske kvinner var i langt større grad registrert busett i Noreg før dei gifta seg, og i same periode (1996-2007) var det over 3300 danske og svenske busette kvinner som gifta seg med menn i befolkninga elles. For kvinner med bakgrunn frå dei nye EU-landa i Aust-Europa har delen som var busett i Noreg før dei gifta seg, auka i perioden. Særleg gjeld dette ekteskap mellom menn i befolkninga elles og polske kvinner, der 30 prosent av ektefellane var busett i Noreg i 1996 og nesten 50 prosent i 2007. Det er særleg frå og med 2004 at dette endrar seg, som er same året som Noreg opna grensa for innvandring frå dei aust-europeiske EU-landa. For andre landgrupper (Storbritannia og USA) ser vi ikkje same markerte auken i del busette ektefellar.

**Tabell 4.1. Giftarmål mellom busette menn i befolkninga elles og kvinner med utanlandsk statsborgarskap, etter om kvinna var busett eller ikkje. 1996-2007. Absolutte tal og prosent**

Statsborgarskap	Absolutte tal			Prosent		
	I alt	Busette	Ikkje-busette	I alt	Busette	Ikkje-busette
I alt 1996-2007	30945	9522	21423	100	100	100
Thailand	5188	406	4782	17	4	22
Russland	3592	575	3017	12	6	14
Filippinane	2710	554	2156	9	6	10
Brasil	987	80	907	3	1	4
USA	1181	414	767	4	4	4
Polen	884	198	686	3	2	3
Ukraina	625	142	483	2	2	2
Romania	454	102	352	2	1	2
Litauen	408	133	275	1	1	1
Storbritannia	661	458	203	2	5	1
Sverige	2325	2154	171	8	23	1
Danmark	1265	1188	77	4	13	0
Andre land	10665	3118	7547	35	33	35

Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

**Klar auke i talet på transnasjonale giftarmål**

Det har vore ei klar auke i transnasjonale giftarmål mellom menn i befolkninga elles og kvinner med utanlandsk statsborgarskap mellom 1996 og 2003/2004 (sjå figur 4.1), deretter har det vore ein svak nedgang. I figur 4.3 ser vi på endringane i perioden 1996-2007 i transnasjonale giftarmål mellom menn i befolkninga elles og utanlandske kvinner frå utvalde land.


Den mest markerte auken har det vore i transnasjonale giftarmåla der kvinna har thailandsk statsborgarskap. I 1996 var det om lag 110 giftarmål, i 2006 var det 590. Frå 2002 har talet på slike giftarmål årleg vore mellom 500 og 600. Ei tilsvarande auke, og endå meir markert, har det vore i transnasjonale giftarmål mellom kvinner frå Brasil og menn i befolkninga elles. Medan det berre blei registrert inngått 16 i 1996, var det over 140 slike giftarmål i 2007. Det vil seie ei nidobling, men enno av langt mindre omfang enn for ein del andre grupper.

Også i ekteskapa der kvinna har filippinsk statsborgarskap har det vore ei auke i perioden, men ikkje så markert. I 1996 blei det inngått 70 transnasjonale giftarmål mellom menn i befolkninga elles og filippinske kvinner, i 2007 var det om lag 220, dvs. ei tredobling.

For transnasjonale giftarmål mellom menn i befolkninga elles og russiske kvinner, ser vi ei annleis utvikling. Her blei det i 1996 registrert om lag 100 slike giftarmål, medan det i 2002/2003 var over 350 årlege giftarmål. Frå 2002 og til 2007 har det derimot vore ein klar nedgang igjen, og i 2007 blei det registrert 190 slike ekteskap.

Det har også vore ein svak nedgang i transnasjonale giftarmål der kvinna hadde statsborgarskap frå Polen, frå over 70 i 2000 til 30 i 2007. For andre grupper, som kvinner med svensk og dansk statsborgarskap, er dei i langt større grad busett i Noreg når dei giftar seg enn i desse andre gruppene (sjå tabell 4.1). Også i andre grupper som ikkje er tatt med i denne figuren, er det ei auke i perioden. Mellom anna har det vore ei auke i ekteskap der kvinna har kinesisk statsborgarskap og ikkje var busett, frå under 10 i 1996/1997 til opp mot 50 i 2007.

**Figur 4.3. Transnasjonale giftarmål mellom menn i befolkninga elles og kvinner med utanlandsk statsborgarskap, dei største gruppene. Absolutte tal 1996-2007**



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

**Kvinner i befolkninga elles gifta seg med europeiske og nordamerikanske statsborgarar**

For kvinnene i befolkninga elles som gifta seg med utanlandske statsborgarar, var det flest som fann seg ein ektefelle med statsborgarskap frå eit land i Norden, Vest-Europa, Nord-Amerika eller Oseania (tabell 4.2). Dei største gruppene var menn med statsborgarskap frå Sverige, Danmark, Storbritannia og USA, om ein både ser på dei ekteskapa der mannen var busett og der mannen ikkje var busett. Menn med svensk og dansk statsborgarskap er dei største gruppene om ein også ser på dei som var busett i Noreg før dei gifta seg. I alt var det over 3 800 kvinner i befolkninga elles som gifta seg med svenske og danske statsborgarar i åra mellom 1996 og 2007. Ni av ti av desse budde allereie i Noreg då dei gifta seg.

Om ein berre ser på dei transnasjonale giftarmåla, var det i alt flest ektemenn med tyrkisk statsborgarskap. I alt blei det inngått over 1000 ekteskap mellom kvinner i befolkninga elles og menn med tyrkisk statsborgarskap som ikkje var busett i Noreg då dei gifta seg. Deretter følgjer menn med statsborgarskap frå USA, Storbritannia, Tyskland og Sverige. Andre innvandrargrupper frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa kjem relativt langt ned på lista i denne sammenheng, og dei største gruppene er menn med marokkansk statsborgarskap og statsborgarskap frå Serbia og Montenegro (200-300).

**Tabell 4.2. Giftarmål mellom busette kvinner i befolkninga elles og menn med utanlandsk statsborgarskap, etter om mannen var busett eller ikkje. 1996-2007**

Statsborgarskap	Absolutte tal			Prosent		
	I alt	Busett	Ikkje-busett	I alt	Busett	Ikkje-busett
I alt 1996-2007	18000	8242	9758	100	100	100
Tyrkia	1169	137	1034	7	2	11
USA	1392	417	975	8	5	10
Storbritannia	1631	1063	568	9	13	6
Sverige	2169	1876	293	12	23	3
Marokko	373	88	285	2	1	3
Tyskland	622	351	233	4	4	2
Serbia og Montenegro	372	169	203	2	2	2
Nederland	432	313	119	2	4	1
Danmark	1696	1593	103	9	19	1
Irak	272	191	81	2	2	1
Andre land	7872	2044	5864	44	25	60


Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### Inga klar auke i transnasjonale giftarmål blant kvinner i befolkninga elles

I motsetnad til den auken vi har sett i perioden i ekteskap mellom menn i befolkninga elles og kvinner med utanlandsk statsborgarskap, er det ingen landgrupper som markerar seg med ei sterk auke. Figur 4.4 viser dei største gruppene av giftarmål, der kvinna er i befolkninga elles og mannen har utanlandsk statsborgarskap og ikkje busett i Noreg.

Det er flest årlege transnasjonale giftarmål der mannen har statsborgarskap frå USA eller Tyrkia. Dei transnasjonale giftarmåla som har hatt størst auke i perioden, med ei dobling frå 1996-2007, er ekteskapa mellom kvinner i befolkninga elles og menn med tyrkisk statsborgarskap. Her var det registrert om lag 30 ekteskap i 1996 og over 110 årlege giftarmål i 2000. Det har deretter vore ein nedgang til 90 transnasjonale giftarmål i 2007.

Figur 4.4. Transnasjonale giftarmål mellom kvinner i befolkninga elles og menn med utanlandsk statsborgarskap, dei største gruppene. Absolutte tal 1996-2007



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

## 4.2. Transnasjonale giftarmål blant innvandrarar

### Fire av ti innvandrarar gifta seg transnasjonalt


Av alle innvandrarane som var busett i Noreg og som gifta seg i perioden 1996-2007, var det 37 prosent som gifta seg transnasjonalt. Langt fleire menn enn kvinner fann ei ektefelle som ikkje var busett i Noreg; med respektive 46 og 26 prosent. Langt fleire innvandrarar frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa blei registrert gift i Noreg i perioden 1996-2007, enn det blei registrert giftarmål blant innvandrarar frå Norden, Vest-Europa, Nord-Amerika og Oseania. Det var i alt respektive 15 000 og 18 500 kvinner og menn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa som gifta seg, samanlikna med 7 000 og 8 300 kvinner og menn frå Norden, Vest-Europa, Nord-Amerika og Oseania.

I denne perioden var det 35 prosent av alle kvinner og 62 prosent av menn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa gifta seg transnasjonalt, dvs. langt fleire menn enn kvinner. Det same er i noko grad tilfelle for innvandrargrupper frå Norden, Vest-Europa, Nord-Amerika og Oseania (6 og 11 prosent). I figur 4.5 ser vi delen av dei registrerte ekteskapa blant innvandrarar med bakgrunn frå Asia, Afrika, Sør- og Mellom Amerika og Aust-Europa som gifta seg transnasjonalt. Det

har vore ein nedgang i dei transnasjonale giftarmåla i 1996-2007, men det er vanskeleg å komme med ei eintydig forklaring på kvifor det er slik. Endringar kan skuldast samansetninga i denne store og samansette gruppa av innvandrarak. Nye innvandrargrupper har komme til og det har blitt lettare å innvandre til Noreg frå dei nye EU-landa i Aust-Europa. Dette har endra samansetnaden i innvandrargruppa i denne perioden og vil truleg også påverke ekteskapsmønstra over tid. Ei anna forklaring kan vere betra integrering, og vi skal seinare i kapitlet sjå på ekteskapsinngåingar blant ulike innvandrargrupper.

Kor mange som finn ektefelle i Noreg med same landbakgrunn som seg sjølv, må sjåast i samanheng med preferansar og kor mange potensielle ektefellar det er i Noreg, og i kva grad personen ønskjer ei ektefelle med same landbakgrunn som seg sjølv. Mange andre studiar viser at det blant ei rekke innvandrargrupper er vanleg å gifte seg med personar med same bakgrunn som seg sjølv (sjå mellom anna Kalminj 1998, Gonzales-Ferrer 2006, Rodriguez Garzia 2007). Dersom det ikkje er mange ugifte personar med same bakgrunn i passende alder i Noreg, kan det vere vanskelig å finne ektefelle i Noreg.

**Figur 4.5. Transnasjonale giftarmål blant innvandrarak frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa, etter kjønn. Prosent av alle registrerte giftemål 1996-2007**



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

I tabell 4.3 ser vi nærare på inngåingar av ekteskap i perioden 1996-2001 og 2002-2007 blant nokre grupper av innvandrarak frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa. Det er splitta opp i to 6-års periodar, for å sjå om det er noko endringar. Vi skal konsentrere oss om perioden 2002-2007, og deretter gjere ei kort samanlikning med den førre 6-års perioden. Sjå vedleggstabell 19 og 20 for absolutte tal.

### Mange med pakistansk bakgrunn fann ektefellar i utlandet

Blant innvandrarak med pakistansk bakgrunn, ser det ut til å være relativt sterke tradisjonar for å finne ektefelle med same bakgrunn som seg sjølv. Blant kvinner blei det inngått 500 ekteskap i perioden 2002-2007, og av desse ekteskapa var det 3 prosent med menn i befolkninga elles. For heile 75 prosent av kvinnene var mannen busett i utlandet når dei gifta seg.

Fleire menn blant innvandrarakane frå Pakistan gifta seg i same periode (700 personar). Av desse gifta dryge 4 prosent seg med ei kvinne i befolkninga elles, medan 75 prosent gifta seg transnasjonalt, det vil seie i like stort omfang som kvinnene med same bakgrunn.

Samanlikna med perioden 1996-2001 var det små skilnader på kor mange som gifta seg transnasjonalt, både blant menn og kvinner. Grappa av innvandrarak med bakgrunn frå Pakistan har samstundes auka noko, frå 7 400 i alderen 18-44 år ved inngangen til 1998 til 9 400 ti år seinare.

### **Også andre innvandrarak med lang butid fann ektefellar i utlandet**

Også andre innvandrarakgrupper med lang butid i Noreg, gifta seg i større grad transnasjonalt enn dei andre innvandrarakgruppene vi ser på her i tabell 4.5. Dette gjeld både dei med tyrkisk, marokkansk og indisk, som høyrer til dei asiatiske innvandrarakgruppene som byrja å komme til Noreg på slutten av 1960-talet og fram til innvandringsstoppen i 1975.

Blant innvandrarak med bakgrunn frå Tyrkia, ser vi det same mønsteret som blant dei med pakistansk bakgrunn. Om lag tre av fire av tyrkiske innvandrarak gifta seg transnasjonalt i perioden 2002-2007. Men her var det ein større del som gifta seg med nokon i befolkninga elles (respektive 11 og 9 prosent for menn og kvinner). Det er heller ikkje her store endringar i forhold til den førre 6-års perioden. Talet på tyrkiske menn som gifta seg med kvinner i befolkninga elles, må sjåast i samanheng med at mange i same periode kom til Noreg på grunn av ekteskap med ei kvinne i befolkninga elles. I perioden 1996-2007 gjaldt dette over 1000 giftarmål (sjå tabell 4.4).

Blant dei to andre "eldste" innvandrarakgruppene, dei frå India og Marokko, er det til samanlikning større grad av eksogami blant innvandrarakane som budde i Noreg. Desse gruppene er også betydeleg mindre enn til dømes grappa med bakgrunn frå Pakistan (sjå kapittel 2). Det var færre som gifta seg transnasjonalt og fleire som fann ektefellar i befolkninga elles. Det var 16 prosent av marokkanske menn og 19 prosent av indiske kvinner som fann ei ektefelle i befolkninga elles i perioden 2002-2007. Medan 67 prosent av marokkanske menn og 68 prosent av indiske menn gifta seg transnasjonalt. I tillegg var det i perioden 1996-2007 om lag 300 marokkanske menn som gifta seg med kvinner i befolkninga elles.

### **Mange med flyktningbakgrunn fann ektefellar i Noreg**

Andre grupper giftar seg i langt mindre grad transnasjonalt, og dette ser ut til å gjelde dei gruppene der mange har flyktningbakgrunn. Men dei fleste er likevel endogame og fann ektefellar med same landbakgrunn som seg sjølv. Blant innvandrarak med bakgrunn frå Vietnam som gifta seg i perioden 2002-2007 var det 48 prosent av kvinnene og 36 prosent av mennene som fann ei ektefelle med same landbakgrunn som seg sjølv allereie busett i Noreg. Samanlikna med den førre 6-års perioden har det blitt fleire transnasjonale giftarmål blant kvinner og menn frå Vietnam.

Tilsvarende var det 41 prosent av srilankiske kvinner som fann ektefelle med same landbakgrunn som seg sjølv i Noreg, og 28 prosent blant mennene i perioden 2002-2007. Også her har det blitt færre som fann ei ektefelle som var busett i Noreg og fleire som gifta seg transnasjonalt, samanlikna med perioden 1996-2001.

Også mange med bakgrunn frå Bosnia-Hercegovina fann i stor grad ektefellar med same landbakgrunn som seg sjølv og som budde i Noreg i perioden 2002-2007. Dette gjaldt 35 prosent blant kvinner og 31 prosent blant menn. Her har det også blitt ei auke i delen transnasjonale giftarmål. I perioden 1996-2001 var det 29 prosent av kvinnene som gifta seg transnasjonalt, samanlikna med 47 prosent i perioden 2002-2007.

For dei med bakgrunn frå Serbia og Montenegro har det vore ei klar auke i delen transnasjonale giftarmål i dei to 6-års periodane. Dette skuldast i stor grad endring i samansetninga av innvandrarakgrappa med bakgrunn frå Serbia og Montenegro, der innvandringa etter 2000 i stor grad har vore kosovoalbanarak.

### Iranske og irakiske innvandrarar

Ein del iranske og irakiske menn gifta seg med kvinner i befolkninga elles. I perioden 2002-2007 gifta 14 prosent av irakiske og iranske menn seg med kvinner i befolkninga elles. Ein større del av iranske kvinner gifta seg med menn i befolkninga elles i same periode (22 prosent), medan berre 4 prosent av irakiske kvinner gjorde det same.

Det er grunn til å tru at det er ulike forklaringar på dette, og at det er skilnader i mønstre og «prosess» mellom irakarar og iranarar. Irakarar er ei flyktninggruppe som har budd kort tid i Noreg, og for desse er det kanskje mangel på kvinner med same bakgrunn som seg sjølv som gjer at dei har gifta seg med kvinner i befolkninga elles. Iranarar er derimot ei gruppe som har budd lengre i Noreg, og dei har komme langt meir inn i det norske samfunnet enn det irakarane har hatt tid til å gjere. Samanlikna med dei med pakistansk og tyrkisk bakgrunn som også har budd lenge i Noreg, har iranarane eit annleis ekteskapsmønster. Iranarar framstår også som meir sekularisert og særleg har mange kvinner med seg høgare utdanning (Blom og Henriksen 2008).

### Chilenarar gifta seg i liten grad transnasjonalt

Mange menn og kvinner med bakgrunn frå Chile gifta seg med personar i befolkninga elles. I perioden 2002-2007 var det 4 av 10 kvinner og 5 av 10 menn som gifta seg transnasjonalt. Det var 41 prosent av chilenske kvinner som gifta seg med menn i befolkninga elles og 32 prosent blant menn med same bakgrunn.

**Tabell 4.3. Busette innvandrarar med bakgrunn frå utvalde land i Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa, som gifta seg i perioden 1996-2001 og 2002-2007, etter ektefellen sin landbakgrunn. Prosent**

		1996-2001					2002-2007				
		Busett ektefelle			Ektefelle ikkje busett i Noreg	I alt (N)	Busett ektefelle			Ektefelle ikkje busett i Noreg	
		I befolk- ninga elles	Same landbak- grunn	Anna landbak- grunn			I befolk- ninga elles	Same landbak- grunn	Anna landbak- grunn		
Pakistan	Menn	778	4	20	2	74	711	5	18	3	75
	Kvinner	483	1	26	1	73	515	3	21	2	75
Tyrkia	Menn	567	12	10	3	75	564	11	9	4	76
	Kvinner	365	7	13	3	77	337	9	13	3	76
Chile	Menn	269	30	16	6	48	286	32	11	8	50
	Kvinner	224	34	20	10	36	257	41	12	7	40
Vietnam	Menn	899	1	39	1	59	866	2	36	2	60
	Kvinner	534	9	65	3	23	638	17	48	4	31
Sri Lanka	Menn	905	4	40	2	55	467	6	28	2	64
	Kvinner	481	4	73	1	22	317	7	41	1	51
Bosnia-Hercegovina	Menn	388	13	43	8	37	566	7	31	7	55
	Kvinner	316	11	52	9	28	500	13	35	5	47
Serbia og Montenegro	Menn	571	19	28	8	45	400	11	7	8	75
	Kvinner	300	11	51	10	29	280	9	10	9	73
Somalia	Menn	217	4	26	1	69	349	2	28	1	69
	Kvinner	140	7	39	6	48	278	4	36	3	58
Marokko	Menn	381	17	7	5	72	393	16	11	6	67
	Kvinner	147	12	15	7	67	161	10	19	14	57
India	Menn	279	15	15	7	63	247	14	14	5	68
	Kvinner	165	16	24	7	53	174	19	17	7	57
Irak	Menn	443	18	13	7	63	974	14	14	8	64
	Kvinner	119	4	47	6	43	322	4	41	3	51
Iran	Menn	769	17	16	7	59	696	14	18	8	60
	Kvinner	281	19	43	10	27	436	22	29	13	37
Filippinene	Menn	118	9	42	6	44	110	12	41	4	44
	Kvinner	445	67	11	8	15	600	65	8	7	19
Thailand	Menn	17	29	18	12	41	62	16	11	7	66
	Kvinner	294	78	1	11	10	361	75	2	9	13
Kina	Menn	117	11	19	5	65	187	8	23	8	61
	Kvinner	125	32	18	15	35	233	46	19	14	21
Eritrea	Menn	90	4	14	6	76	122	3	15	8	75
	Kvinner	35	6	37	9	49	75	15	24	9	52
Etiopia	Menn	106	9	18	5	69	130	3	33	8	56
	Kvinner	52	14	31	8	48	143	11	31	9	49
Gambia	Menn	102	25	10	10	56	72	11	1	7	81
	Kvinner	36	11	28	8	53	25	16	4	4	76

Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### Stor grad av eksogami blant kvinner med bakgrunn frå Thailand, Filippinane og Kina

Som vi såg i kapittel 3, er det stor grad av eksogami blant kvinner frå Thailand, Filippinane og Kina. Mange finn ei ektefelle i befolkninga elles. Tilsvarande er det lite vanleg med transnasjonale giftarmål blant kvinner frå desse landa som er busett i Noreg (respektive 13, 19 og 20 prosent i perioden 2002-2007). Desse tala må også sjåast i samanheng med at mange kvinner med bakgrunn frå desse landa kjem til Noreg på grunn av at dei skal gifte seg med menn i befolkninga elles. Som vist i tabell 4.3 var det i perioden 1996-2007 til dømes nær 4800 thailandske kvinner og 2100 filippinske kvinner. Tilsvarande var det i tillegg 340 kinesiske kvinner som ikkje var busett når dei gifta seg med menn i befolkninga elles.


### 4.3. Transnasjonale giftarmål blant norskfødde med innvandrarforeldre

#### Mange norskfødde med innvandrarforeldre gifta seg transnasjonalt

Norskfødde med innvandrarforeldre som har gifta seg, har i stor grad bakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa. Vi skal derfor fokusere på denne gruppa. I perioden 1996-2007 var det i overkant av 500 norskfødde med innvandrarforeldre med bakgrunn frå Norden, Vest-Europa, Nord-Amerika og Oseania som blei registrert gift i Noreg, medan dryge 2 800 norskfødde med innvandrarforeldre frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa blei det same. I 2007 var det i alt 390 som norskfødde med innvandrarforeldre som gifta seg, av desse var 190 eit transnasjonalt giftarmål.

Det var små skilnader mellom kvinnene og mennene om vi ser heile perioden under eitt, 64 prosent blant kvinnene og 65 prosent blant mennene gifta seg transnasjonalt. Ser vi derimot endringane frå år til år, ser det ut til at det har blitt stadig fleire som har gifta seg, men at færre giftar seg transnasjonalt (figur 4.6). I 1999/2000 var det om lag 7 av 10 norskfødde med innvandrarforeldre frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa som gifta seg, som fann ei ektefelle i utlandet. I 2007 gjaldt dette 54 prosent av kvinnene og 57 prosent av mennene.

Figur 4.6. Busette norskfødde med innvandrarforeldre frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa som gifta seg, og prosent som gifta seg transnasjonalt etter kjønn. 1996-2007. Absolutte tal og prosent



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

Dette må også sjåast i forhold til at det har blitt stadig fleire norskfødde med innvandrarforeldre med bakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa som har blitt vaksne, og at gjennomsnittsalderen blant dei over 18 år har auka. Ved inngangen til 1998 var det 3000 norskfødde med innvandrarforeldre med slik bakgrunn som var 18 år eller eldre. Ti år seinare var talet kome opp i 12 500. Dei største gruppene er dei norskfødde med pakistanske, vietnamesiske og tyrkiske foreldre. Ved inngangen til 2008 var det respektive 4840, 1200 og 1100 norskfødde med innvandrarforeldre som var over 18 år i med bakgrunn frå desse landa.

**Norskfødde med pakistanske foreldre har gifta seg transnasjonalt**

Som nemnd er det eit betydeleg fokus som har blitt retta mot i kva grad norskfødde med innvandrarforeldre følgjer innvandrarane sitt ekteskapsmønster. Enkelte hevdar at norskfødde med innvandrarforeldre i større grad enn innvandrarar giftar seg transnasjonalt (Storhaug 2006). Om vi berre ser på dei som har gifta seg, er dette riktig. Men som vi såg i kapittel 3 utsett norskfødde med innvandrarforeldre ekteskapet samanlikna med innvandrarar med same landbakgrunn, og ser i noko større grad ut til å velje sambuarskap som samlivsform enn innvandrarar.

I tabell 4.4 kan vi langt på veg sjå det same mønsteret blant norskfødde med innvandrarforeldre som vi såg blant innvandrarane som gifta seg i perioden 1996-2001 og 2002-2007 (tabell 4.5). I perioden 2002-2007 var det 7 av 10 norskfødde med pakistanske foreldre som gifta seg transnasjonalt. Samanlikna med førre 6-års periode var dette ein liten nedgang. Svært få fann ei ektefelle i befolkninga elles. Dette gjaldt berre 14 kvinner og 21 menn i heile 12-års perioden.

Det er også mange av norskfødde med tyrkiske foreldre som har gifta seg transnasjonalt. I perioden 2002-2007 var det 69 prosent av kvinnene og 64 prosent av mennene som gifta seg transnasjonalt. Det er langt færre blant dei med foreldre frå Marokko, India og Vietnam som har gifta seg. Det er mindre grad av transnasjonale giftarmål i dei andre gruppene, med unntak av norskfødde menn med indiske foreldre, der 67 prosent har gifta seg transnasjonalt.

**Tabell 4.4. Busette norskfødde med innvandrarforeldre med bakgrunn frå utvalde land som gifta seg i perioden 1996-2001 og 2002-2007, etter ektefellen sin landbakgrunn. Prosent**

		1996-2001					2002-2007				
		Busett ektefelle			Ektefelle ikkje busett i Noreg	Busett ektefelle			Ektefelle ikkje busett i Noreg		
		I befolkninga elles	Same landbakgrunn	Anna landbakgrunn		I befolkninga elles	Same landbakgrunn	Anna landbakgrunn			
		I alt (N)			Prosent	I alt (N)					
Pakistan	Menn	220	2	21	3	75	515	3,3	22,5	3,5	70,7
	Kvinner	332	1	22	2	75,6	521	2,1	25,5	1,5	70,8
Tyrkia	Menn	41	2	17	5	75,6	107	4,7	27,1	4,7	63,6
	Kvinner	97	2	16	1	81,4	149	4	22,8	4,7	68,5
Marokko	Menn	6	0	0	0	100	29	3,4	37,9	3,4	55,2
	Kvinner	27	4	15	0	81,5	73	5,5	31,5	6,8	56,2
India	Menn	26	4	15	4	76,9	46	8,7	21,7	2,2	67,4
	Kvinner	39	8	18	5	69,2	71	19,7	21,1	12,7	46,5
Vietnam	Menn	1	0	0	0	100	22	5	27	18	50
	Kvinner	5	20	0	20	60	30	23	37	20	20

Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

**Færre giftar seg transnasjonalt over tid**

Det er viktig å hugse på at ekteskapsmønster er meir enn berre kven dei som har gifta seg har gifta seg med. Desse mønstera heng også saman med gruppas storleik og delen som faktisk har gifta seg. Dei som har gifta seg i denne perioden er unge.

Tabell 4.4 viser gjennomsnittet for to periodar, men når vi skal sjå på endringar må vi sjå på endringar frå år til år. Vi skal sjå litt nærare på dei to største gruppene, norskfødde med pakistanske og tyrkiske foreldre, og også her vil det for nokre år vere få giftarmål. Tabell 4.5 viser talet på giftarmål for kvart år blant pakistanske

og tyrkiske norskfødde med innvandrareldre, samt delen som transnasjonale giftarmål utgjør av dei ekteskapa som blei inngått.

Tala er relativt små, og det er også store variasjonar frå år til år, og tabellen viser snittet for relativt små grupper. I denne perioden har talet på norskfødde med innvandrareldre i aldersgruppa over 18 år med bakgrunn frå desse landa, auka kraftig. Ved inngangen til 1998 var det 1300 norskfødde med pakistanske foreldre over 18 år, 10 år seinare var det over 4800. Tilsvarende hadde talet på norskfødde med tyrkiske foreldre i same alder auka frå 170 til 1100. Det vil seie at populasjonen som er i ein alder der giftmål er aktuelt har auka moneleg i denne perioden.


På tross av at det har vore ei auke i populasjonen i denne perioden, har det ikkje vore ei klar auke i talet på dei som har gifta seg årleg. Sidan 2002 har det årleg vore mellom 150 og 190 pakistanske norskfødde med innvandrareldre som har gifta seg, og tilsvarende mellom 30 og 50 tyrkiske. Samsundes ser det ut til at det er ein tendens til at delen som har gifta seg transnasjonalt har blitt færre. I 2007 var det 63 prosent blant kvinner og 65 prosent blant menn med bakgrunn frå Pakistan som gifta seg transnasjonalt, mot 80 prosent i 2004. Tala varierar mykje får år til år, og det er vanskeleg å seie om denne nedgangen er stabil eller ikkje. Det er ikkje ein like klar nedgang blant norskfødde med tyrkiske foreldre, men denne gruppa er langt mindre og dermed også langt verre å følgje ei utvikling frå år til år hos. Figur 4.7 viser også delen transnasjonale giftarmål i perioden 1996-2007 og gir eit inntrykk av ein svak nedgang i delen som gifta seg transnasjonalt.

**Tabell 4.5. Norskfødde med pakistanske og tyrkiske foreldre som gifta seg i perioden 1996-2007. Prosent som gifta seg transnasjonalt.**

	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
Absolutte tal												
I alt												
Pakistan	50	67	79	118	110	128	169	149	191	185	166	176
Tyrkia	5	14	14	40	29	36	37	46	47	45	30	51
Menn												
Pakistan	18	18	37	38	54	55	79	76	100	94	77	89
Tyrkia	:	3	5	9	11	12	16	21	18	22	12	18
Kvinner												
Pakistan	32	49	42	80	56	73	90	73	91	91	89	87
Tyrkia	:	11	9	31	18	24	21	25	29	23	18	33
Prosent som har gifta seg transnasjonalt												
I alt												
Pakistan	82	70	79	77	73	74	76	74	80	63	67	64
Tyrkia	100	79	100	83	62	81	65	67	62	73	67	65
Menn												
Pakistan	78	83	70	82	76	69	75	74	80	62	69	65
Tyrkia	:	100	100	78	46	83	63	67	67	73	50	56
Kvinner												
Pakistan	84	65	86	75	70	78	78	74	80	65	65	63
Tyrkia	:	73	100	84	72	79	67	68	59	74	78	70

Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

**Figur 4.7. Norskfødde med pakistanske og tyrkiske foreldre som gifta seg i perioden 1996-2007. Prosent som gifta seg transnasjonalt**




Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

**Norskfødde med innvandrareldre som giftar seg transnasjonalt er yngre**

Norskfødde med innvandrareldre som gifta seg transnasjonalt, var yngre enn dei som gifta seg med nokon som allereie var busett i Noreg. Figur 4.8 viser gjennomsnittleg alder for dei norskfødde med pakistanske foreldre som gifta seg, etter kjønn. Det er for få som har gifta seg med personar i befolkinga elles eller med personar med anna landbakgrunn til å seie noko om alderen på desse. Få observasjonar gjer det også vanskeleg å trekke heilt tydelege konklusjonar. Men gjennomgåande er dei som giftar seg med personar med same landbakgrunn som seg sjølv i Noreg, noko eldre enn dei som giftar seg med nokon som ikkje er busett i Noreg. Alderen er noko aukande, som har ein samanheng med at norskfødde med innvandrareldre i snitt også blir eldre for kvart år som går, men uavhengig av dette er snittalderen for nesten kvart einsskilde år høgare for dei som fann ektefellen i Noreg enn for dei som gifta seg transnasjonalt.

**Figur 4.8. Gjennomsnittleg alder ved inngåing av ekteskap blant norskfødde med pakistanske foreldre. Kjønn og etter om ektefellen var busett i Noreg eller ikkje. 1996-2007**



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

#### 4.4. Oppsummering

Det har vore ei klar auke i omfanget av transnasjonale giftarmål, parallelt med at det har vore ei auke i giftarmål som involverer ein eller to innvandrar eller norskfødde med innvandrarforeldre. I faktisk omfang er det flest i befolkninga elles som giftar seg transnasjonalt. I 2006 var det 2 700 menn og kvinner i befolkninga elles som gifta seg transnasjonalt, blant innvandrarar totalt var det 1 800. Blant norskfødde med innvandrarforeldre var det knappe 200 transnasjonale giftarmål.

Om vi derimot ser på den delen dei transnasjonale giftarmåla utgjer i dei ulike gruppene, vil det derimot vere ein del skilnader. I 2007 var delen dei transnasjonale giftarmåla utgjorde blant menn i befolkninga elles på 10 prosent. For kvinner var delen på knappe 4 prosent. Kvinner i befolkninga elles som gifta seg med innvandrarar eller norskfødde med innvandrarforeldre, gifta seg i langt større grad med ein person som allereie var busett i Noreg. Ektefellen hadde også i langt større grad bakgrunn frå eit land i Norden eller Vest-Europa, enn det vi ser blant menn i befolkninga elles.

Menn i befolkninga eller som gifta seg transnasjonalt, fann i stor grad ei ektefelle som kom frå eit land i Asia eller Aust-Europa, nærare bestemt Thailand, Filippinane eller Russland. I tillegg har også transnasjonale giftarmål med kvinner med brasiliansk statsborgarskap auka betydeleg i omfang i løpet av perioden mellom 1996-2007. For kvinner i befolkninga elles, var den største gruppa av transnasjonale giftarmål i same periode med menn med tyrkisk og amerikansk statsborgarskap. Mønsteret som vi ser her, har ein klar samanheng med kva innvandringsrestriksjonar det er for ulike landgrupper. Medan innvandrarar frå Norden, EØS-land, Nord-Amerika og Oseania i stor grad kjem som arbeidsinnvandrarar og deretter etablerar seg her, er innvandringa frå land i Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa elles knytt opp til andre innvandringsrestriksjonar.

Blant busette innvandrarar med bakgrunn frå land i Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa, var delen som gifta seg transnasjonalt langt høgare enn for menn og kvinner i befolkninga elles. Tre av ti av kvinnene og seks av ti av mennene gifta seg i 2007 transnasjonalt. Her er det store skilnader mellom ulike innvandrargrupper. Medan menn og kvinner med bakgrunn frå Norden, Vest-Europa, Nord-Amerika og Oseania i stor grad fann ektefellar i befolkninga elles, var det blant ei rekke asiatiske og afrikanske landgrupper mange som fann ektefelle i eit anna land. Størst omfang av transnasjonale giftarmål i perioden 2002-2007 finn vi blant innvandrarar frå Pakistan, Tyrkia og Serbia og Montenegro, der tre av fire fann ei ektefelle i utlandet. I nokon landgrupper er det eit betydeleg skilje mellom menn og kvinner, og gjennomgåande er det flest menn som giftar seg transnasjonalt. Dette har ein samanheng med at det i mange innvandrargrupper er eit mannsverskott, og at det er fleire ugifte menn enn kvinner (jamfør kapittel 2). Til dømes var det blant dei med bakgrunn frå Vietnam seks av ti menn og tre av ti kvinner som gifta seg transnasjonalt. Vietnamesarar, srilankarar, bosniarar og somaliarar fann i stor grad ei ektefelle med sama landbakgrunn som seg sjølv i Noreg. Det ser ut til at det er eit skilje mellom dei som kom som tidleg arbeidsinnvandrarar (Pakistan, Tyrkia, Marokko og India) mot dei som har komme som flyktningar i omfang av transnasjonale giftarmål, men skilnadene er ikkje systematiske. Innvandrargruppa sin alders- og kjønnsamansetnad vil også spele inn.

Blant norskfødde med innvandrarforeldre får eit land i Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa, var det 54 prosent av kvinnene og 57 prosent av mennene som gifta seg transnasjonalt i 2007. Det har i løpet av perioden vore ein nedgang i transnasjonale ekteskap i denne gruppa. Det er klare skilnader i denne gruppa. Blant norskfødde med pakistanske foreldre, som er den største gruppa, var det sju av ti som gifta seg transnasjonalt i perioden 2002-2007. Dette er svært likt mønsteret vi ser blant pakistanske innvandrarar. Blant norskfødde med tyrkiske, indiske og marokkanske foreldre er delen noko lågare. Blant norskfødde med

vietnamesiske foreldre er det svært få som har gifta seg, og det er færre som har gifta seg transnasjonalt.

Over tid har det blitt færre som gifta seg transnasjonalt blant norskfødde med pakistanske eller tyrkiske foreldre, og i 2007 var delen 64 og 65 prosent. I snitt er dei som gifta transnasjonalt yngre enn dei som fann ektefelle i Noreg. Det ser dermed ut til at det *kan* vere ein samanheng mellom at norskfødde med pakistanske foreldre blir noko eldre i snitt når dei giftar seg, samsundes som det er ein nedgang i transnasjonale ekteskap i same gruppa.

## 5. Familieetableringar over landegrensene

Som vi skisserte opp innleiingsvis og har vore inne på i kapittel 3 og 4, innvandrar mange på grunn av at dei har etablert seg med ein person i Noreg. Vi skal i dette kapittelet sjå på dei transnasjonale giftarmåla med utgangspunkt i migranten eller *ekteskapsmigranten*, det vil seie dei personane som fekk opphald i Noreg på grunnlag av ei familieetablering. Vi skal i dette kapittelet sjå på ulike mønstre i denne ekteskapsmigrasjonen i perioden 1990-2006, på grunnlag av kven som er ankerperson (den herbuande ektefellen) og kva bakgrunn dei som kom har. Vi skal også sjå på alder på den herbuande parten i perioden 2000-2006. Til sist skal vi sjå at familieetableringar har ulik betydning for innvandringa frå ulike land, og vil påverke samansetnaden i innvandrargruppene her i Noreg på ulik måte.

Familieetableringane til menn og kvinner i befolkninga elles stod for 10 prosent av innvandringa frå land utanom Norden i perioden 1990-2006. Familieetableringar til innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre stod for 8 prosent.

### Familieetablering

Skiljet mellom ei sameining/medfølging og etablering er i hovudsak basert på ei vurdering av innvandrararen sin eigen og referansepersonen/ankerpersonen sin første innvandringsdato, vigselsdato (der det er relevant) og dei registreringane som finnes i tilgjengelege datakjelder. Det vil seie at dei grenseverdiane som er brukt i klassifiseringa er sett etter skjønn. Frå 2005 er dette skiljet definert i registra til UDI medan tala mellom 1990 og 2004 kan ha ein viss feilmargin.

Familieetableringar omfattar alle ekteskapsliknande relasjonar, dvs. ekteskap, partnerskap og sambuarskap, som er rekna for å vere nye. I alt er det i underkant av 2 prosent av familieetableringane i perioden 1990-2006 som er partnarar og sambuarar, og vi har difor ikkje skilt mellom desse gruppene og omtalar dei som ekteskap.

### 5.1. Familieetableringar til menn og kvinner i befolkninga elles


Dei fleste familieetableringar frå land utanom Norden, var i samband med ei etablering med ein person i befolkninga elles. I alt var det 57 prosent av familieetableringane i perioden 1990-2006 som var til menn og kvinner i befolkninga elles. Resten kom til ein innvandrarak (40 prosent) eller norskfødde med innvandrarforeldre (3 prosent).

#### Flest kvinner kjem

Det er klart flest kvinner som har komme til Noreg for å etablere seg i eit parforhold med ein person i befolkninga elles i perioden 1990-2006. I alt var sju av ti som kom for å etablere seg med nokon i befolkninga elles, kvinner (20 600 kvinner mot 8 600 menn). Og det har blitt stadig fleire kvinner frå år til år. Dette heng saman med at det er flest menn i befolkninga elles som gifter seg transnasjonalt, og at det har blitt stadig fleire som gjer det (jamfør kapittel 4).

I figur 5.1 ser vi omfanget av familieetableringar etter innvandrararen sitt kjønn, der ankerpersonen er i befolkninga elles. Tala varierar noko frå år til år (sjå også vedleggstabell 7). Dei årlege variasjonane kan både skuldast saksbehandling i UDI og søknadsmengde. Men i tillegg skal ein vere merksam på at skiljet mellom attforeing/medfølging og etablering blitt meir presis frå og med 2005. Nedgangen kan frå 2004 dermed bli forklart både med eit betra statistikkgrunnlag, endringar i søknadsmengde og saksbehandlingstid. Men det *kan* også vere teikn på ein viss nedgang.

**Figur 5.1. Kvinner og menn frå land utanom Norden som kom til Noreg på grunn av ei familieetablering med ein person i befolkninga elles. 1990-2006**



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### Populært med koner frå Thailand

Kvinner med thailandsk, filippinsk og russisk statsborgarskap var dei mest populære ektefellane i perioden 1990-2006. I heile perioden hadde 47 prosent av kvinnene som innvandra på grunn av ei familieetablering til ein mann i befolkninga elles, bakgrunn frå eit av desse landa. Og det var flest koner frå Thailand. I alt var det om lag 4 800 kvinner frå Thailand som kom for å etablere seg med ein person i befolkninga elles i løpet av perioden 1990-2006. Thailandske kvinner stod aleine for 23 prosent av blant dei ikkje-nordiske familieetableringane blant kvinner i denne perioden (vedleggstabell 23). Heile 95 prosent av kvinnene som kom på grunnlag av ei familieetablering kom til ei ektefelle i befolkninga elles. Svært få menn innvandra frå Thailand i same periode på grunnlag av ei familieetablering (dryge 120 personar).

Frå Russland og Filippinane var det også fleirtalet av kvinner som kom til ei ektefelle i befolkninga elles (84 og 93 prosent), men dei var betydeleg færre i tal (respektive 2 500 og 2 300 kvinner). I tillegg kom dei fleste kvinnene frå USA og Polen (drygt 1000 kvinner frå begge land), også til ei ektefelle i befolkninga elles med ein del av familieetableringane på respektive 92 og 74 prosent. Også blant kvinner frå Brasil var det 91 prosent som kom til ei ektefelle i befolkninga elles (av i underkant av 800 kvinner) (sjå tabell 5.1 og figur 5.2). Men i denne samanhengen er det svært klare skilnader mellom menn og kvinner i ekteskapsmigrasjonen. Medan det utelukkande nesten berre er kvinner som kjem frå dei asiatiske og latinamerikanske landa, er det også mange menn frå USA som kjem på grunn av ei familieetablering.

### Flest menn frå USA og Tyrkia

I all hovudsak er det flest menn med bakgrunn frå Norden, Vest-Europa, Nord-Amerika og Oseania som kjem på grunn av ei familieetablering med ei kvinne i befolkninga elles. I tillegg er det mange med bakgrunn frå særleg Tyrkia og Marokko. Det kom flest ektemenn frå USA og frå Tyrkia i løpet av perioden 1990-2006 (dryge 1000 frå begge). I alt hadde 12 prosent av dei ikkje-nordiske mannlege ektefellane bakgrunn frå USA, og ein like stor del bakgrunn frå Tyrkia (sjå vedleggstabell 23). Men desse to gruppene er elles relativt ulike; medan 94 prosent av mennene frå USA kom på grunnlag av ei familieetablering kom til nokon i befolkninga elles, gjaldt dette 55 prosent av dei tyrkiske ektemennene. Til samanlikning var det få tyrkiske kvinner som kom til ein ektefelle i befolkninga elles (10 prosent), mens dette ikkje er tilfelle for kvinner frå USA (93 prosent). Dei


andre store gruppene er menn med bakgrunn frå Storbritannia (om lag 800), der 94 prosent kom på grunnlag av ei familieetablering til ein person i befolkninga elles. Tilsvarande var det over 500 marokkanske menn. Mønsteret i denne siste gruppa liknar på det vi ser for dei tyrkiske, 64 prosent kom til ein person i befolkninga elles blant mennene medan dette gjaldt 15 prosent av dei marokkanske kvinnene.

### Europearar kom til ektefellar i befolkninga elles

Flest av dei som kjem for å etablere seg i Noreg frå europeiske land, startar familie med ein person i befolkninga elles (sjå tabell 5.1). Dette gjeld både dei som kjem frå Storbritannia (83 prosent), Romania (81), Litauen (80), Nederland (79), Tyskland (77) og Polen (71). Som vi såg i kapittel 3 og 4 er det også mange nordiske innvandrarak som giftar seg med personar i befolkninga elles, men desse er ikkje med her.

Det er likevel klare kjønnskilnader i desse europeiske gruppene (sjå figur 5.2). Medan 94 prosent av britiske menn som kjem på grunnlag av ei familieetablering kjem til ei kvinne i befolkninga elles, gjeld dette 68 prosent av dei britiske kvinnene. Det same mønsteret ser vi blant tyske menn (84 prosent) og kvinner (72 prosent), og nederlandske menn (90 prosent) og kvinner (65 prosent). For dei polske statsborgarane ser vi ein omvendt mønster, ved at det er ein større del av dei kvinnelege familieetablerarane som kom til menn i befolkninga elles (74 prosent) enn menn (46 prosent).

**Figur 5.2. Kvinner og menn frå land utanom Norden som kom til Noreg til ei ektefelle i befolkninga elles. Prosent av alle familieetableringane 1990-2006**



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### Auke i mange grupper

Vi såg i figur 5.1 at det frå 1990 har det vore ei stor auke i familieetableringar til ankerpersonar i befolkninga elles, og det har vore ei tydeleg auke i familieetableringane for mange av landgruppene. I figur 5.3 ser vi på slike familieetableringar for nokre grupper for enkelte år. Når vi trekker fram enkelte landgrupper og enkelte år, må ein vere klar over at det kan vere nokre usikkerheitsmoment med statistikken. Tala er avhengig av både saksbehandlingstid, søknads-pågang av andre saker og at tala frå før 2004 er med ein viss feilmargen. Derfor er


nivå meir enn absolutte tal interessant. Dei absolutte tala vil variere mykje frå år til år, men det biletet endringane gir, er relativt stabilt.

Det har vore ei tydeleg auke i personar som har komme på grunnlag av familie-etableringane frå Thailand, frå om lag 80 etableringar i 1990 til mellom 550 til 650 frå 2002 og fram til 2006. Det er også denne gruppa som skil seg ut som den klart største gruppa av personar som har fått opphald på grunnlag av ei familie-etablering. Det har også vore ei klar auke i familieetableringane blant til dømes dei med bakgrunn frå Filippinane, Russland og Brasil, men for dei med bakgrunn frå Russland har det vore ein svak nedgang dei seinare åra. Som vi har sett er det frå desse landa flest kvinner som har komme på grunnlag av ei familieetablering. Dette mønsteret såg vi også i kapittel 3 og 4, at det har vore ei auke i registrerte ekteskap med kvinner med bakgrunn frå desse landa (både busett og ikkje busett i Noreg).

Frå Tyrkia såg vi at det i stor grad var snakk om menn som kom til kvinner i befolkninga elles. Totalt i perioden 1990-2006 var det over 1000 menn som fekk opphald på grunnlag av ei familieetablering med ei kvinne i befolkninga elles, mot om lag 140 tyrkiske kvinner. I løpet av perioden har det vore ei auke frå om lag årleg i underkant av 20 i perioden fram til 1994, over 130 i 2002/2003, og ein nedgang til rundt 90 i 2006. For dei med bakgrunn frå Marokko såg vi eit liknande mønster, men familieetableringane frå Marokko har vore av langt mindre omfang enn den har vore frå Tyrkia.

Frå USA såg vi at det var om lag like mange kvinner som menn som har komme for å etablere seg i eit forhold. For denne gruppa kan vi ikkje sjå at det har vore ei tilsvarende auke i perioden, som vi såg for dei tidlegare nemnde gruppene. Dette talet har truleg ein samanheng med omfanget av norske studentar i USA. Det har heller ikkje vore ei markert auke i løpet av perioden 1990-2006 frå andre vest-europeiske grupper (som Storbritannia og Tyskland). Det har vore ein klar nedgang frå 1990 til 2006 blant dei med bakgrunn frå Polen. Det var over 100 personar i 1990 som kom for å etablere seg i eit parforhold, medan talet var nede i under 40 i 2006. Opninga av grensene for utvandring frå dei austreuropeiske landa generelt etter murens fall, og særleg innvandring frå desse landa til Noreg, spelar truleg ein viktig rolle for denne nedgangen.

**Figur 5.3. Familieetableringar frå land utanom Norden til menn og kvinner i befolkninga elles. Utvalde land. Absolutte tal for 1990, 1995, 2000 og 2006**



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

**Tabell 5.1. Familieetableringar i alt og for utvalde enkeltland, og fordelt etter ankerpersonen sin innvandrarkategori. 1990-2006. Prosent**

	Familieetablering i alt (N)			Herbuande sin innvandringskategori ved familieetablering								
				I befolkninga elles			Innvandrarar			Norskfødde med innvandrarforeldre		
	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
I alt	51220	36661	14559	57	56	59	40	42	35	3	2	7
Av dette:												
Thailand	5162	5038	124	95	95	73	5	5	26	0	0	1
Pakistan	3842	2159	1683	4	1	7	70	78	59	27	21	34
Tyrkia	3262	1354	1908	36	10	55	56	83	37	8	7	8
Russland	3111	3004	107	84	84	59	16	16	41	0	0	0
Filippinane	2693	2501	192	88	93	22	12	7	77	0	0	1
USA	2381	1269	1112	93	92	94	7	8	5	1	1	0
Polen	1760	1573	187	71	74	46	29	26	53	1	1	1
Marokko	1631	848	783	39	15	64	58	83	31	4	2	6
Vietnam	1622	1391	231	15	16	5	85	83	94	1	1	2
Storbritannia	1475	619	856	83	68	94	15	28	5	2	4	1
Sri Lanka	1454	1219	235	4	3	10	96	97	90	0	0	0
Serbia og Montenegro	1277	806	471	22	9	45	76	90	51	2	1	4
Iran	1128	908	220	10	4	36	90	96	64	0	0	0
India	1084	722	362	14	12	19	76	81	66	10	7	16
Irak	1004	847	157	4	0	23	96	99	77	0	0	0
Brasil	964	848	116	91	91	90	8	8	9	1	1	2
Kina	840	711	129	41	46	16	58	54	81	1	1	2
Tyskland	801	462	339	77	72	84	22	27	15	1	1	1
Chile	652	386	266	43	39	48	56	61	50	1	1	2
Romania	628	504	124	81	81	83	19	19	17	0	0	0
Somalia	549	416	133	2	1	4	98	99	96	0	1	0
Bosnia-Hercegovina	495	313	182	11	9	13	90	91	87	0	0	0
Ukraina	479	455	24	87	87	79	13	13	21	0	0	0
Litauen	348	322	26	80	81	73	19	19	27	1	1	0
Nederland	324	134	190	79	65	90	20	34	10	1	1	1
Etiopia	318	227	91	17	17	15	83	83	85	0	0	0
Afghanistan	283	216	67	6	1	22	93	98	78	1	1	0


Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

## 5.2. Familieetableringar til innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre

### Fire av ti kom til innvandrarar

Familieetableringane til innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre i løpet av 1990-2006, stod som nemnd for 8 prosent av den totalte innvandringa frå land utanom Norden (jamfør kapittel 2). I alt var det 20 400 personar frå land utanom Norden som kom på grunnlag av ei familieetablering med ein person som sjølv hadde innvandra i perioden 1990-2006 (sjå figur 5.3). Dette tilsvarte 40 prosent av alle familieetableringar i perioden. I 2002 var det eit førebels topp for familieetableringar til innvandrarar, med om lag 1 900 familieetableringar. Talet var nesten like høgt i 2005, medan det i 2006 var færre igjen (sjå vedleggstabell 22). Desse endringane frå år til år er svært avhengig av både søknadsmengde og saksbehandlingstid i UDI, men også truleg av endringar i samansetninga i innvandrarbefolkninga i Noreg. Over tid er det ulike innvandrargrupper i Noreg som får opphald for sine utanlandske ektefellar. I tillegg blei skiljet mellom familieetablering og familiesameining gjort i UDI sine register frå og med 2005, slik at registreringane truleg er meir korrekte dei siste to åra enn tidlegare år.

**Figur 5.4. Kvinner og menn frå land utanom Norden som kom på grunn av ei familieetablering med ein innvandrar eller norskfødde med innvandrarforeldre. 1990-2006**



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### Få kom til norskfødde med innvandrarforeldre

I omfang av familieetableringane, var det få som kom til norskfødde med innvandrarforeldre i perioden 1990-2006. I alt var i alt 1 700 personar som kom på grunnlag av ei familieetablering til ein person som var norskfødd med innvandrarforeldre. Dette tilsvarte berre 3 prosent av alle familieetableringar i perioden. Sidan norskfødde med innvandrarforeldre som er busett i Noreg framleis er unge og få har komme i ein alder der giftemål er aktuelt, er dette eit mønster som er som forventa. Som vi ser av figur 5.3, har ikkje talet på dei som har komme til norskfødde med innvandrarforeldre auka i løpet av dei siste åra. Tvert om har det også blant norskfødde med innvandrarforeldre blitt ein liten nedgang i talet på dei som har vore ankerpersonar til ektefellar. Frå 2003 til 2005 har det vore dryge 200 norskfødde med innvandrarforeldre årleg som fekk opphald for ektefellar til Noreg, medan det var ein nedgang til om lag 170 i 2006. Det er vanskeleg å seie kva denne kanskje overraskande nedgangen skuldast, og om dette vil vedvare. Som vi såg i kapittel 4 har det blitt stadig fleire norskfødde med innvandrarforeldre som har komme i ein alder der ekteskap er aktuelt, samstundes som det kan det sjå ut til at det blir prosentvis færre som giftar seg transnasjonalt (men framleis om lag 6 av 10 blant norskfødde med foreldre frå eit land i Asia, Afrika, Latin-Amerika eller Aust-Europa).

### Også her flest kvinner som kjem som ektefellar

Det er langt flest kvinner som har innvandra på grunn av ekteskap med ein innvandrar (15 400 personar) enn menn (dryge 5 000) (sjå vedleggstabell 7 og 22). Kvinner utgjorde med andre ord 75 prosent av dei som kom for å etablere seg i eit parforhold med ein innvandrar. Dette stemmer godt med det biletet vi har skissert opp tidlegare på grunnlag av registrerte ekteskapsinngåingar: det er langt fleire menn enn kvinner som giftar seg transnasjonalt, både i innvandrarbefolkninga og i befolkninga elles.

Blant dei som har innvandrar til ein norskfødde med innvandrarforeldre, er det derimot flest menn som har komme (57 prosent). Dette har ein samanheng med at kvinner giftar seg tidlegare enn menn, både blant innvandrarar, norskfødde med innvandrarforeldre og i heile befolkninga (jamfør kapittel 2).

### **Flest frå Pakistan og Tyrkia til innvandrarane...**

I alt var det i løpet av 1990-2006 nesten 2 700 som kom som ektefellar frå Pakistan til personar som sjølv hadde innvandra, og 1 800 frå Tyrkia. Det var flest kvinner frå desse landa, og det var om lag 1 700 pakistanske kvinner som kom på grunnlag av ei familieetablering til ein person som sjølv hadde innvandra (vedleggstabell 23). I tillegg har dei største gruppene kvinner komme frå Sri Lanka og Vietnam (begge grupper opp mot 1 200 kvinner) og Tyrkia (dryge 1 100 kvinner). Det var flest menn frå Pakistan (nær 1000) og Tyrkia (dryge 700) som kom til ein innvandrarar. Dette er grupper, saman med dei frå Marokko og India, som i Noreg er rekna for å vere blant dei mest etablerte gruppene.

### **...men har ulike migrasjonsmønster**

Desse gruppene har likevel ganske ulike mønstrar i familieetableringa over landegrensene. Som vi såg tidlegare i kapitlet, er det mange tyrkiske menn som har fått ei familieetablering med ein person i befolkninga (53 prosent). Menn frå Marokko skil seg på same måte ut (med 64 prosent), i forhold til det vi ser blant dei som har komme frå Pakistan (7 prosent).

Nesten alle kvinnene med bakgrunn frå Pakistan (99 prosent) kom også til ein person som hadde innvandra sjølv eller var norskfødde med innvandrarforeldre, og dette gjaldt 93 prosent av pakistanske menn. Delen som kom til innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre var også høg blant kvinner med bakgrunn frå India, Tyrkia og Marokko (mellom 80 og 90 prosent).


### **Mange asiatiske og afrikanske innvandrar etablerar seg med andre innvandrarar**

Mange asiatiske og afrikanske innvandrarar kjem i stor grad til personar som sjølv er innvandrarar eller norskfødde med innvandrarforeldre. Dette gjeld nær sagt alle kvinnene med bakgrunn frå Irak, Somalia, Afghanistan, Sri Lanka og Iran (sjå tabell 5.1). Figur 5.5 viser prosenten som etablerte seg med innvandrarar eller norskfødde med innvandrarforeldre av alle familieetableringane, frå landgruppene med flest familieetableringar til denne gruppa. Desse innvandrargruppene utgjør vidt forskjellige grupper når det gjeld periode for innvandringa og ved gruppene har budd ulik tid i Noreg (jamfør kapittel 2). Gruppene har det fellestrekket at mange har bakgrunn som flyktingar. Blant dei kvinnene som kom frå desse landa for å etablere seg i eit nytt forhold i løpet av perioden 1990-2006, var det over 96 prosent som kom til ein ektefelle som sjølv hadde innvandra.

Dette gjeld i mindre grad menn med bakgrunn frå dei same landa, med unntak av menn med bakgrunn frå Somalia (96 prosent etablerte seg med ei ektefelle som sjølv hadde innvandra) og Sri Lanka (90 prosent). Likeins gjeld dette over 90 prosent av mennene med bakgrunn frå Vietnam. Menn frå Iran, Irak og Afghanistan etablerte seg i langt større grad med kvinner i befolkninga elles, med respektive 36, 23 og 22 prosent.

Saman med pakistarar er srilankarane og somaliarane dei som i størst grad etablerar seg med andre innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre. Dette står i kontrast til mellom anna dei med bakgrunn frå Marokko og Tyrkia, der migrasjonsmønstra er meir samansett. På den andre sida har vi familieetableringa frå Thailand, Brasil, Filippinane og Russland, som i like stor grad som europearar og amerikanarar etablerar seg med menn og kvinner i befolkninga elles.

**Figur 5.5. Kvinner og menn frå land utanom Norden som har fått opphald på grunnlag av ei familieetablering med innvandrarar eller norskfødde med innvandrarbakgrunn. Prosent av alle familieetableringane 1990-2006**



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### Flest frå Pakistan som kom til norskfødde med innvandrarforeldre

Det var flest frå Pakistan som kom til norskfødde ektefellar med innvandrarforeldre (vedleggstabell 23 og tabell 5.1). Over 1000 pakistanske menn og kvinner kom til norskfødde med innvandrarforeldre i perioden 1990-2006, og talet har vore aukande frå under 10 kvart år tidleg på 1990-talet, til 100 i 2006. Det har vore ein nedgang frå 2004 til 2006. I alt tilsvarte familieetableringane til norskfødde med innvandrarforeldre nær 27 prosent av alle familieetableringane frå Pakistan i denne perioden. Som vi skal sjå seinare i kapitlet, er kjem dei fleste til personar med same landbakgrunn som seg sjølv. Det er difor ikkje overraskande at det blant dei som har komme til norskfødde med innvandrarforeldre, er flest blant dei som kjem frå Pakistan. Dette er den største gruppa av vaksne norskfødde med innvandrarforeldre.

Elles var det blant dei med bakgrunn frå Tyrkia (om lag 250 personar), India (110) og Marokko (60) det var flest familieetableringar til norskfødde med innvandrarforeldre, og dette tilsvarte respektive 10, 8 og 4 prosent av familieetableringane frå desse landa (sjå tabell 5.2). Dette er ikkje uventa, då det også i desse gruppene dei fleste norskfødde med innvandrarforeldre som har komme i ein alder der giftemål kan vere aktuelt. Verdt å merke seg er at under 1 prosent av familieetableringane blant vietnamesiske innvandrarar var til norskfødde med innvandrarforeldre. Dette på tross av at dette er den nest største gruppa av vaksne norskfødde med innvandrarforeldre.

### Stadig auke i familieetableringane

I perioden 1990-2006 har talet på familieetableringar til innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre auka. I 1990 var det dryge 500 familieetableringar totalt til denne gruppa, mot 1 900 i 2006 (sjå vedleggstabell 22). Auken var særleg stor mellom 1990 til 1998, med ei auke 190 prosent i omfanget av familieetableringar (eller nesten ei tredobling). Auken i talet på innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre var i same periode på 45 prosent. Frå 1998 til 2006 var auken i familieetableringane på 23 prosent, medan talet på innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre auka med over 60 prosent.

Talet og auken på familieetableringar til innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre må sjåast i samanheng med fleire forhold. Talet heng saman med kor mange innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre som bur i

Noreg, og auken som har skjedd gjennom anna innvandring (arbeid, flukt, utdanning, familiesameiningar). Vidare vil kjønns- og alderssamansetnaden og storleiken på gruppa påverke kor mange som faktisk giftar seg. Kor mange som av desse igjen giftar seg transnasjonalt er påverka av preferansar og kor mange potensielle ektefellar ein kan finne i den innanlandske ekteskapsmarknaden.

### **Klårast auke i familieetableringar frå Irak, Somalia og Serbia og Montenegro**

Som vi ser i figur 5.6 har det vore ei klar auke i familieetableringane frå 1990 til 2006 særleg blant dei frå Irak, Somalia og Serbia og Montenegro. Blant gruppene frå Irak og Somalia, har det vore ei stor auke i perioden frå nær sagt ingen familieetableringar til personar med innvandrarbakgrunn på byrjinga av 1990-talet, til nær 150 og 100 i 2006. Auken har vore mest markant etter 2001. Både Irak og Somalia er innvandrargrupper som i stor grad har etablert seg i Noreg som følgje av flukt, frå slutten av 1990-talet og framover. Derfor er auken mellom 2000 og 2006 eit utslag av at innvandrargruppa frå desse landa har auka så mykje som den har gjort (sjå også kapittel 2, tabell 2.1).

Også innvandrargruppa frå Serbia og Montenegro har auka i same periode (sjå kapittel 2, tabell 2.1), men her har også samansetnaden i gruppa endra seg i løpet av perioden. Frå 2000 og etter det, har innvandringa herifrå primært vore kosovoalbanarar.

### **Flest frå Pakistan**


Jamt over har det vore ei stor auke i talet på familieetableringar i løpet av 1990 til 2006. Som vi ser i figur 5.6 har det vore relativt ustabile tal for kvart år, men at nivået likevel har auka. Årleg har langt dei fleste ektefellane til personar med innvandrarbakgrunn komme frå Pakistan, med mellom 100 og 300 familieetableringar. Dette er ikkje uventa, då den pakistanske innvandrargruppa i denne perioden har vore den største gruppa av innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre i Noreg (sjå kapittel 2). Og som vi såg i kapittel 4, er også dette ei innvandrargruppe som i stor grad giftar seg transnasjonalt. Frå 2004 og 2006 har det vore ein nedgang, medan det i 2004 var om lag 300 familieetableringar frå Pakistan var talet var om lag 230 i 2006.

Blant dei andre meir etablerte innvandrargruppene er talet familieetableringar til personar med innvandrarbakgrunn langt lågare. I 1990 var det knappe 80 ektefellar frå Tyrkia, berre litt færre enn for Pakistan, medan talet berre var auka til 100 i 2006. Også her har det vore ein nedgang frå ein førebels topp-år i 2002 (190 etableringar). Til samanlikning var det 50 og 30 etableringar får India og Marokko i 1990, og om lag 60 får begge landa i 2006. I begge desse to siste landgruppene har talet vore stabilt dei siste åra.

### **Nedgang i familieetableringar frå Vietnam og Sri Lanka**

Blant dei andre meir etablerte flyktningsgruppene som er tatt med her i denne samanlikninga, Vietnam og Sri Lanka, har det også vore ei auke i familieetableringane i perioden 1990-2006 men omfanget er ikkje så stort samanlikna med andre større innvandrargrupper. I 2006 var det respektive 80 og 60 familieetableringar frå desse landa. Vi har tidlegare sett at dette er grupper som i større grad enn dei andre finn ektefellar med same landbakgrunn som seg sjølv i Noreg (jamfør kapittel 4), og det er færre som giftar seg transnasjonalt. I tillegg er det fleire blant dei vietnamesiske kvinnene som har gifta seg med ein ektefelle i befolkninga elles.

**Figur 5.6. Familieetableringar frå land utanom Norden til innvandrarak og norskfødde med innvandrareldre, dei 10 største gruppene. 1990, 1995, 2000 og 2006.**



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### 5.3. Kjem dei til personar med same bakgrunn som seg sjølv?

Det er openberre skilnader på grad av eksogami og endogami i mønstra i ekteskapsmigrasjonen for dei ulike landgruppene. I nokon grupper kom innvandranane primært på grunn av ei familieetablering med ein person i befolkninga elles. Dette såg vi i størst grad gjaldt dei som kom frå Thailand, USA, Brasil, Filippinane og Russland, samt europeiske land. I andre grupper kom nesten alle til personar som sjølv enten er innvandrar eller norskfødde med innvandrareldre. Nokon av desse gruppene skal vi sjå nærare på her. I tabell 5.1 blir ikkje den innvandra sin landbakgrunn sett opp mot ankerpersonen sin landbakgrunn. I tabell 5.2 gjer vi det i dei tilfella der ankerpersonen er ein innvandrar eller norskfødd med innvandrareldre for nokon utvalde grupper av dei som fekk opphald på grunnlag av ei familieetablering. Det vil seie at vi ser på i kva grad det er samsvar mellom *ekteskapsmigranten* sitt statsborgarskap og *ankerpersonen* sin landbakgrunn når ankerpersonen er innvandrar eller norskfødd med innvandrareldre i perioden 1990-2006.

#### Mange kjem til personar med same bakgrunn som seg sjølv

Kanskje ikkje overraskande er det eit stort samanfall mellom ankerpersonen sin landbakgrunn og statsborgarskapen til ektefellen. Dette gjeld både dei som kjem til innvandrarak og dei som kjem til norskfødde med innvandrareldre. Mange finn ei ektefelle i utlandet med bakgrunn i sitt eige opphavsland (tabell 5.2). Det er i mellomtid viktig å merke seg at det i tabell 5.2 er sett på prosenten i forhold til omfanget av dei personane som har komme til Noreg på grunnlag av ei familieetablering frå kvart enkelt land (N). I kapittel 4 såg vi på inngåingar av transnasjonale ekteskap og andre giftarmål blant innvandrarak og norskfødde med innvandrareldre som var busett i Noreg. Om ein såg på samsvaret mellom landbakgrunn og statsborgarskap med utgangspunkt i transnasjonale ekteskap inngått i Noreg som i kapittel 4, ville ein få liknande resultat. Her ville vere mange av dei ikkje busette ektefellane som har ukjend statsborgarskap (jamfør Daugstad 2006a:110).

#### Srilankarakom til sine egne

Nesten alle *ekteskapsmigrantane* som kom frå Sri Lanka til ein ankerperson som også hadde bakgrunn frå Sri Lanka. Dette gjaldt 96 prosent av dei som kom på grunnlag av ei familieetablering. Det er også eit endogamt mønster i

ekteskapsmigrasjonen frå Pakistan, Somalia, Afghanistan og Irak, der mellom 93 og 90 prosent kom til ein ankerperson med same landbakgrunn som seg sjølv. Dei tre sistnemnde gruppene er relativt nyetablerte grupper i Noreg, medan dei med bakgrunn frå Sri Lanka og Pakistan er blant dei meir etablerte innvandrargruppene i Noreg.

I andre etablerte grupper er det til samanlikning langt større innslag av eksogami i ekteskapsmigrasjonen. Blant dei som kom frå Marokko og Tyrkia til dømes, er det om lag halvparten som kom til ei ektefelle med marokkanske eller tyrkisk landbakgrunn i perioden 1990-2006. I desse gruppene er det, som vi allereie har sett, eit betydeleg innslag av ankerpersonar som er i befolkninga elles. Vi såg også at det er betydelege kjønnskilnader her, og at det i størst grad er menn som kom til ein ankerperson i befolkninga elles.

### **Etioparar og kinesarar kom i liten grad til personar med same bakgrunn**

Etioparar og kinesarar er i denne samanhengen dei som har mest eksogamt mønster i ekteskapsmigrasjonen (om vi ser bort ifrå dei europeiske familieetableringane og familieetableringane frå Thailand, Brasil, Filippinane og Russland i tabell 5.1). Blant dei etiopiske og kinesiske innvandrarane var det om lag seks av ti som kom til ein person med anna bakgrunn enn seg sjølv, enten i befolkninga elles eller med anna landbakgrunn. Etioparar kom i størst grad til personar med anna landbakgrunn enn seg sjølv, og i minst grad til personar i befolkninga elles. Mange kom til ein person med eritreisk eller somalisk landbakgrunn; det vil seie dei geografiske nærområda.

Også blant innvandringane frå Kina ser vi det same, at ankerpersonane som ikkje hadde bakgrunn frå Kina elles hadde bakgrunn geografiske nærområder, som Hong Kong og Vietnam. Blant kinesiske *ekteskapsmigrantar* var derimot flest som kom til ankerpersonar i befolkninga elles, og har dermed eit migrasjonsmønster som i større grad liknar på det mønsteret vi såg for andre asiatiske grupper som Thailand og Filippinane.

For dei med bakgrunn frå Serbia og Montenegro var det ein av fire som kom til ein innvandrar eller norskfødd med innvandrarforeldre som i stor grad kom frå dei geografiske nærområda. Den største gruppa var ankerpersonar med bakgrunn frå Bosnia- Hercegovina og Makedonia. Blnt dei som har bakgrunn frå Bornia- Hercegovnia var det langt førre som kom til ein ankerperson med anna landbakgrunn enn seg sjølv. Slektskapsband, sosiale nettverk og etnisk tilknytning kan gå på tvers av kva land personen (registerteknisk) kjem ifrå.

**Tabell 5.2. Familieetableringar i alt, og prosent der innvandrarens og ankerpersonens bakgrunn samsvarar. 1990-2006**

	Familie- etableringar i alt (N)	Familie- etableringar i alt	Befolkninga elles	Innvandrarar og norskfødde med same bakgrunn	Innvandrarar og norskfødde med anna bakgrunn
Sri-Lanka	1454	100	4	96	0
Pakistan	3842	100	4	93	3
Somalia	549	100	1	92	6
Irak	1004	100	4	90	7
Afghanistan	283	100	6	89	5
Bosnia-Hercegovina	495	100	11	85	4
Iran	1128	100	10	85	5
Vietnam	1622	100	14	84	2
India	1084	100	14	75	10
Serbia og Montenegro	1277	100	22	53	25
Marokko	1631	100	39	51	10
Tyrkia	3262	100	36	48	16
Kina	840	100	41	41	18
Etiopia	318	100	17	40	44

Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

## 5.4. Unge ankerpersonar

Alder fekk eit betydeleg fokus i arbeidet med ny utlendingslov, og som nemnd i kapittel 3 var forslag om aldersgrense for å vere ankerperson ved familie-sameiningar og familieetableringar var ute til høyring (Ot.prp. nr. 75 (2006-2007): Om lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her i landet (utlendings-loven)). Det blei mellom anna foreslått å sette ei aldersgrense på 21 år (som i Nederland) og ei aldersgrense på 24 år blei også drøfta (som i Danmark). Også frå andre hald blir det retta eit sterkt fokus på alderen for både den parten som søker og kjem på grunnlag av ei familiesameining eller familieetablering, og alderen til ankerpersonen (Storhaug 2006, Karlsen 2007). I dette avsnittet skal vi illustrere omfanget av unge som har vore ankerperson ved ei familieetablering i perioden 2000-2006.

### Få var 20 år eller yngre

Det var få som var 20 år eller yngre av dei som var ankerperson ved ei familie-etablering i perioden 2000-2006. I denne 6-års perioden var det i alt knappe 750 personar som var ankerperson ved ei familieetablering når dei var så unge, og fleirtalet var i befolkninga elles. Det var flest unge ankerpersonar i befolkninga elles, med 440 personar i denne perioden. Det var 250 innvandrarar og 42 norskfødde med innvandrarforeldre (6 prosent) blant dei unge ankerpersonane i denne perioden (sjå tabell 5.4).

Det har ikkje vore ei klår auke eller klår nedgang i omfangen av unge anker-personar. I 2006 var det 2,4 prosent av familieetableringane som var til unge som var 20 år eller yngre, medan dette i 2000 gjaldt 5 prosent. Det har stadig blitt fleire norskfødde med innvandrarforeldre blant unge ankerpersonar. Dette har ein samanheng med at dei norskfødde med innvandrarforeldre er ei ung gruppe, få har komme i ein alder der ekteskap er aktuelt, men talet aukar raskt. Som vi såg utsett også norskfødde med innvandrarforeldre giftarmålet, i forhold til innvandrarar. I 2006 var det i alt 109 personar som var ankerperson til ei ektefelle frå eit land utanom Norden, som var 20 år eller yngre. Det var 18 norskfødde med innvandrar-foreldre (eller 17 prosent av dei unge). Det var 14 av desse som hadde bakgrunn frå Pakistan. Det var flest unge innvandrarar (46 prosent) og unge i befolkninga elles (38 prosent) blant dei unge ankerpersonane i 2006.

Blant norskfødde med innvandrarforeldre utgjorde dei unge 20 år eller yngre ein større del av dei som var ankerperson i 2006 (11 prosent) enn tidlegare (sjå tabell 5.3). At det har blitt fleire norskfødde med innvandrarforeldre som har fått ei ektefelle frå utlandet dei siste åra, heng saman med at populasjonen har blitt større. At det har blitt ein større del unge, heng ikkje nødvendigvis saman med dette. Det kan henge saman med at samansetnaden av gruppa har endra seg, men kan og godt vere eit uttrykk for at det faktisk blir meir vanleg for unge norskfødde med innvandrarforeldre å gifte seg.

Konsekvensane av ei aldersgrense på 21 år ved ei familieetablering ville altså ikkje blitt så stor. Størst konsekvensar ville ei slik aldersgrense hatt for unge innvandrarar og i befolkninga elles. Men prosentvis ville det ha påverka samansetnaden blant ankerpersonane som var norskfødde med innvandrarforeldre.

**Tabell 5.3. Familieetableringar etter ankerpersonen sin alder og innvandarkategori. 20 år eller yngre. 2000-2006**

	I befolkninga elles			Norskfødde med innvandrareforeldre	I befolkninga elles			Norskfødde med innvandrareforeldre
	I alt	Inn- vandrarar			I alt	Inn- vandrarar		
	Absolutte tal				Prosent av ankerpersonane i kvar gruppe			
2000-2006	736	442	252	42	2	3	2	2
2000	170	68	102	0	5	4	8	0
2001	141	100	39	2	4	4	3	1
2002	98	80	14	4	2	3	1	2
2003	79	66	11	2	2	2	1	1
2004	59	49	5	5	1	2	0	2
2005	80	38	31	11	2	1	2	5
2006	109	41	50	18	2	2	3	11

Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

**Ni prosent av etableringane i 2006 var til ein ankerperson som var 23 år eller yngre**

Ei anna aldersgrense som blei drøfta i samband med arbeidet med ny utlendingslov, var 24 år. Dette blei argumentert for mellom anna i Storhaug (2006). Det blei lagt vekt på at dette hadde vore ei vellukka lovending i Danmark med omsyn til at fleire unge med innvandrarbakgrunn fann ektefellar i Danmark og færre gifta seg transnasjonalt (Karlsen 2007 og Skyt Nielsen m.fl. 2007).

I heile perioden 2000-2006 var det over 1800 unge ankerpersonar som var 23 år eller yngre (tabell 5.4). Over 900, eller halvparten av desse, hadde sjølv innvandra. Norskfødde med innvandrarforeldre utgjorde 14 prosent av ankerpersonane som var 23 år eller yngre.

I 2006 var det i alt i underkant av 400 unge ankerpersonar som var 23 år eller yngre, og dermed har det samanlikna med unge 20 år eller yngre, vore ei sterk auke i omfanget frå år til år. I 2006 var 9 prosent av etableringane til menn eller kvinner som var 23 år eller yngre. Auken har dermed vore i aldersgruppa 21 til 23 år. I 2006 var det flest unge ankerpersonar blant innvandrarane, men i prosent av ekteskapa var det flest unge ankerpersonar blant norskfødde med innvandrarforeldre (i underkant av 38 prosent). Av dei 63 unge norskfødde med innvandrarforeldre som var ankerperson til ei ektefelle i 2006, var det 38 som hadde bakgrunn frå Pakistan og 11 frå Tyrkia.

I løpet av perioden frå 2000 til 2006 ser det ut til at unge ankerpersonar utgjer ein stadig større del av dei som er ankerpersonane blant norskfødde med innvandrarforeldre. Den markerte prosentvise oppgangen frå 2005 til 2006, skuldast at det var ein nedgang i ankerpersonar i denne gruppa totalt (sjå vedleggstabell 22).

Ei aldersgrense på 24 år ville dermed hatt betydeleg større konsekvensar for omfanget av familieetableringar enn ei 21-års grense ville hatt. Flest blant innvandrarane og i befolkninga elles var ankerpersonar til ei ektefelle når dei var 23 år eller yngre. Men ei slik aldersgrense ville hatt størst konsekvensar for norskfødde ankerpersonar med innvandrarforeldre. I 2006 var nær fire av ti ankerpersonar i denne gruppa 23 år eller yngre.

**Tabell 5.4. Familieetableringar etter ankerpersonen sin alder og innvandrarkategori. 23 år eller yngre. 2000-2006**

	I befolkninga elles			Norskfødde med innvandrare foreldre	I befolkninga elles			Norskfødde med innvandrare foreldre
	I alt	Inn- vandrarar		I alt	Inn- vandrarar			
	Absolutte tal				Prosent av ankerpersonane i kvar gruppe			
2000-2006	1817	654	910	253	5	4	7	17
2000	223	80	138	5	7	4	11	4
2001	183	108	66	9	5	5	5	6
2002	183	95	69	19	4	3	4	11
2003	242	94	105	43	6	4	7	21
2004	246	92	108	46	5	3	6	21
2005	344	79	197	68	7	3	11	31
2006	396	106	227	63	9	4	13	38

Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

## 5.5. Familieetableringar – meir viktig for nokon grupper enn andre

Som vi såg i kapittel 2, stod familieetableringar frå land utanom Norden for 18 prosent av innvandringa frå desse landa i perioden 1990-2006. I tillegg stod familiesameiningar/medfølging for 25 prosent (fordelt på ektefellar 8 prosent og anna familie 17 prosent). I alt var det altså 43 prosent av innvandringa frå land utanom Norden som var på grunn av eksisterande eller nye familierelasjonar, og 26 prosent på grunn av nye og gamle ekteskap. For nokon innvandrargrupper er familieetableringar langt på veg den viktigaste grunnen til at dei kjem til Noreg.

### Familieetableringar - viktigast for dei frå Thailand

Sjølv om familieetableringar ikkje er det som påverkar innvandrarbefolkninga sett under eitt i størst grad (jamfør kapittel 2), påverkar familieetableringar ulike innvandrargrupper i svært ulik grad. Dette gjeld særleg dei som har innvandra frå Thailand, der 63 prosent av dei som innvandra i perioden 1990-2006, fekk opphald på grunnlag av ei familieetablering (tabell 5.5).

Også for innvandringa frå Brasil har 48 prosent av innvandrane komme for å etablere seg i eit parforhold i denne perioden, og frå Filippinane var det 40 prosent. For innvandringa frå Filippinane (28 prosent) og Brasil (18 prosent) var det også mange som kom på grunnlag av utdanning, eller truleg i stor grad som aupair/praktikant.

Migrasjonen frå desse landa til Noreg har altså sidan 1990 vore stekt prega av at folk kjem for å etablere seg med ein person som er busett i Noreg, og vil tilsvarende prege innvandrarbefolkninga i desse gruppene i ulik grad.

Vi såg i tabell 5.1 at familieetableringane frå Russland utgjer ei stor gruppe blant dei som etablerer seg med menn i befolkninga elles. Familieetablering som opphaldsgrunnlag utgjorde likevel ikkje meir enn ein av fire innvandringar frå Russland i perioden 1990-2006. Like mange har fått opphald som flyktningar, og blitt sameint med familie.

### ...og Marokko, Tyrkia og Pakistan

Familieetableringar er også den viktigaste opphaldsgrunnen til innvandrare får Marokko, med 62 prosent. Det vil seie at familieetableringar var like viktig for innvandringa frå Marokko som for Thailand. Innvandringa frå Marokko var totalt sett av langt mindre omfang, og hadde til dels eit litt anna mønster enn det vi såg for den thailandske gruppa. For marokkanske menn var det mange som kom til kvinner i befolkninga elles, medan det ikkje var det for marokkanske kvinner.

Også for innvandringa frå Tyrkia og Pakistan var det over halvparten som fekk opphald på grunnlag av ei familieetablering i same periode. Medan Tyrkia har eit migrasjonsmønster som på mange måtar er likt det marokkanske (og på mange måtar er eit kjønnsmessig reversert bilete av mønsteret i *ekteskapsmigrasjonen* frå

Thailand, Russland og Filippinane), er familieetableringane frå Pakistan primært til personar i innvandrarbefolkninga (langt dei fleste med bakgrunn frå Pakistan).

Ei anna gruppe som er nærleggjande å sjå på i denne samanhengen, er India. På mange måtar er indarane si innvandringshistorie i Noreg lik den pakistanske, marokkanske og tyrkiske med omsyn til at det var ei av dei første asiatiske og afrikanske innvandrargruppene som kom kring 1970 og fram til innvandringsstoppen. Innvandringa frå India er i løpet av perioden 1990-2006 i større grad prega av arbeidsinnvandring og utdanningsinnvandring enn desse andre gruppene. I 2006 var det 42 prosent av dei som innvandra frå India som kom på grunn av arbeid.

### **Minst viktig for europeiske innvandrarar**

Familieetablering er langt mindre viktig for europeiske innvandrargrupper. For europeiske innvandrar utgjer familieetableringar ein langt mindre del av den totale innvandringa frå desse landa i perioden 1990-2006. For dei med bakgrunn frå Polen var i alt 10 prosent som hadde fått opphald på grunnlag av ei etablering i perioden, medan 61 prosent som hadde fått opphald på grunnlag av arbeid. Arbeid og utdanning er også viktigaste grunn til innvandringa frå til dømes Tyskland, Storbritannia og Nederland, der respektive 69, 55 og 53 prosent kom på grunnlag av nettopp dette. Det har også blitt stadig fleire som har komme frå India på grunnlag av arbeid eller utdanning, og i 2006 var det

Samanlikna med dei europeiske landa, er familieetableringar langt viktigare for innvandringa frå USA. Her var det 28 prosent som kom på grunnlag av ei familieetablering. At USA skil seg frå dei europeiske landa elles, skuldast truleg at innvandringa frå USA er underlagt fleire innvandringsrestriksjonar enn det europeiske innvandring frå EU/EØS-land er. Men i tillegg vil truleg dette bli påverka av at mange norske studentar studerar i USA og treffer sin framtidige ektefelle der. For europeiske innvandrarar er den norske arbeidsmarknaden truleg også meir attraktiv enn den er for dei frå USA.

### **Viktigare for flyktninggrupper med lang butid enn dei med kort**

I flyktninggrupper, som dei med bakgrunn frå Somalia, Irak og Afghanistan, har fleirtalet kome som flyktningar eller for å bli sameint med flyktningar. Dette er land der mange har bakgrunn som flyktningar, og flukt er den viktigaste opphaldsgrunnen.

For andre flyktninggrupper med lengre butid, utgjer familieetableringar ein større del av innvandringa i perioden 1990-2006. Dette ser vi mellom anna for innvandringa frå Vietnam og Sri Lanka, der 27 og 24 prosent har fått opphald på grunnlag av familieetableringar.

Unntaket er dei med bakgrunn frå Bosnia-Hercegovina, der også åtte av ti har budd i Noreg i ti år eller meir (sjå kapittel 2). Her har innvandringa i stor grad vore i byrjinga av 1990-talet, og det er 91 prosent som har fått opphald på grunnlag av flukt. Flyktningar frå krigen i Bosnia blei forsøkt tatt ut som heile familiegrupper. Potensialet for familiesameiningar har truleg dermed blitt mindre enn i andre flyktninggrupper.

Tabell 5.5. Innvandring totalt 1990-2006 for enkeltland. Prosentvis fordelt etter innvandringsgrunn

	I alt (N)	Prosent						
		Sameining/med følging ektefeller m.m	Sameining/med følging av barn/foreldre	Familie- etableringar	Arbeid	Flukt	Utdanning	Andre
I alt	283713	8	17	18	16	29	11	1
<i>Utvalde land</i>								
Irak	18292	11	24	6	0	60	0	0
Serbia og Montenegro <sup>1</sup>	17227	2	4	7	2	83	1	0
Polen	16531	8	12	11	61	1	7	0
Somalia	15626	8	30	4	0	59	0	0
Bosnia-Hercegovina	14710	2	3	3	1	91	0	0
Tyskland	14269	9	14	6	50	0	19	2
Russland	12749	6	20	24	6	27	16	1
Storbritannia	12648	14	18	12	51	0	4	2
USA	11239	14	19	21	28	1	15	2
Iran	8777	6	12	13	1	67	2	0
Thailand	8162	6	26	63	1	1	4	0
Pakistan	7433	10	27	52	1	5	4	1
Filippinene	6844	7	17	39	6	2	28	0
Afghanistan	6424	7	23	4	0	65	0	0
Tyrkia	6219	10	25	53	2	7	3	1
Vietnam	6088	9	22	27	1	38	3	0
Sri Lanka	5948	15	24	24	1	29	7	0
Kina	5464	11	17	15	10	6	41	0
Nederland	5411	15	24	6	45	0	8	2
India	3433	12	19	32	18	3	17	1
Marokko	2624	12	18	62	1	3	3	1
Brasil	2031	8	17	48	8	1	18	0

<sup>1</sup> Serbia og Montenegro er her slått saman.


Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

### Parforhold har ulik påverknad på samansetnaden i dei ulike innvandrargruppene

Det er altså berre for nokre få land at familieetableringar er den viktigast innvandringsgrunnen og i størst grad påverkar samansetnaden i desse gruppene i Noreg (for absolutte tal, sjå vedleggstabell 2, 3, 5 og 6). I figur 5.7 er delen som kjem på grunn av familieetableringar og familiesameiningar/medfølging framstilt grafisk. Som vi ser, er ekteskap, enten eit nytt forhold eller sameining med ei ektefelle, svært viktig for innvandring frå ei rekke land. Mest viktig er migrasjon på grunn av ekteskaps- eller anna parforhold viktigast for dei som har innvandra frå Marokko, Thailand, Tyrkia og Pakistan.

Desse mønstra i migrasjonen vil påverke samansetnaden av innvandrargruppene i Noreg. Men dei blir påverka på ulikt vis. Som vi har sett, er det klare kjønnsaspekt i ekteskapsmigrasjonen frå ulike land, og det er ulik grad av eksogami og endogami i mønstra i ekteskapsmigrasjonen. Medan det frå Thailand kjem kvinner som etablerar seg med menn i befolkninga elles, kjem det flest menn frå Tyrkia som etablerar seg med kvinner i befolkninga elles. Men blant dei med bakgrunn frå Tyrkia er det også mange som etablerer seg med innvandrarak og norskfødde med innvandrarakbakgrunn. Eit tilsvarende mønster ser vi for marokkanarane. For innvandringa frå Pakistan er dette mønsteret annleis, og dei har eit svært endogamt mønster i *ekteskapsmigrasjonen*.

**Figur 5.7. Innvandringsgrunn, del som har fått opphald på grunnlag av familiesameiningar og familieetableringar. Totalt 1990-2006. Enkeltland**



<sup>1</sup> Serbia og Montenegro er her slått saman  
Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

## 5.6. Oppsummering

Ekteskapsmigrasjon heng saman med ekteskapsmønster blant innvandrarar og befolkninga elles i Noreg. Medan det frå nokon land primært er etableringar til andre innvandrarar eller norskfødde med innvandarforeldre, er det andre grupper der dei fleste kjem for å etablere seg med personar i befolkninga elles. I alt er det 57 prosent som har komme på til Noreg grunn av familieetablering i perioden 1990-2006, som har komme til menn eller kvinner i befolkninga elles. Det var 40 prosent som kom til innvandrarar og 3 prosent som kom til norskfødde med innvandarforeldre.

Det er også eit klart kjønnsaspekt i familieetableringane: langt dei fleste som har komme på grunn av ei familieetablering er kvinner. Blant dei som kom til ein ankerperson i befolkninga elles, var sju av ti kvinner. Blant dei som kom til ein innvandrar var det 75 prosent kvinner.

Blant dei som kjem til menn og kvinner i befolkninga elles, er det nokon fram-tredande mønstre. Familieetableringane i perioden 1990-2006 var av størst omfang frå Thailand (4900), Russland (2 600) og Filippinane (2 400). Familieetableringane i denne gruppa har klare skilnader mellom kjønna, ved at det i størst omfang er kvinner som etablerar seg med herbuande menn. Thailandske kvinner er langt meir reindyrka i sitt mønster enn dei to andre gruppene, og 95 prosent etablerte seg med menn i befolkninga elles. Også frå Brasil har ekteskapsmigrasjonen eit tilsvarande mønster som desse gruppene, ved at over 90 prosent kom til menn i befolkninga elles.

Eit anna mønster er at europearar og amerikanarar som kjem på grunnlag av ei familieetablering, i stor grad kjem til ei ektefelle i befolkninga elles. Dette gjeld både menn og kvinner. Men blant menn som etablerte seg med personar i befolkninga elles, var det i løpet av perioden 1990-2006 flest som kom frå USA og Tyrkia, med i overkant av 1000 familieetableringar. Medan amerikanarar og europearane etablerte seg i stor grad med personar i befolkninga i elles, var mønstra i ekteskapsmigrasjonen blant dei med bakgrunn frå Tyrkia meir samansett.

Det er altså ulike mønstre med omsyn til grad av eksogami og endogami i *ekteskapsmigrasjonen*. *Ekteskapsmigrasjonen* frå Vest-Europa, USA, Thailand, Russland, Filippinane og Brasil er svært eksogam i den forstand at dei fleste etablerar seg med personar i befolkninga elles. På den andre sida har vi dei gruppene der ekteskapsmigrasjonen er svært endogam, og dei fleste kjem til innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre. Saman med pakistanarak er srilankarakane og somaliarakane dei som i størst grad etablerar seg med andre innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre (over 90 prosent). Dette står i kontrast til mellom anna dei med bakgrunn frå Marokko og Tyrkia, der migrasjonsmønstrer er meir samansett. Her er det ei betydeleg innvandring også av menn som etablerer seg med nokon i befolkninga elles.

Det har vore ei betydeleg auke i familieetableringar i perioden 1990-2006. Den mest markerte auken har vore frå land der dei i hovudsak kjem til personar i befolkninga elles, og mest markert i innvandringa frå Thailand. Men i dei fleste grupper har det vore ei auke i omfanget av familieetableringar. Denne auken må sjåast i samheng med endringar i ekteskapsmønster, endringar i samansetninga av innvandrargruppa og tilveksten av nye innvandrargrupper i Noreg. Samstundes heng endringar også saman med innvandringspolitikk og kva restriksjonar som elles er på innvandringa frå dei ulike landa. Det har til dømes vore ein nedgang i ekteskapsmigrasjonen frå Polen, noko som må sjåast i samheng med murens fall og ei friare inn- og utvandring.

Det var i alt 3 prosent av familieetableringane som var til norskfødde med innvandrarakforeldre, eller i alt 1 700 familieetableringar i løpet av perioden 1990-2006. Det var flest som kom frå Pakistan (over 1000) og elles frå Tyrkia, India og Marokko. Det har ikkje vore ei sterk auke i omfanget av familieetableringar til norskfødde med innvandrarakforeldre dei siste åra, på tross av at det stadig blir fleire norskfødde med innvandrarakforeldre som kjem i ein alder der det kan vere aktuelt å gifte seg (og å kunne få familieetablering). Dei norskfødde med innvandrarakforeldre er betydeleg yngre når dei får ei ankerperson til ei ektefelle. I 2006 var det i alt 60 norskfødde med innvandrarakforeldre som var 23 år eller yngre når dei var ankerperson. Dette tilsvarte 38 prosent av familieetableringane i denne gruppa. Til samanlikning var det 13 prosent av familieetableringane som var til like unge innvandrarak, og 4 prosent i befolkninga elles. Denne aldersfordelinga har sjølv sagt ein samheng med at dei norskfødde er i snitt mykje yngre enn dei andre gruppene, i omfang var det langt fleire unge ankerpersonar blant innvandrarakane (230) og i befolkninga elles (100).

Transnasjonale ekteskap påverkar i varierende grad samansetninga til innvandrargrupper i Noreg, og familieetableringar til kvinner og menn i befolkninga elles påverkar særleg samansetninga til nokon innvandrargrupper. Seks av ti av dei med bakgrunn frå Thailand kom på grunn av familieetableringar. Innvandringa frå Thailand er svært kvinne-dominert, og 95 prosent av familieetableringane var til menn i befolkninga elles.

For innvandringa frå vesteuropeiske land er familieetablering, og familieetablering til menn og kvinner i befolkninga elles, av langt mindre betydning for innvandringa totalt sett. Europearak innanfor EU/EØS-området har gode høver til å få opphald på grunnlag av arbeid eller utdanning, medan dette ikkje er tilfelle frå innvandrarak frå til dømes Thailand eller Pakistan. Europeiske innvandrarak kjem stort sett av andre grunnar, men mange kan bli i Noreg og etablere seg med menn og kvinner i befolkninga elles. Blant ekteskap inngått blant innvandrarak frå Norden, Vest-Europa, Nord-Amerika og Oseania, såg vi at det i langt mindre grad var snakk om transnasjonale inngåingar (kapittel 4).

## 6. Ekteskap, kjønn og migrasjon

### 6.1. Ulike samlivsmønster

Ekteskapsmønster og samlivsmønster i dagens Noreg er samansett. Sambuarskap utgjer ei etablert samlivsform som gjer at ekteskapsmønster berre vil vise delar av pardanninga i Noreg. Men sidan det ikkje finnes ei registrering av inngåingar av sambuarskap, kan vi ikkje sjå på dette i denne samanhengen. Vi må her nøye oss med å stadfeste omfanget av personar som lever i sambuarforhold samanlikna med omfanget av dei som lever i ekteskap eller ikkje lever i par i ulike grupper av befolkninga etter alder og landbakgrunn.

Vi har i rapporten sett på ekteskapsmønster og samlivsmønster blant menn og kvinner i befolkninga elles, samanlikna med ekteskapsmønster blant innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre. Ekteskapsmønstra er samansette, men vi har i denne rapporten prøvd å peike ut nokon klare mønstre. I rapporten har vi fokusert særleg på forholdet mellom ekteskap og migrasjon, og vi har sett mest på transnasjonale giftarmål.

Rapporten gjer enkle grupperingar etter om personane er innvandrarak, norskfødde med innvandrarakforeldre, eller er i befolkninga elles. I tillegg viser vi nokre tal for heile befolkninga. Ein skal vere bevisst på at det er mange individuelle skilnader innan desse hovudgrupperingane. Vi har mellom anna ikkje tatt omsyn til verken utdanningsnivå, status på arbeidsmarknaden eller om folk bur i tettbygd eller grisgrendte stork. I likskap med heile befolkninga er også innvandrarak ei samansett gruppe. Det er store skilnader langs mange linjer, med omsyn til kjønn alder og landbakgrunn. Det einaste innvandrarak i utgangspunktet har felles, er at dei på eit eller anna tidspunkt sjølv har innvandrad. Norskfødde med innvandrarakforeldre har det til felles at dei har to foreldre som er innvandrarak, i motsetnad til befolkninga elles. Elles har dei i utgangspunktet lik bakgrunn som befolkninga elles, ved at dei har hatt oppveksten sin i Noreg.

### Stadig fleire giftarmål mellom innvandrarak og menn og kvinner i befolkninga elles

Årleg har det blitt registrert mellom 22 000 og 27 000 giftarmål i Noreg i perioden mellom 1990 og 2007. Frå byrjinga av 1990-talet og fram til 2007 har det blitt stadig fleire av giftarmåla som involverar ein eller to partar som er innvandrarak eller norskfødde med innvandrarakforeldre. I 1990 var det 4 prosent av ekteskapa som blir registrert inngått, som var mellom to innvandrarak/norskfødde med innvandrarakbakgrunn. I 2007 hadde delen auka til 13 prosent. I 1990 var det tilsvarende 12 prosent av ekteskapa som blei inngått mellom menn og kvinner i befolkninga elles og menn og kvinner med utanlandsk bakgrunn, medan delen hadde gått opp til 25 prosent i 2007. Det betyr at det i 2007 var 62 prosent av dei registrerte ekteskapa som blei inngått mellom to personar i befolkninga elles. I 1990 var det tilsvarende talet på 84 prosent.

Innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre frå land i Vest-Europa og USA giftar seg i langt større grad med personar i befolkninga elles, enn det vi ser for ei rekke andre landgrupper. Innvandrarak og norskfødde med innvandrarakbakgrunn frå Somalia, Pakistan og Afghanistan gifta seg til samanlikning i liten grad med menn og kvinner i befolkninga elles.

### Fleire gift og færre sambuarar blant innvandrarak enn i heile befolkninga

Det er meir vanleg å vere gift blant innvandrarak frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa enn det er blant innvandrarak frå Norden, Vest-Europa, Nord-Amerika og Oseania, og i heile befolkninga, også når vi tar omsyn til ulike aldersgrupper. For nokon grupper er det eit klart skilje mellom menn og kvinner, og det er fleire gifte kvinner enn menn i dei fleste gruppene. Innvandrarak og

norskfødde med innvandrareldre giftar seg i langt større grad når dei skal etablere seg, samanlikna med det vi ser i heile befolkninga. Sambuarskap er mest utbredt blant innvandrare og norskfødde med innvandrareldre frå Norden (19 prosent) og vesteuropeiske land elles, medan det er minst utbredt blant asiatiske innvandrare og norskfødde med asiatiske foreldre (4 prosent).

### **Norskfødde med innvandrareldre utsett giftarmålet**

Norskfødde med innvandrareldre utsett giftarmålet, samanlikna med innvandrare med same bakgrunn. Få er i ein alder der ekteskap er aktuelt, og mykje merksemd har blitt via til norskfødde med pakistanske foreldre. Dette er den største gruppa, og flest har komme i ein alder der ekteskap kan vere aktuelt. Og vi har sett at medan 5 prosent av norskfødde kvinner med pakistanske foreldre var gift i alderen 18-21 år, var 16 prosent av innvandrarkvinnene med same bakgrunn gift.

Norskfødde etablerar seg også i litt større grad i sambuarskap enn innvandrarene. Ved inngangen til 2008 var 8 prosent norskfødde med vietnamesiske foreldre i alderen 18-29 år enten gift eller sambuande, mot 39 prosent blant innvandrarene frå Vietnam i same alder. Det var derimot meir vanleg blant dei som var i par å vere sambuar enn gift blant dei norskfødde (60 prosent) enn innvandrarene (19 prosent). Norskfødde med vietnamesiske foreldre har i motsetnad til dei med pakistanske foreldre, etter kvart eit pardanningsmønster som er svært ulikt det vi ser blant innvandrarene.

### **Transnasjonale ekteskap**

Langt dei fleste transnasjonale ekteskapa som blir registrert inngått i Noreg, blir inngått av menn og kvinner i befolkninga elles. Blant menn i befolkninga elles blei det inngått over 2000 ekteskap med kvinner som ikkje budde i Noreg i 2007, noko som tilsvarte 10 prosent av alle giftarmåla blant menn i befolkninga elles. Transnasjonale giftarmål er mindre vanleg blant kvinner i befolkninga elles, og i 2007 utgjorde dei transnasjonale ekteskapa 4 prosent av giftarmåla. For menn i befolkninga elles har det vore ei klar auke i omfanget av transnasjonale ekteskap, medan talet har vore meir stabilt for kvinner.

Omfanget av transnasjonale giftarmål blant innvandrare er av eit mindre omfang totalt sett, men utgjør ein større del av giftarmåla blant både innvandrare og norskfødde med innvandrareldre. Blant innvandrarkvinner frå Asia, Afrika, Latin-Amerika eller Aust-Europa var det i alt 30 prosent som gifta seg transnasjonalt i 2007, mot 61 prosent blant innvandrarmennene med same bakgrunn.

Både for innvandrare og befolkninga elles er det eit betydeleg kjønnskilje her, ved at det er flest menn som giftar seg transnasjonalt. For innvandrarene kan dette forklarast med eit mannsverskott i innvandrargruppene, men for befolkninga elles er ikkje dette tilfelle.

Blant norskfødde med foreldre frå Asia, Afrika, Latin-Amerika eller Aust-Europa finn vi ikkje denne skilnaden mellom kjønn, og i 2007 var det 54 prosent blant kvinner og 57 prosent av menn som gifta seg transnasjonalt.

### **Stor auke i familieinnvandringa...**

Familieinnvandringa har økt jamt og trutt frå et nivå på rundt 5000 på 1990-tallet til noe over 10000 på byrjinga av 2000-tallet og i 2007 ga UDI 18 000 løyver om familieinnvandring (UDI 2008). Ei meir globalisert og open verd opnar truleg opp for meir, og ikkje mindre familieinnvandring i framtida. Polakkane er den største enkelte innvandrargruppa i 2006 og 2007. I tillegg til at det har vore stor arbeidsinnvandring frå Polen, kjem no også familiane etter. Men viktigast er kanskje at storleiken på innvandrarebefolkninga i Noreg etter kvart har blitt så stor at sjølv om den delen som giftar seg transnasjonalt kanskje vil gå ned i åra framover, så vil talet på familieinnvandringar truleg auke, ikkje minst frå dei relativt nye innvandringslanda Irak, Somalia, Afghanistan.

### ...og auke i familieetableringane


I 1990 var det i underkant av 1 300 personar frå land utanom Norden som fekk opphald på grunnlag av familieetableringar i Noreg. I 2006 var det tilsvarande talet 4500. Dette stod for 15 prosent av innvandringa frå land utanom Norden dette året. Det var 57 prosent som kom til ein ankerperson som var i befolkninga elles, 40 prosent til innvandrarak og 3 prosent til ein norskfødd med innvandrarakforeldre. Dei største gruppene var Thailand, Pakistan, Filippinane og Russland. Desse gruppene hadde svært ulike mønstre med omsyn til ankerperson. Medan nesten alle med bakgrunn frå Pakistan kom til ein person som sjølv hadde innvandra eller var norskfødd med innvandrarakforeldre, kom fleirtalet blant dei med bakgrunn frå dei andre landa til menn og kvinner i befolkninga elles.

### Transnasjonale giftarmål vs. familieetablering

Kor mange som giftar seg med nokon som ikkje bur i Noreg, vil påverke kor mange som får opphald på grunn av familieetableringar. I kapittel 4 og kapittel 5 har vi sett på dette, med utgangspunkt i dei to ulike datakjeldene vi har. I kapittel 4 såg vi på registrerte inngåingar av ekteskap der ein av partane var busett i Noreg. I kapittel 5 speila vi dette ved å sjå på talet på familieetableringar – dvs. talet på ekteskapsmigrantar. I figur 6.1 samanstillir vi desse to datakjeldene; registrerte inngåingar av transnasjonale ekteskap og familieetableringar for perioden 1996-2007, framstilt etter ankerpersonens innvandrarakbakgrunn.

Omfanget av transnasjonale ekteskap og familieetableringar vil vere ulikt. Det vil seie at det i 2006 blei registrert om lag 100 fleire transnasjonale giftarmål enn det blei registrert familieetableringar. Og det er fleire forhold som påverkar at det er ulike tal. Ekteskapa kan bli registrert inngått, men det er ikkje sikkert at den parten som ikkje er busett i Noreg vil søke om opphald her og få ei familieetablering. Kanskje busett partet seg i denne sitt heimland. Det kan også vere at det er nokon som ikkje har fått opphald, enten gjennom avslag eller ved at ekteskapet blir oppløyst. I tillegg må ein rekne med at det kan ta tid frå eit ekteskap blir registrert inngått og til den utanlandske ektefellen får opphald i Noreg.

**Figur 6.1. Familieetableringar og transnasjonale ekteskap etter herbuande sin innvandrarakkategori. 1996-2006. Absolutte tal**



Kjelde: Befolkningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

For innvandrara er det langt større samsvar mellom registrerte giftarmål og familieetableringar enn det er for befolkninga elles, og for dei norskfødde med innvandraraforeldre er samsvaret mellom registrerte giftarmål og familieetableringar svært høg.

## 6.2. Tett samanheng mellom ekteskap og migrasjon

Det er ein tett samanheng mellom ekteskapsmønster og migrasjon. Dei fleste menneske etablerar seg i eit parforhold ein eller annan gong i løpet av livet. For ein innvandrar kan pardanninga skje før eller etter innvandringa, eller ikkje i det heile tatt. Innvandringa kan også vere eit følgje av eit ekteskap. Vi skisserte innleiingsvis opp tre ulike scenarier i forholdet mellom ekteskap og migrasjon, og denne rapporten har omfatta alle scenaria i større eller mindre grad.

### Den gifte innvandraren

Ein person innvandrar til Noreg i vaksen alder og er allereie etablert i ein familie i heimlandet før innvandringa. I dette tilfellet kan fleire ting følgje av dette: a) innvandraren kan få familiesameining med familien sin etter innvandringa, b) familien og ekteskapet kan oppløysast, eller c) paret kan halde fram med å bli buande i kvart sitt land og kanskje på sikt bli sameint i heimlandet.

Den gifte innvandraren har det ikkje vore rom for å utforske i så stor grad i denne rapporten. Vi har gjort greie for sider for desse mønstra i kapittel 2 og 3, ved å skildre endringar i gruppa av innvandrara og norskfødde med innvandraraforeldre, og sivilstand og pardanning etter alder og kjønn i dei ulike gruppene. Relativt mange innvandrara er gift i forhold til befolkninga elles. I nokon grupper er det fleire som lever i parforhold enn i heile befolkninga (til dømes dei med bakgrunn frå Pakistan og Sri Lanka), medan det er fleire som ikkje lever i par andre innvandrargrupper (til dømes dei med bakgrunn frå Polen og Somalia).

Vi har også i noko grad sett på familiesameining/medfølgjing av ektefellar i kapittel 5. Sameining/medfølgjing er viktigare for nokon innvandrargrupper enn andre. Både i flyktninggrupper (som Irak, Somalia og Afghanistan) og blant grupper der mange kjem på grunn av arbeid og utdanning (som Nederland, Storbritannia, USA og Tyskland) er det mange som har fått opphald på grunn av at dei har blitt sameint med ei ektefelle.

### Den ugifte innvandraren

Migrasjonen kan skje i forkant av at innvandraren har etablert seg i eigen familie og uavhengig av ei familieetablering. Den ugifte innvandraren kan ha komme som barn eller vaksen, som følgje av arbeid, utdanning, flukt eller på grunn av sameining/medfølgjing med familie i Noreg. For desse kan vi skildre ekteskaps- og pardanningsåtferd i Noreg. Vi kan identifisere nokon mønster, som vil vere prega av ulike strukturelle trekk ved innvandrargruppene, som alderssamansetnad, kjønnsballanse, mønstre i busetnaden og innvandrargruppa sitt migrasjonsmønster elles. I tillegg er det opp til den kva den enkelte ønskjer, og eventuelt kva føringar som kan finnast i innvandrargruppa.

- Innvandraren kan finne ei ektefelle i sitt nye heimland (Noreg). For ei rekke av innvandrargruppene er det mange som finn ei ektefelle i Noreg, enten i befolkninga elles eller ein som sjølv er innvandrar eller norskfødd med innvandraraforeldre. Blant mange flyktninggrupper var det mange som fann ei ektefelle med same landbakgrunn som seg sjølv i Noreg. Dette gjaldt til dømes vietnamesiske og bosniske kvinner og menn, og srilankiske og irakiske kvinner. For andre innvandrara er det flest som finn ei ektefelle i befolkninga elles. Dette gjeld særleg blant dei nordiske og vesteuropeiske innvandrara. Men dette er også tilfelle for menn og kvinner frå Chile, og busette kvinner frå Kina, Thailand, Russland og Filippinane.

- Innvandraren kan finne ei ektefelle som bur i utlandet, enten i sitt tidlegare heimland eller i eit tredje land. Transnasjonale giftarmål er vanleg i ei rekke innvandrargrupper. Og i nokon grupper det mest vanlege mønsteret blant dei som er busett i Noreg. Dette gjeld mellom anna dei med bakgrunn frå Pakistan, Tyrkia og Serbia og Montenegro. Vidare er transnasjonale giftarmål meir vanleg blant menn enn kvinner. Til dømes er det langt fleire menn enn kvinner som giftar seg transnasjonalt blant innvandrarar med bakgrunn frå Vietnam, Sri Lanka, Iran og Irak. Desse skilnadane mellom menn og kvinner kjem i stor grad på grunn av migrasjonsmønsteret elles og kjønnsbalansen i dei aktuelle innvandrargruppene. Ugifte menn innvandrar i stor grad først, og eit underskott av ugifte kvinner i mange grupper gjer det naudsynt å finne ei kone i utlandet. I alle fall om du ønskjer ei kone med sam bakgrunn som deg sjølv.
- Innvandraren kan velje å leve i sambuarskap eller å *ikkje* gifte seg. Sambuarskap er langt meir utbreidd blant nordiske innvandrarar, vesteuropearar og i befolkninga elles, enn det er til dømes blant dei med bakgrunn frå Asia og Afrika. Blant innvandrarar frå Pakistan, Sri Lanka og Afghanistan er det svært få som lever i sambuarskap, medan mange er gift. Blant nordiske og særleg svenske innvandrarar, er forholdet heilt motsett. Sambuarskap er etter kvart blitt meir utbreidd blant også asiatiske og afrikanske innvandrargrupper. Mellom anna er det 6 prosent blant iranarar og vietnamesarar (18 år eller eldre) som lever i eit sambuarforhold, blant somaliarar 7 prosent og blant chilendarar 13 prosent.

### Ekteskapsmigranten

Innvandraren kan ha etablert seg i Noreg i eit nytt forhold før flytting til Noreg, og innvandre på grunnlag av dette ekteskapet. Denne innvandraren kan kallast *ekteskapsmigranten*, uavhengig av om den herbuande parten sjølv er innvandrar, norskfødd med innvandrarforeldre eller i befolkninga elles. Dette har vi via mykje merksemd i kapittel fire og fem, og sett at det her er ulike mønstrar med omsyn til kva innvandrargrupper som etablerar seg med kven. Vi skal skissere opp ulike mønstre i denne ekteskapsmigrasjonen. Desse mønstre må sjåast i samanheng med innvandringspolitikk og kva innvandringsrestriksjonar som gjeld for kvart enkelt land.

- Ekteskapsmigrantar flest er ei asiatiske kvinne som etablerar seg med menn i befolkninga elles. Dei mest tydelege døma her er kvinner med bakgrunn frå Thailand, der 95 prosent av dei som kom i løpet av 1990-2006 kom til ein ankerperson i befolkninga elles. Det har vore ei klar auke i perioden, og er den desidert største gruppa av ekteskapsmigrantar. Andre grupper med same mønsteret er kvinner med bakgrunn frå Brasil, Filippinane og Russland. For dei tre første gruppene er familieetableringar langt på veg den viktigaste innvandringsgrunnen til Noreg, medan innvandringa frå Russland er meir samansett.
- Det mannlege svaret på den asiatiske kvinna er menn frå Tyrkia og Marokko som kjem for å etablere seg med kvinner i befolkninga elles. Også for desse to gruppene er ekteskapsmigrasjonen svært viktig for innvandringa, men er også meir samansett enn dei mønstre vi finn blant dei asiatiske kvinnene. Mellom anna er det også mange som etablerar seg med innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre.
- Ekteskapsmigrantar frå USA og Europa kjem i stor grad til menn og kvinner i befolkninga elles. Men for desse gruppene er ikkje familieetableringar så viktig som innvandringsgrunn til Noreg. Fleirtalet kjem av andre årsaker, som arbeid og utdanning. Europearar og amerikanarar som etablerar seg i Noreg, etablerar seg også i stor grad med ein person i befolkninga elles.
- Asiatar og afrikanarar som etablerar seg med innvandrarar i Noreg. Nokon innvandrargrupper er svært endogame i ekteskapsmigrasjonen, det vil seie at dei kjem for å etablere seg med personar med same landbakgrunn som seg sjølv. Dette gjeld særleg dei med pakistansk, somalisk og srilankisk bakgrunn, der over 90 prosent av dei som kom på grunnlag av ei familieetablering i perioden 1990-2006 kom til ein person med same landbakgrunn som seg sjølv. Både

pakistanske, srilankiske og somaliske innvandrere som giftar seg i Noreg er også endogame i sitt mønster, og det er også tyrkiske og marokkanske innvandrere. Både for pakistarar, tyrkarar og marokkanarar er innvandring på grunnlag av familieetablering langt på veg den viktigaste innvandringsgrunnen til Noreg i perioden 1990-2006. Dei pakistanske står dermed i kontrast til mønsteret blant tyrkarar og marokkanarar, der dei fleste mennene innvandrar for å etablere seg med kvinner i befolkninga elles.

### **6.3. Kvifor giftar mange innvandrere og norskfødde med innvandrerforeldre seg endogamt?**

I ein del grupper av innvandrere frå asiatiske og afrikanske land, er omfanget av ekteskap som blir inngått med personar med anna landbakgrunn svært lågt. Fleire analyser frå andre land viser at mange asiatiske og afrikanske innvandrergrupper i stor grad er endogame - dvs. finn ei ektefelle med same bakgrunn som seg sjølv - i sitt ekteskapsmønster (sjå mellom anna Kalminj 1998, Gonzales-Ferrer 2006 og Rodriguez Garzia 2007). Det er komplekse årsaksforklaringar på ekteskaps- og pardanningsmønster. Dei ulike innvandrergruppene (landgruppers) størrelse, innvandrerbakgrunn, busettingsmønster, alders- og kjønnsamansetnad vil kunne påverke om personar giftar seg med nokon "i" eller "utanfor" eiga (land)gruppe, og grad av transnasjonale ekteskap (Kalminj 1998). Samtidig kan gruppas størrelse i seg sjølv (statistisk) auke sjansen for at ein giftar seg i "eiga" gruppe, og kan gi ein auka sjanse for sosial kontroll (González-Ferrer 2006). Befolkninga elles er også i stor grad endogame i den forstand at dei fleste finn ei ektefelle med same landbakgrunn som seg sjølv. I 2007 gifta 79 prosent av mennene og 87 prosent av kvinner i befolkninga elles seg med ei ektefelle med same bakgrunn som seg sjølv.

#### **Pakistanske innvandrere er endogame**

Pakistanske innvandrere og norskfødde med pakistanske foreldre er dei mest endogame i sitt pardanningsmønster i Noreg. Både innvandrerane og dei norskfødde gifta seg i størst grad med personar med same landbakgrunn som seg sjølv, enten i Noreg eller i utlandet. Dei har også eit endogamt mønster i ekteskapsmigrasjonen – dei fleste som kjem på grunnlag av ei familieetablering kjem til andre pakistarar. Vidare er det få som er sambuarar i denne gruppa. I løpet av perioden 1996 til 2007 var det berre 35 norskfødde med pakistanske foreldre som gifta seg med menn og kvinner i befolkninga elles. Men nokon relasjonar er det likevel sjølv om dette ikkje er synleg på ekteskapsstatistikken, sidan det mange barn som er født i Noreg med ein forelder med pakistansk bakgrunn og ein forelder i befolkninga elles (sjå kapittel 2).

Også innvandrere frå Afghanistan og Sri Lanka har eit endogamt ekteskapsmønsteret i Noreg. Desse gruppene har dermed eit ekteskaps- og pardanningsmønster som skil seg ein del frå det vi mellom anna ser for dei med bakgrunn frå Tyrkia, Marokko og India. I dei sistnemnde gruppene er innslaget av eksogami langt i ekteskapsmigrasjonen, medan mønstera blant innvandrere frå desse landa som bur i Noreg når dei giftar seg er meir likt det vi ser blant dei pakistanske.

#### **Sterke føringar?**

Statistikken viser mønstre og tendensar som igjen kan underbygge at det er sterkare føringar i nokon grupper enn andre for kven ektefellen skal vere. Det vil seie at det truleg blant pakistarar, srilankarar, tyrkarar og marokkanarar er sterke føringar på kven dei unge skal gifte seg med om vi ser på kven dei som har gifta seg blant dei unge har gifta seg med. Blant vietnamesarar er det også dei fleste blant innvandrerane som giftar seg med personar med same landbakgrunn som seg sjølv, men for dei norskfødde med vietnamesiske foreldre er dette mønsteret i ferd med å endre seg.

Føringane kan komme frå ulike hald. Ein kan tenke seg at den enkelte blir utsett for ulik påverking i den sosiale gruppa som han eller ho er medlem av. Eksogami kan

for eksempel truge identiteten og fellesskapet i gruppa, dessutan treffer personen i stor grad personar som er innanfor sine eigne sosiale gruppe (Kalminj 1998). I tillegg har sjølvsagt kvar enkelt person ulike preferansar for spesielle karakteristika hos ektefellen (sosialøkonomiske ressursar, kulturelle ressursar, likskap med seg sjølv i forhold til utdanning, arbeid, verdiar og liknande). Desse faktorane kan vi ikkje finne ut av på grunnlag av analyser av registerbasert statistikk.

### **Kjærleik eller tvang?**

Som nemnd i innleiinga har transnasjonale ekteskapsinngåingar tidvist vore eit mykje diskutert tema, og at transnasjonale giftarmål blant innvandrarbefolkninga særleg er knytt til debatten om tvang og kjærleik. Både i arbeidet med den nye utlendingslova (Ot.prp. nr 75 (2006-2007)): Om lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her i landet (utlendingsloven) og i Handlingsplan mot tvangsekteskap (BLD 2007) blir tvangsekteskap særleg knytt til transnasjonale giftarmål, og særleg transnasjonale giftarmål blant unge. I juni 2008 har det vore ei rekke oppslag i mellom anna Aftenposten (sjå mellom anna 10., 11. og 23. juni) om tvangsekteskapsaker i hjelpeapparatet. Tala som blir presentert i denne samanhengen er frå ulike kjelder, mellom anna IMDi sitt kompetanseteam og SEIF. Ei kartlegging av slike "saker" er mellom anna gjort i Bredal og Skjerven 2007.

Det er særleg transnasjonale giftarmål blant unge som blir sett på som mest i risikosona for å bli utsett for tvang, og ulike aldersgrenser for familiesameiningar har blitt drøfta. I kapittel 5 viste vi konsekvensane av ulike aldersgrenser. Til dømes var det i 2006 i alt 109 familieetableringar til ein ankerperson som var 20 år eller yngre. Nesten halvparten, eller i alt 50 ankerpersonar var innvandrarak og 18 var norskfødde med innvandrareforeldre. Og flest av dei norskfødde hadde pakistanske foreldre. Gjennomgåande er norskfødde med pakistanske foreldre som giftar seg transnasjonalt, yngre enn dei som giftar seg med nokon busett i Noreg.

### **Statistikken seier ingen ting om grad av kjærleik eller tvang**

I denne rapporten har vi fokusert mest på dei transnasjonale giftarmåla, for å sjå på mønstre og endringar. Vi har spegla dei transnasjonale giftarmåla frå to sider og med to ulike datakjelder. Men tala i denne rapporten kan ikkje seie noko om grad av kjærleik eller tvang i eit ekteskap, eller dei prosessane som skjer i forkant av eit giftarmål. Vi har i rapporten gitt eit anslag over omfang av ekteskap der dette *kan* vere eit problem, men seier altså ikkje at dette er ekteskap som har blitt gjennomført ved tvang.

I Levekårsundersøkinga blant innvandrarak (Løwe 2008), blei det mellom anna stilt spørsmål ved grad av eiga påverknad på giftarmålet. Spørsmåla blei stilt til unge i alderen 16-25 år, både innvandrarak som hadde innvandrarak før skulealder, og norskfødde med innvandrareforeldre bakgrunn frå Pakistan, Tyrkia og Vietnam. Det var relativt få som var gift i dette utvalet, men blant dei som var gifte, var det to av tre som sa at dei hadde svært stor innflytelse på avgjersla om å gifte seg og val av ektefelle. Berre 3 prosent sa at dei hadde hatt liten innflytelse på avgjersla om å gifte seg (Løwe 2008:21). Om desse tala avspeglar røynda, er vanskeleg å seie. Fråfall og selektivt fråfall kan gjere at dette blir alt for lave tal, og det kan vere eit tema som er svært sensitivt å spørje om (sjå mellom anna Bredal og Skjerven 2007). Av dei som var gift var det ein av tre som ikkje budde saman med ektefellen, og fleirtalet av desse ektefellane budde i utlandet.

Tilsvarande viser ei dansk undersøking at det var 14 prosent blant dansk-pakistanske unge som sa at dei ikkje hadde vore involvert i å finne ektefellen sin (Schmidt og Jacobsen 2004). Halvparten sa at dei hadde funne ektefellen sjølv. Blant unge med bakgrunn frå tidlegare Jugoslavia, Tyrkia, Libanon og Somalia var det 80 prosent som sa at dei hadde funne ektefellen sin sjølv. Berre 4 prosent blant dei med bakgrunn frå Libanon og 2 prosent blant dei med bakgrunn frå Tyrkia sa at dei ikkje hatt noko å seie i spørsmålet om ekteskap.

Verken den danske eller norske undersøkinga har som mål å kartlegge tvangs-ekteskap, men å vise mønstre i det som blir definert som ein risikopopulasjon for å bli utsett for tvang i ekteskapsinngåinga. Men begge undersøkingane viser at det ikkje er mogleg å sette likskapsteikn mellom ekteskap blant unge, eller eit transnasjonale ekteskap og tvangsekteskap i grupper der familiearrangerte ekteskap er vanleg.

#### **6.4. Kvifor giftar menn og kvinner i befolkninga elles seg transnasjonalt?**

Langt dei fleste som kjem til Noreg på grunn av kjærleik, kjem for å etablere seg med ein person i befolkninga elles, og det er flest kvinner som kjem. Det har vore ei stor auke i inngåingar av transnasjonale ekteskap frå slutten av 1990-talet fram til i dag. Særleg har auken vore stor blant menn i befolkninga elles, frå årlege 800 i 1996 til over 2000 i 2007. I 2007 var det 10 prosent av menn i befolkninga elles som gifta seg, som fann ei ektefelle i utlandet. Auken har særleg vore stor i giftarmål mellom menn i befolkninga elles og kvinner med bakgrunn frå Thailand, Russland og Filippinane. Kvifor har denne auken vore så stor?

##### **Likestilling og kjønnsrollar**

Noreg scorar høgt på likestilling mellom menn og kvinner. Kvinner tar utdanning, er aktive på arbeidsmarknaden, vi har eit velferdssystem som gjer det mulig å kombinere morsrolla og ei yrkeskarriere, og kvinner ønskjer i stor grad å ha kontroll over sin privatøkonomi. Dette er forhold som ikkje nødvendigvis er lett å realisere i eit forhold med ein mann som har meir tradisjonelle haldningar til arbeidsdeling i heimen og patriarkalske verdier. Det har i perioden 1990 til 2007 berre vore ei lita auke i omfanget av giftarmål mellom kvinner i befolkninga elles og innvandarmenn med bakgrunn frå asiatiske og afrikanske land. Slike ekteskap går også i større grad i oppløysning enn ekteskap mellom menn i befolkninga elles og kvinner med bakgrunn frå asiatiske eller afrikanske land (sjå mellom anna Daugstad 2006a og Lie 2004). Kanskje kan slike erfaringa medverke til at færre kvinner ønskjer å gifte seg med innvandrarak?

Motsett kan likestilling mellom kjønna gjere at utanlandske kvinner ønskjer å gifte seg med menn i befolkninga elles. Kanskje kan dette vere ein faktor som gjer at det frå nokon land er vanleg med ekteskapsmigrasjon til Noreg, som frå Russland, Thailand og Filippinane? For innvandrarkvinner som giftar seg med menn i befolkninga elles, kan slike ekteskap bli prega av forventinga av at det i slike ekteskap er langt mindre likestilling mellom partane enn i andre ekteskap (sjå mellom anna Lotherington 2007 og Flemmen 2008).

##### **Ulike faktorar som påverkar**

For mange kvinner frå til dømes Thailand, Brasil, Russland og Filippinane kan eit ekteskap med ein mann i Noreg representere eit materielt sett betre liv enn i heimlandet. Ekteskapet og innvandringa til Noreg kan dermed representere eit høve til å forbetre livssituasjonen på fleire måtar. Eit liv i Noreg kan by på godar som ikkje nødvendigvis er sjølvstøtt i heimlandet. Dette gjeld både materielle godar, men også muligheit til å ta utdanning, arbeide og å ha eit meir kjønnsmessig likestilt samliv. Utvalet av ekteskapsbyrå og internett-sider viser at mange kvinner frå ei rekke asiatiske og austeuropeiske land er villige til og svært interessert i å finne ei ektefelle i Noreg eller andre vesteuropeiske land. Det er ulike faktorar ved heimlandet som gjer at kvinner aktivt søker å finne ei ektefelle og eit høve til å flytte, og at det er mange faktorar ved livet i Noreg som gjer at det er attraktivt å flytte og gifte seg med ein mann i Noreg.

For menn i befolkninga elles kan andre sine positive erfaringar frå slike ekteskap, bidra til at menn også tar aktivt initiativ til slike ekteskap. Omfanget av slike ekteskap kan også i seg sjølv vere ein faktor som gjer det meir sannsynleg at fleire giftar seg transnasjonalt. Frå tid til anna får vi presentert enkelthistorier i ulike

media, som russiske kvinner på Byneset (Spurkland 2007) og thailandske kvinner i Tresfjorden (TV-Norge). Her kjem det klart fram at det er ulike faktorar som påverkar ulike personar.

### **Eit distriktsfenomen?**

Busettingsmønsteret til kvinner frå dei typiske ekteskapsmigrasjonslanda Thailand, Russland og Filippinane, viser at mange er busett i mindre sentrale strok (sjå kapittel 2). Mellom anna var det 14 prosent av dei med bakgrunn frå Thailand og Russland som budde i Oslo, som berre er litt over snittet av dei som bur i Oslo for heile befolkninga. I mindre sentrale strok kan det vere eit mannsoverskott. Jentene flyttar ut for å ta utdanning og jobbe, medan mennene blir verande. Transnasjonale ekteskap kan for nokon vere ei løysing på dette.

Medan nær tre av ti kvinner som kom på grunnlag av ei familieetablering i løpet av perioden 1990-2006 frå Asia busette seg i Oslo, gjaldt dette 11 prosent av dei thailandske kvinnene og 9 prosent av dei filippinske. Det vil seie at dei i mykje større grad busette seg med ein ankerperson frå andre områder i Noreg, og til dømes var det 2 prosent av dei thailandske kvinnene som busette seg i Karmøy. For dei russiske kvinnene var det 9 prosent som busette seg i Oslo, medan til saman 10 prosent busette seg i Tromsø, Sør-Varanger og Alta til saman (sjå vedleggstabell 24).

## **6.5. Eit faktabasert kunnskapsgrunnlag**

Vi har i denne rapporten understreka samanhengen mellom ekteskapsmønster og migrasjon. Ekteskapsmønster gir viktig kunnskap om viktige sider ved innvandringa til Noreg. Innvandring og ekteskapsmønster vil på si side påverke samansetnaden i befolkninga i Noreg. I rapporten har vi sett mest på omfanget av transnasjonale ekteskapsinngåingar og familieetableringar, etter alder, kjønn, ankerperson, etc. Dette gir verdifull kunnskap om dei ulike mønstra og vi kan sjå endringar over tid.

### **Familieetableringar og transnasjonale ekteskap – utvikling over tid.**

Mønstra er viktig å følgje vidare. Med utgangspunkt i denne rapporten (og Rapport 2006/29 og Rapport 2004/1) kan det vere nyttig å etablere nokon faste tabellar som kan følgje utviklinga i omfanget av transnasjonale giftarmål, familieetableringar og familiesameiningar. Vil nedgangen vi har sette blant dei transnasjonale ekteskapsinngåingane, vedvare? Kva utvikling vil vi sjå i dei neste åra? Blir det færre eller fleire unge ankerpersonar? Vil trenden med at det blir færre norskfødde med innvandrarforeldre frå Pakistan som giftar seg transnasjonalt, halde fram?

### **Innvandringsgrunn**

Datagrunnlaget om innvandringsgrunn kan utnyttast på fleire og andre måtar enn det vi har hatt rom for her. Datagrunnlaget er førebels relativt nytt, og det er mange måtar å arbeide vidare med dette både innan analyser av transnasjonale ekteskapsmønster (t.d. alder ved innvandring), men også ved å bruke innvandringsgrunn i analyser av andre område for levkår (t.d. sysselsetting, inntekt etc.).

### **Innvandrarar – kva betydning har alder ved innvandring?**

I denne rapporten har vi sett ein del på alder for norskfødde med innvandrarforeldre, men ikkje sett på dei same mønstra for innvandrarar som innvandra før skulealder samanlikna med dei som innvandra som vaksne. Har dei som innvandra som barn eit mønster som liknar meir på mønsteret vi ser blant norskfødde med innvandrarforeldre enn innvandrarar som kom som vaksne? Det er grunn til å tru at dette er tilfelle, og det blei gjort ein del skildringar av dette i Daugstad 2006a.

**Skilsmisser – på tide med meir komplekse analyser?**

Skilsmisser er ei viktig side av ekteskaps- og pardanningsmønster. I denne rapporten har vi ikkje sett på skilsmisser, men dette blei gjort i Daugstad 2006a og Lie 2004. Her blei det sett på skilsmisrefrekvens regna ut frå kor lenge ekteskapa hadde vara (0-2 år, 3-5 år og 6 år eller lengre). I desse enkle analysane kom det fram at ekteskap mellom kvinner i befolkninga elles og menn med bakgrunn frå Asia og Afrika var mest utsett for skilsmisse. Ekteskap mellom menn i befolkninga elles og kvinner med bakgrunn frå Asia var langt meir stabile, og også ekteskap mellom to innvandrarakar med same landbakgrunn.

Datamaterialet til å gjere komplekse analyser av skilsmissemønster i ulike innvandrargrupper har hittil vore for lite. Men etter kvart som populasjonen av gifte har blitt større, er det også fleire som blir eksponert og talet på eksponerte år blir fleire, så kan det truleg gjerast meir findelte analyser etter ekteskapets varigheit. I kva grupper byrjar dei med skilsmisser tidleg? Er dei tverrnasjonale ekteskapa mest utsett for skilsmisse?

## Referanser

- Barne- og likestillingsdepartementet (2007): Handlingsplan mot tvangsekteskap 2008-2011
- Blom, Svein og Kristin Henriksen (2008): *Levekår blant innvandrere i Norge 2005/2006*, Rapportar 2008/5, Statistisk sentralbyrå
- Bredal, Anja (2007): Frivillighet og tvang i arrangerte ekteskap, i: *Tvangsekteskap. Hva er tvangsekteskap?* Oslo kommune, Byrådet
- Bredal, Anja og Lill Salole Skjerven (2007): *Tvangsekteskapsaker i hjelpeapparatet. Omfang og utfordringer*, Senter for kvinne- og kjønnsforskning
- Bredal, Anja (2006): *"Vi er jo en familie". Arrangerte ekteskap, autonomi og fellesskap blant unge norsk-asiater*. Oslo: Unipax
- Brunowskis, Anette og Guri Tyldum (2004): *Crossing borders. An empirical Study of Transnational Prostitution and Trafficking in Human Beings*, Fafo-report 426
- Daugstad, Gunnlaug (2008): Transnasjonal kjærleik i globaliseringa si tid. I: *Integreringskart2008. Tvangsekteskap – en kunnskapsstatus*, IMDi-rapport 6-2008. Integrerings- og mangfoldsdirektoratet
- Daugstad, Gunnlaug (2008): Koner frå Thailand og ektemenn frå Tyrkia, i: *Samfunnsspeilet* 4/2008, Statistisk sentralbyrå
- Daugstad, Gunnlaug (2006a): *Grenseløs kjærlighet? Familieinnvandring og ekteskapsmønster i det flerkulturelle Norge*, Rapportar 2006/39, Statistisk sentralbyrå
- Daugstad, Gunnlaug (2006b). Hvem gifter innvandrere i Norge seg med? *Samfunnsspeilet* 4/2006, Statistisk sentralbyrå
- Daugstad, Gunnlaug og Toril Sandnes (2008): *Gender and migration. Similarities and disparities among women and men in the immigrant population*. Rapportar 2008/10, Statistisk sentralbyrå
- Flemmen, Anne Britt (2008): Transnational Marriages – Empirical Complexities and Theoretical Challenges. An Exploration of Intersectionalities. I: *NORA*, Vol.16, No 2, 114-129, June 2008.
- González-Ferrer, Amparo (2006): Who do immigrants Marry? Partner Choice Among Single Immigrants in Germany, i: *European Sociological Review*, Volume 22/number 2/2006.
- Henriksen, Kristin (2007): *Fakta om 18 innvandregrupper i Norge*, Rapportar 2007/29, Statistisk sentralbyrå
- Hylland Eriksen, Thomas (1993): *Små steder - store spørsmål. Innføring i sosialantropologi*, Universitetsforlaget, Oslo.
- Honest Thinking (2007): *Rapport om SSBs fremskrivninger*, <http://www.honestthinking.org/no>
- Huitfeldt, Anniken og Hanne Cecilie Kavli (2004): *Det globale ekteskapsmarkedet. Ekteskap mellom norske menn og utenlandske kvinner – kunnskapsstatus og kunnskapsbehov*. Fafo-notat 2004:23. Oslo: Fafo

Kalmijn, Matthijs (1998): Intermarriage and Homogamy: Causes, Patterns, Trends, I: *Annual Review of Sociology*, 24/1998.

Karlsen, Rita (2007): Ekteskapmønsteret snudd opp-ned i Danmark, <http://www.rights.no/publisher/publisher.asp?id=32&tekstid=912>

Lie, Benedicte (2004): *Ekteskapsmønster i det flerkulturelle Norge*. Rapporter 2004/1, Statistisk sentralbyrå

Lidén, Hilde (2005): *Transnasjonale serieekteskap. Art, omfang og kompleksitet*. Rapport 2005:11, Oslo: Institutt for samfunnsforskning

Lotherington, Ann Therese (2007): Over grensen. Kontruksjoner av likestilling og norskhet i russisk-norske familier, i: *Tidsskrift for kjønnsforskning*

Løwe, Torkil (2008): *Levekår blant unge med innvandrerbakgrunn. Unge oppvokst i Norge med foreldre fra Pakistan, Tyrkia og Vietnam*, Rapporter 2008/14, Statistisk sentralbyrå

NOU 2004:20: Ny Utlendingslov, Kommunal og Regionaldepartementet.

Ot.prp.nr 75 (2006-2007): Om lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her i landet (utlendingsloven), Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Rodriguez-Garcia, Dan (2006): Mixed Marriages and Transnational Families in the Intercultural Context: A Case Study of African-Spanish Couples in Catalonia. I: *Journal of Ethnic and Migration Studies*, Vol. 32, No. 3, April 2006, pp. 403-/433.

Skyt Nielsen, Helena, Nina Smith og Aycan Celikakoys (2007): *The effect of Marriage on Education of Immigrants: Evidence from a Policy Reform Restricting Spouse Import*, IZA DP No 2899, Forschungsinstitut zur Zukunft der Arbeit

Schmidt, Garbi og Vibeke Jacobsen (2004): *Pardannelser blant etniske minoriteter i Danmark*, Socialforskningsinstituttet 04:09, København

Storhaug, Hege (2006): *Men størst av alt er friheten. Om innvandringens konsekvenser*. Kagge forlag.

Spurkland, Marte (2007): *Skjebnereisen. En norsk-russisk kjærlighetshistorie*, Damm forlag, Oslo

Torbjørnsrud, Berit (red) (2005): *Evig din? Ekteskaps- og samlivstradisjoner i det flerreligiøse Norge*. Abstrakt forlag

Østby, Lars (2004): Innvandrere i Norge – Hvem er de, og hvordan går det med dem? Del I Demografi, Notat 65/2004, Statistisk sentralbyrå

Østby, Lars (2002): *The demographic characteristics of immigrant population in Norway*, Rapporter 2002/22, Statistisk sentralbyrå

TV-Norge: [http://www.tvnorge.no/programportaler/et\\_lite\\_stykke\\_thailand](http://www.tvnorge.no/programportaler/et_lite_stykke_thailand)

Statistisk sentralbyrå (2007): Innvandrerbefolkningen, etter innvandringsgrunn, 1. januar 2007 <http://www.ssb.no/emner/02/01/10/innvgrunn/>

#### **Avisartiklar**

Aftenposten 4. april 2008: "Fleire tas for gifte-juks"

Aftenposten 10 juni 2008: "Tvangsekteskap meldes oftere"

Aftenposten 11. juni 2008: "Mødre ønsker å godkjenne ektefelle"

Aftenposten 23. juni 2008: "Solen skinte, men ikkje hos meg"

## Tabellar

**Tabell A1. Førstegongsinnflyttingar blant innvandrarak med ikkje-nordisk statsborgarskap, etter innvandringsgrunn, innflyttingsår og første statsborgarskap. 1990-2006**

	I alt	Arbeid	Familie	Flukt	Utdanning	Andre
I alt 1990-2006	283 713	45 736	122 494	81 988	31 906	1 589
1990	11 040	1 013	4 568	4 214	975	270
1991	11 069	1 053	4 387	4 523	1 020	86
1992	12 227	1 146	4 906	5 023	1 100	52
1993	16 770	1 156	4 790	9 603	1 175	46
1994	11 335	1 169	4 330	4 577	1 194	65
1995	10 222	1 349	4 466	3 057	1 281	69
1996	9 680	1 430	4 748	1 951	1 462	89
1997	11 548	1 792	6 021	2 080	1 547	108
1998	14 409	2 416	6 992	3 095	1 801	105
1999	22 130	2 001	7 614	10 501	1 918	96
2000	18 948	1 901	7 735	7 126	2 103	83
2001	17 293	2 303	8 469	4 198	2 222	101
2002	22 612	2 639	12 948	4 434	2 503	88
2003	19 797	2 339	9 278	5 512	2 601	67
2004	21 249	4 012	9 332	5 063	2 757	85
2005	23 922	6 339	10 555	3 916	3 024	88
2006	29 462	11 678	11 355	3 115	3 223	91
Første statsborgarskap frå Vest-Europa, Nord-Amerika eller Oseania						
I alt	61 283	26 150	24 764	181	9 085	1 103
1990	2 279	679	1 144	20	343	93
1991	2 583	788	1 314	21	436	24
1992	2 799	911	1 426	23	419	20
1993	2 970	985	1 388	33	532	32
1994	2 672	966	1 203	11	433	59
1995	2 987	1 169	1 251	6	497	64
1996	3 210	1 225	1 375	3	524	83
1997	3 812	1 582	1 612	2	533	83
1998	4 510	2 080	1 761	6	571	92
1999	3 832	1 717	1 425	3	602	85
2000	3 622	1 588	1 379	3	591	61
2001	3 897	1 745	1 515	11	544	82
2002	3 886	1 722	1 510	8	571	75
2003	3 380	1 605	1 198	10	517	50
2004	4 197	1 993	1 523	9	603	69
2005	4 713	2 306	1 731	7	606	63
2006	5 934	3 089	2 009	5	763	68
Første statsborgarskap frå Asia, Afrika, Aust-Europa eller Latin-Amerika						
I alt	222 430	19 586	97 730	81 807	22 821	486
1990	8 761	334	3 424	4 194	632	177
1991	8 486	265	3 073	4 502	584	62
1992	9 428	235	3 480	5 000	681	32
1993	13 800	171	3 402	9 570	643	14
1994	8 663	203	3 127	4 566	761	6
1995	7 235	180	3 215	3 051	784	5
1996	6 470	205	3 373	1 948	938	6
1997	7 736	210	4 409	2 078	1 014	25
1998	9 899	336	5 231	3 089	1 230	13
1999	18 298	284	6 189	10 498	1 316	11
2000	15 326	313	6 356	7 123	1 512	22
2001	13 396	558	6 954	4 187	1 678	19
2002	18 726	917	11 438	4 426	1 932	13
2003	16 417	734	8 080	5 502	2 084	17
2004	17 052	2 019	7 809	5 054	2 154	16
2005	19 209	4 033	8 824	3 909	2 418	25
2006	23 528	8 589	9 346	3 110	2 460	23

**Tabell A2. Førstegongsinnflyttingar blant innvandrarak med ikkje-nordisk statsborgarskap, etter første statsborgarskap og innvandringsgrunn. 1990-2006**

	I alt	Arbeid	Familie		Flukt	Utdanning	Andre
			Familie i alt	Herav familie- innvandra til flyktning			
I alt	283 713	45 736	122 494	32 790	81 988	31 906	1 589
Europa	131 930	37 565	44 165	4 821	34 126	15 102	972
Asia	87 064	2 597	46 997	18 227	29 188	8 088	194
Afrika	38 589	689	16 396	8 404	17 067	4 380	57
Nord- og Mellom Amerika	15 693	3 768	8 971	175	127	2 517	310
Sør- Amerika	6 427	372	4 458	780	470	1 102	25
Oseania	2 380	734	976	13	8	633	29
Statslause	1 630	11	531	370	1 002	84	2
<b>Utvalde land</b>							
Irak	18 292	17	7 321	6 958	10 948	5	1
Serbia og Montenegro#1	17 227	284	2 386	1 307	14 300	245	12
Polen	16 531	10 126	5 050	191	182	1 134	39
Somalia	15 626	3	6 409	5 815	9 211	2	1
Bosnia-Hercegovina	14 710	79	1 203	944	13 357	64	7
Tyskland	14 269	7 138	4 082	48	19	2 763	267
Russland	12 749	778	6 411	585	3 443	2 055	62
Storbritannia	12 648	6 398	5 472	44	30	522	226
USA	11 239	3 149	6 065	48	56	1 708	261
Iran	8 777	82	2 714	2 148	5 850	129	2
Thailand	8 162	39	7 702	101	95	309	17
Pakistan	7 433	101	6 596	697	386	278	72
Filippinane	6 844	381	4 341	64	156	1 938	28
Afghanistan	6 424	2	2 212	2 094	4 204	5	1
Tyrkia	6 219	142	5 436	856	409	199	33
Vietnam	6 088	44	3 498	2 210	2 334	203	9
Sri Lanka	5 948	58	3 733	2 505	1 749	400	8
Kina	5 464	530	2 359	161	303	2 257	15
Nederland	5 411	2 406	2 443	34	10	447	105
Frankrike	5 057	2 266	2 015	25	16	715	45
Litauen	3 767	1 864	1 000	20	9	889	5
Etiopia	3 539	30	1 219	831	1 640	646	4
India	3 433	606	2 136	193	86	588	17
Marokko	2 624	23	2 410	179	82	88	21
Romania	2 225	223	1 019	98	231	746	6
Kroatia	2 082	109	472	202	1 434	65	2
Brasil	2 031	165	1 476	11	14	370	6
Italia	1 987	937	549	9	8	455	38
Canada	1 955	495	1 051	.	2	372	35
Ghana	1 909	29	978	243	35	863	4
Australia	1 844	625	728	13	4	460	27
Spania	1 800	634	522	10	11	604	29

<sup>1</sup> Serbia og Montenegro blei delt 1.november 2006, men er her slått saman.

**Tabell A3. Førstegongsinnvandringar blant innvandrarak med ikkje-nordisk statsborgarskap, etter statsborgarskap og innvandringsgrunn. 2006**

	I alt	Arbeid	Familie		Flukt	Utdanning	Andre
			Familie i alt	Herav familie- innvandra til flyktning			
I alt	29 462	11 678	11 355	2 546	3 115	3 223	91
Europa	17 098	10 525	4 697	272	490	1 329	57
Asia	6 934	529	3 887	1 191	1 320	1 188	10
Afrika	3 323	147	1 590	952	1 196	385	5
Nord- og Mellom Amerika	963	260	502	9	5	180	16
Sør- Amerika	668	86	475	26	4	102	1
Oseania	260	129	97	4	.	32	2
Statslause	216	2	107	92	100	7	.
<b>Utvalde land:</b>							
Polen	7 278	5 820	1 377	5	2	77	2
Tyskland	2 119	1 296	556	5	-	256	11
Litauen	1 277	957	287	1	-	33	-
Somalia	1 103	-	669	637	433	-	1
Rusland	1 012	70	404	25	343	193	2
Filippinane	1 012	78	376	3	111	446	1
Thailand	993	7	913	-	26	47	-
Storbritannia	788	428	319	3	-	24	17
Nederland	725	330	356	-	-	23	16
Irak	725	1	450	397	272	1	1
USA	611	185	303	2	3	107	13
Afghanistan	568	-	363	344	205	-	-
Kina	560	76	195	17	32	257	-
Burma	523	-	73	71	449	.	1
India	502	213	222	4	2	65	-
Frankrike	436	229	128	-	-	77	2
Pakistan	431	9	356	31	24	42	-

**Tabell A4. Førstegongsinnvandringar blant innvandrarak med ikkje-nordisk statsborgarskap, etter innvandringsgrunn, innflyttingsår og busett 1. januar 2007.**

	I alt	Busett 1. januar 2007	Prosent busette per 1. januar 2007
<b>Innvandringsgrunn: arbeid</b>			
I alt	45 736	28 803	63
1990	1 013	272	27
1991	1 053	236	22
1992	1 146	248	22
1993	1 156	210	18
1994	1 169	308	26
1995	1 349	378	28
1996	1 430	407	28
1997	1 792	612	34
1998	2 416	853	35
1999	2 001	744	37
2000	1 901	837	44
2001	2 303	1 125	49
2002	2 639	1 518	58
2003	2 339	1 476	63
2004	4 012	2 877	72
2005	6 339	5 233	83
2006	11 678	11 469	98
<b>Innvandringsgrunn: familie</b>			
I alt	122 494	98 059	80
1990	4 568	3 104	68
1991	4 387	2 801	64
1992	4 906	3 309	67
1993	4 790	3 178	66
1994	4 330	2 993	69
1995	4 466	3 163	71
1996	4 748	3 235	68
1997	6 021	4 293	71
1998	6 992	5 083	73
1999	7 614	5 888	77
2000	7 735	6 139	79
2001	8 469	6 678	79
2002	12 948	10 913	84
2003	9 278	7 965	86
2004	9 332	8 261	89
2005	10 555	9 827	93
2006	11 355	11 229	99
<b>Innvandringsgrunn: flukt</b>			
I alt	81 988	66 892	82
1990	4 214	2 824	67
1991	4 523	3 070	68
1992	5 023	3 601	72
1993	9 603	7 180	75
1994	4 577	3 693	81
1995	3 057	2 627	86
1996	1 951	1 620	83
1997	2 080	1 821	88
1998	3 095	2 783	90
1999	10 501	6 358	61
2000	7 126	5 727	80
2001	4 198	3 977	95
2002	4 434	4 226	95
2003	5 512	5 395	98
2004	5 063	5 007	99
2005	3 916	3 873	99
2006	3 115	3 110	100
<b>Innvandringsgrunn: utdanning</b>			
I alt	31 906	11 981	38
1990	975	221	23
1991	1 020	234	23
1992	1 100	201	18
1993	1 175	219	19
1994	1 194	212	18
1995	1 281	219	17
1996	1 462	295	20
1997	1 547	321	21
1998	1 801	355	20
1999	1 918	447	23
2000	2 103	556	26
2001	2 222	641	29
2002	2 503	819	33
2003	2 601	879	34
2004	2 757	1 173	43
2005	3 024	2 092	69
2006	3 223	3 097	96

**Tabell A5. Førstegongsvandringar blant innvandrarakar med ikkje-nordisk statsborgarskap med familie som innvandringsgrunn, etter familieforeningstype, ankerpersonen sin innvandringskategori og statsborgarskap. 1990-2006**

	Familieinnvandring i alt	Attforeining og medfølging	Familieetablering i alt	Ankerpersonen sin innvandrarkategori	
				Innvandrar eller norskfødd med innvandrarforeldre	Person i befolkninga elles
I alt	122 494	71 274	51 220	22 098	29 122
Utvalde land					
Thailand	7 702	2 540	5 162	265	4 897
Irak	7 321	6 317	1 004	965	39
Pakistan	6 596	2 754	3 842	3 696	146
Russland	6 411	3 300	3 111	512	2 599
Somalia	6 409	5 860	549	541	8
USA	6 065	3 684	2 381	167	2 214
Storbritannia	5 472	3 997	1 475	246	1 229
Tyrkia	5 436	2 174	3 262	2 085	1 177
Polen	5 050	3 290	1 760	515	1 245
Filippinene	4 341	1 648	2 693	335	2 358
Tyskland	4 082	3 281	801	183	618
Sri Lanka	3 733	2 279	1 454	1 396	58
Vietnam	3 498	1 876	1 622	1 387	235
Iran	2 714	1 586	1 128	1 014	114
Nederland	2 443	2 119	324	67	257
Marokko	2 410	779	1 631	1 001	630
Serbia og Montenegro <sup>2</sup>	2 425	1 148	1 277	993	284
Kina	2 359	1 519	840	494	346
Afghanistan	2 212	1 929	283	266	17
India	2 136	1 052	1 084	930	154

<sup>1</sup> Serbia og Montenegro blei delt 1. november 2006, men er her slått saman.

**Tabell A6. Førstegongsvandringar blant innvandrarakar med ikkje-nordisk statsborgarskap med familie som innvandringsgrunn, etter familieforeningstype, ankerpersonen sin innvandringskategori og statsborgarskap. 2006**

	Familieinnvandring i alt	Attforeining og medfølging	Familieetablering i alt	Ankerpersonen sin innvandrarkategori	
				Innvandrar eller norskfødd med innvandrarforeldre	Person i befolkninga elles
I alt	11 355	6 869	4 486	1 924	2 562
Utvalde land					
Polen	1 377	1 241	136	99	37
Thailand	913	310	603	23	580
Somalia	669	579	90	90	<sup>30</sup>
Tyskland	556	483	73	31	42
Irak	450	300	150	146	4
Russland	404	183	221	28	193
Filippinene	376	144	232	26	206
Afghanistan	363	288	75	68	7
Pakistan	356	117	239	235	4
Nederland	356	329	27	5	22
Storbritannia	319	217	102	18	84
USA	303	147	156	13	143
Litauen	287	248	39	18	21
Tyrkia	267	76	191	102	89
Brasil	241	61	180	13	167
India	222	151	71	64	7
Kina	195	119	76	36	40
Vietnam	185	77	108	86	22
Iran	160	77	83	74	9
Sri Lanka	144	81	63	57	6
Serbia og Montenegro <sup>1</sup>	142	37	134	109	25
Etiopia	132	97	35	31	4
Frankrike	128	103	25	6	19
Ukraina	107	55	52	7	45
Marokko	103	22	81	62	19
Chile	87	29	58	29	29
Bosnia-Hercegovina	86	32	54	51	3
Romania	84	27	57	12	45

<sup>1</sup> Serbia og Montenegro ble delt 1. november 2006, men er her slått saman.

**Tabell A7. Førstegongsinnvandringer blant innvandrere med ikkje-nordisk statsborgarskap med familie som innvandringsgrunn, etter familieforeningstype, ankerpersonens innvandringskategori og år. 1990-2006**

	Familieinnvandring i alt	Attforening og medfølging i alt	Familieetablering i alt	Ankerpersonens sin innvandrarkategori ved familieetablering		
				Innvandrere	Norskfødde med innvandrereforeldre	Person i befolkninga elles
I alt	122 494	71 274	51 220	20 398	1 700	29 122
1990	4 568	3 298	1 270	535	3	732
1991	4 387	2 956	1 431	568	4	859
1992	4 906	3 215	1 691	661	8	1 022
1993	4 790	3 363	1 427	498	12	917
1994	4 330	2 690	1 640	693	15	932
1995	4 466	2 470	1 996	937	31	1 028
1996	4 748	2 625	2 123	1 006	48	1 069
1997	6 021	3 329	2 692	1 264	84	1 344
1998	6 992	3 923	3 069	1 453	110	1 506
1999	7 614	4 334	3 280	1 437	122	1 721
2000	7 735	4 414	3 321	1 228	126	1 967
2001	8 469	4 573	3 896	1 377	160	2 359
2002	12 948	8 083	4 865	1 902	167	2 796
2003	9 278	4 844	4 434	1 522	203	2 709
2004	9 332	4 535	4 797	1 720	218	2 859
2005	10 555	5 753	4 802	1 841	221	2 740
2006	11 355	6 869	4 486	1 756	168	2 562
<b>Menn, i alt</b>	<b>42 504</b>	<b>27 945</b>	<b>14 559</b>	<b>5 026</b>	<b>962</b>	<b>8 571</b>
1990	1 628	1 263	365	113	1	251
1991	1 624	1 155	469	125	2	342
1992	1 704	1 185	519	126	6	387
1993	1 708	1 227	481	105	8	368
1994	1 457	981	476	133	8	335
1995	1 461	891	570	197	20	353
1996	1 509	956	553	168	33	352
1997	2 064	1 271	793	247	57	489
1998	2 450	1 536	914	301	67	546
1999	2 714	1 773	941	343	73	525
2000	2 758	1 780	978	304	81	593
2001	2 987	1 831	1 156	405	100	651
2002	4 634	3 313	1 321	509	90	722
2003	3 185	1 981	1 204	434	107	663
